

Raset frå Ramnefjell

Reaksjonar og tiltak etter Lodalsulykka i 1936



Else Marit Hatledal

Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, konservering og historie (IAKH)
Universitetet i Oslo
Hausten 2014

Forord

Når eg no avsluttar arbeidet med masteroppgåva mi, er det fleire eg ønskjer å takke for hjelpa dei har gjeve meg. Aller først vil eg takke rettleiaren min, Finn Erhard Johannessen, for gode og nyttige tilbakemeldingar, og for hjelp med å få ein god struktur på oppgåva.

Eg vil og takke mi søster Kristin for å ha lest gjennom oppgåva mi, og for å ha kome med mange nyttige kommentarar.

Ein stor takk til familie og venar som har kome med oppmuntrande ord undervegs.

Eg vil også få takke Magnus for støtte og oppmuntring, og min son Jonas for tolmodigheit.

Innhald

Forord	2
Forkortinger	5
Kapittel 1: Innleiing.....	6
Utgangspunkt.....	6
Problemstillingar	7
Hjelp til dei råka	7
Økonomisk støtte.....	7
Mediehending.....	8
Vidare busetnad i Lodalen, eller fråflytting?.....	8
Kjelder.....	8
Arkivmateriell	8
Aviser	9
Andre kjelder	10
Kjeldekritiske utfordringar	10
Metode.....	11
Disposition.....	13
Kapittel 2: Lodalsulykka	15
Lodalsulykka i 1936.....	15
Lodalsulykka i 1905.....	17
Tafjordulykka i 1934.....	18
Korleis reagerte dei råka på ulykkene?.....	19
Bakgrunn for rasa og utviklinga av bølgjene	22
Samandrag	23
Kapittel 3: Katastrofehjelp.....	25
Den første hjelpa kom frå nærmiljøet	25
Regjeringa sin redningsaksjon	29
Andre flyaksjonar	30
Eit statleg ansvar?.....	32
Beredskap	32
Skredførebygging.....	33
Samandrag	35
Kapittel 4: Økonomisk støtte etter Lodalsulykka	38
Kva hjelpetiltak fanst det frå før?	38
Kvífor blei det sett i gang private innsamlingsaksjonar til fordel for dei skadelidne? ..	39
Innsamlingsaksjonane	41
Kven var det som bidrog med midlar?	41
Løyvingar frå styresmaktene.....	45
Kvífor vart denne innsamlinga så stor i forhold til 1905-innsamlinga?	46
Samandrag	47
Kapittel 5: Loenmidlane.....	49
Retningslinjer og utdeling	49
Kritikk mot bruken av Loenmidlane	52
Var det grunnlag for kritikken?	55
Samandrag	57

Kapittel 6: Avisene si handsaming av ulykka	59
Hovudfokus for avisene.....	59
Gravferdene som mediehending.....	61
Avisene si rolle i innsamlingsaksjonane.....	62
Ny busetnad i Lodalen	64
Samandrag	66
Kapittel 7: Tida etter ulykka.....	68
Tiltak for å sikre vidare busetnad kring Lovatnet.	68
Skulle det byggast oppatt eller ikkje?.....	72
Fråflytting.....	73
Samandrag	75
Kapittel 8: Konklusjon	76
Hjelpeaksjonane: Kven, kva, kvifor?	76
Innsamlingsaksjonane: ein reaksjon på manglande støtte hos styresmaktene?	77
Loenmidlane.....	78
Kva rolle tok avisene?	78
Busetnad eller fråflytting?.....	79
Avslutning	79
Kjelde- og litteraturliste	81

Forkortinger

NGI – Norges Geologiske Institutt

NGU - Norges Geologiske Undersøkelse

Kapittel 1: Innleiing

I denne oppgåva har eg teke føre meg reaksjonar og tiltak som kom etter Lodalsulykka i 1936.¹ Med oppgåva har eg ønskt å setje eit fokus på kva som skjedde etter ulykka, med tanke på publisitet, hjelp og støtte til dei råka.

Lodalsulykka i 1936 er blant dei største naturkatastrofane som har råka Noreg i moderne tid. Eit ras på omrent 1 million m³ raste ut frå Ramnefjell i Lodalen i Stryn kommune. Dette raset utløyste fleire flodbølgjer som skapte store øydeleggingar. 74 menneske omkom i ulykka. Denne ulykka var ikkje den første prøvinga befolkninga i Lodalen hadde blitt utsett for. 31 år tidlegare gjekk det eit liknande skred på same staden. Dette skredet var mindre, men førte til store skader. 61 menneske mista livet. Hovudfokus i oppgåva vil vere Lodalsulykka i 1936, men eg kjem til å bruke Lodalsulykka i 1905, samt Tafjordulykka i 1934 som eit samanlikningsgrunnlag gjennom oppgåva.

Ei av årsakene til at eg ønskte å skrive denne oppgåva var at den har stor lokalhistorisk interesse for meg. Eg er sjølv frå same kommune som ulykkene skjedde, og har fleire ganger hørt om desse rasa under oppveksten. Samtidig har eg sjeldan fått høre noko meir utfyllande enn at det gjekk to fjellskred som botna ut i flodbølgjer. Det har vore lite informasjon å finne for den som ønskte å vite meir. Med denne oppgåva håpar eg å kunne setje lys på eit tema som delvis er gått i gløymeboka for mange. Målet med oppgåva er å kunne seie noko om dei reaksjonane og tiltaka som kom frå det offentlege og storsamfunnet etter ulykkene.

Utgangspunkt

Det er skrive noko om sjølve Lodalsulykkene, men med tanke på omfanget ulykkene hadde, og at det berre er litt over 100 år sidan den første ulykka, er det overraskande lite som er forska på dei. Dreg ein parallellellar til Tafjordulykka i 1934, der 40 menneske omkom, er det skrive langt meir om den enn om Lodalsulykkene.

¹ Somme omtaler ulykkene i Lodalen som Loenulykkene, andre som Lodalsulykkene. Lodalen og Loen er to forskjellige plassar, sjølv om dei ligg nært kvarandre. Eg meiner derfor at det korrekte er å omtale dei som Lodalsulykkene, og det er denne termen eg kjem til å nytte meg av i oppgåva.

Så vidt eg kan sjå er det ikkje blitt utført noko grundig undersøking av, eller systematisering av tiltaka for dei ramma av rasa. Historikar Irene Ledesma har, i sin studie av korleis samfunn kjem seg vidare etter slike katastrofar, har kritisert historikarar for å over lang tid ha ignorert naturkatastrofar og følgjene desse har på lokalsamfunna.² Det same har skredhistorikar Astor Furseth peika på. Han viser til at sjølv om naturkatastrofar og andre større ulykker har hatt stor innverknad på samfunnsliv og regionar, har ikkje slike hendingar fått noko stor plass i historiebökene. Unntaket er større epidemiar som til dømes Svartedauden.³ Han siterar den finske historikaren Jussi Hanska på at ”sjølv om dei forskjellige naturkatastrofane har vore både hyppige og særsmakta omfattande, har det vore ein tendens i historisk forsking og i historieverk å oversjå dei.”⁴ Furseth viser vidare til at det heller ikkje i nyare historieverk blir vist noko interesse for naturkatastrofar som ein del av historieutviklinga.⁵ Eg meiner derfor at det er viktig å forske meir på dette temaet, og vere med på å gjere det meir synleg innan historiefaget.

Problemstillingar

Som ei hovudproblemstilling har eg valt å sjå på reaksjonar og tiltak etter Lodalsulykka i 1936. Dette er ei problemstilling som kan femne om mykje, og eg har derfor valt nokre underproblemstillingar som skal vere med på å spisse og avgrense hovudproblemstillinga.

Hjelp til dei råka

Etter Lodalsulykka var den frivillige innsatsen for å hjelpe dei som vart råka av ulykka stor. Korleis arta dette umiddelbare hjelpearbeidet seg? Kven var det som stod for denne hjelpa og kvifor stilte dei opp? Frå regjeringa vart det sendt ein hjelpeekspedisjon til Lodalen. I kva grad var styresmaktene budde på denne type ulykker, og hadde dei eit ansvar for å hjelpe dei råka? Også frå private initiativ utanfor distriktet kom det hjelpeekspedisjonar. Kven var det som stod bak desse, kva gjorde dei, og kva var drivkrafta deira for å reise til Lodalen?

Økonomisk støtte

Etter ulykka kom det inn store donasjonar til dei skadelidne. Mesteparten av desse vart samla inn på privat initiativ. Kvifor vart det sett i gang private innsamlingsaksjonar for dei råka? Kven var det som bidrog med midlar, og kva var motivasjonen deira for dette? Styresmaktene

² Kitch, Carolyn og Hume, Janice, 2008. *Journalism in a Culture of Grief*. Routledge. New York: 5.

³ Furseth, Astor. 2009: *Dommedagsfjellet. Tafjordulykka 75 år etter*. Oslo. Samlaget: 121.

⁴ Furseth, 2009: 121.

⁵ Furseth, 2009: 121.

sendte òg pengar til lindring av umiddelbar naud, men beløpet var lite samanlikna med det som kom inn gjennom dei private innsamlingane. Kva kan vere grunnen til denne forskjellen? I denne samanhengen er det òg interessant å sjå kva hjelpetiltak som fanst frå før. Også etter Lodalsulykka i 1905 vart det sett i gang innsamlingsaksjonar for dei råka, men i desse kom det inn vesentlig mindre enn i aksjonane 31 år seinare. Kva kan vere grunnen til denne forskjellen?

Korleis vart dei innkomne midlane fordelt, kven stod for denne fordelinga? I etterkant kom det ein del kritikk retta mot utdelingane. Kva gjekk denne kritikken ut på, og var den rettkomen?

Mediehending

Lodalsulykka vart ei mediehending. Det same hadde Tafjordulykka to år tidlegare vorte. Kvifor fekk ulykka så stor merksemd i media? Kva var det avisene fokuserte på, og kva var grunnen til vinklingane dei valde? Dei store avisene var pågangsdrivarar for innsamlingsaksjonane til fordel for dei skadelidne. Kva kan vere grunnen til at avisene tok på seg denne rolla?

Vidare busetnad i Lodalen, eller fråflytting?

Etter ulykka vart det frå fleire hald diskutert om det burde vere noko vidare busetnad i Lodalen. Hovudsakleg gjaldt dette bruka på Nesdal og i Bødal, som hadde vorte hardast råka. Kva gjorde styresmaktene og dei lokale myndighetene med tanke på tiltak for å hindre liknande ulykker i framtida? Kom det noko forbod mot å busetje seg på Nesdal og Bødal att? Kva låg til grunn for avgjerdene dei råka tok med tanke på vidare busetnad?

Kjelder

I denne oppgåva har eg valt å berre nytte meg av skriftlege kjelder. Med tanke på det temaet eg har valt å granske meiner eg at det har vore mest formålstenleg med skriftlege kjelder. Føremålet har vore å granske reaksjonane som kom etter ulykka, frå det offentlege og frå samfunnet elles. Sidan det ikkje har vore skrive særleg mykje om Lodalsulykka tidlegare har eg i stor grad nytta meg av primærkjelder i arbeidet med oppgåva. Dei kjeldene eg har hatt størst nytte av under arbeidet med oppgåva har vore arkivmateriale og granskning av aviser.

Arkivmateriell

Det arkivmaterialet eg i størst grad har basert oppgåva på er offentlege korrespondansar

mellan Loenutvalet, Stryn kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og styresmaktene. Desse har gjeve meg god innsikt i dei tiltaka som vart sette i gang etter ulykka. Dei har òg gjeve meg svar på ting eg har kome over i avisene som eg har ønskt å få bekrefta eller avkrefta. I tillegg har arkivmateriellet gjeve meg innsikt i ein del saker som ikkje, eller i lita grad, har vorte behandla verken i avisene eg har gått gjennom eller bøkene som omtalar ulykka. Døme på dette er korleis skadane vart takserte, eller arbeidet til Loenutvalet. Alt arkivmateriell som omhandlar Sogn og Fjordane fylkeskommune er samla hos Statsarkivet i Bergen, og det er i hovudsak dette materiellet eg har nytta meg av i samband med oppgåva. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har arkivmateriell knytt til den enkelte kommune, men arbeidet med oppgåva har vist at dei fleste avgjerder var tekne i regi av fylket, ikkje Stryn kommune. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har difor lite arkivmateriell som var vore relevant for denne oppgåva.

Aviser

Oppgåva er i stor grad basert på det avisene skreiv om og hadde fokus på etter ulykka. Det blei tidleg klart for meg at eg måtte gjere eit utval, då svært mange aviser hadde ein grundig omtale av ulykka over lengre tid. Eg har derfor valt å gå gjennom ei gruppe av lokale, regionale og landsdekkjande aviser. I utvalet mitt har eg gått gjennom følgjande aviser: *Aftenposten, Bergens Tidende, Dagbladet, Firda, Firda Tidend, Fjordabladet, Fjordingen, Sundmørsposten og Tidens Tegn*. I tillegg har eg gått gjennom ein del aviser frå 1905, for å danne meg eit bilete av korleis mediedekninga var etter ulykka i 1905.

Arbeidet med desse avisene har vist at det i all hovudsak var dei store, landsdekkjande avisene som skreiv mest om ulykka. Lokalavisene skreiv noko, men samanlikna med dei større avisene var det lite. Ein grunn til dette kan vere at lokalavisene ikkje kom ut så ofte, mens dei større avisene kom ut dagleg. Det ville vere liten vits for mindre aviser å gjenta det andre hadde skrive fleire dagar i førevegen. Lokale aviser, og spesielt lokalavisa for Stryn har vore nyttig i arbeidet. Noko av grunnen til dette er at den hadde innlegg knytt til ulykka i ein lenger periode enn dei andre. Etter at nyhenda si interesse hadde lagt seg, vart Lodalsulykka i lita grad nemnt meir hjå dei større avisene. I lokalavisa *Fjordingen* kan ein med jamne mellomrom, i månadane etter ulykka, komme over lesarinnlegg og artiklar som omhandlar Lodalsulykka på ein eller annan måte. Spesielt misnøye med taksering, utdelinga av Loenmidlane, og ønske om tiltak for å sikre vidare busetnad kjem til syne i desse innlegga.

Dei store avisene hadde ei grundig dekning av ulykka. Avisene skriv stort sett om dei same sakene, men har ulik vinkling. Til dømes var avisa *Dagbladet* opptatt av vidare busetnad og skredførebygging, mens *Aftenposten* skrev mykje om skadeomfang og innsamlingsaksjonar. I arbeidet med avisene har eg hatt god nytte av Nasjonalbiblioteket si mikrofilmsamling.

Andre kjelder

Ved sidan av arkivmateriell og aviser har eg også nytta meg av annan litteratur i arbeidet med oppgåva. Spesielt to bøker har eg hatt god nytte av. Den eine er forfattar Sigurd Nesdal si bok *Lodalen – fager og fårleg*. Denne tek for seg sjølve ulykka, og den umiddelbare tida etterpå sett frå eit lokalt perspektiv. Boka byr på mykje informasjon som kan danne ein bakgrunn for oppgåva. Blant anna inneheld boka fleire skildringar frå dei overlevande, der dei fortel om sine opplevingar under og etter ulykkene. Desse har Nesdal latt stå utan å skrive dei noko om. Dei er såleis gode kjelder til korleis dei einskilde personane opplevde ulykka og tida etterpå.

Den andre boka er Astor Furseth si bok *Dommedagsfjellet. Tafjordulykka 75 år etter*. Sjølv om boka hovudsakleg krinsar kring Tafjordulykka, har eg hatt stor nytte av den. Dette er fordi han tek opp ein del tema i boka som har vore relevante også for Lodalsulykka. Furseth har skrive fleire bøker om skred og naturkatastrofar. Saman har desse bøkene gjeve meg god innsikt både om Lodalsulykka og om skredulykker generelt. Furseth er ikkje utdanna historikar eller geolog, men har stor kunnskap om emnet og har vore mykje nytta som konsulent for Norges Geologiske Institutt og som skribent for geologiske tidskrift.

For å forklare kvifor det raste i Lodalen har eg nytta meg av faglitteratur innan geologi i form av rapportar og undersøkingar av Ramnefjell etter dei to ulykkene. Ved arbeidet med mediekapittelet har eg hatt nytte av journalistikkprofessorane Carolyn Kitch og Janice Hume si bok *Journalism in a Culture of Grief*, ei bok som blant anna tek føre seg korleis media dekker naturkatastrofar og andre ulykker.

Kjeldekritiske utfordringar

Under arbeidet med denne oppgåva har eg tidvis støtt på utfordringar knytt til dei kjeldene eg har nytta meg av. Med alle kjelder er det viktig å ha ei kritisk haldning til den informasjonen ein blir presentert for, og det har vore viktig for meg å undersøke om kjeldene eg har nytta meg av er pålitelige. Sidan eg har valt å skrive om eit tema som få før meg har skrive stort

om, har mangelen på tidlegare litteratur å støtte meg på vore ei utfordring. Samtidig har det vore spennande å skrive ei oppgåve om eit tema det nesten ikkje er skrive noko om tidlegare. Dette har gjeve meg stor fridom til å utforme oppgåva slik eg sjølv har ønska, utan at tidlegare forsking har lagt føringar.

I arbeidet med kjeldene har eg kome over fleire brev til Loenutvalet og fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I dei eg har refererert til, har eg i all hovudsak valt å ikkje bruke namnet til avsendaren. Unntaket er der avsendar samstundes har teke aktivt del i den offentlege debatten, som til dømes i avisinnlegg eller avisintervju.

Ei anna utfordring i arbeidet med oppgåva er slektskapen med ein av medlemmane i Loenutvalet, ordførar Per Lunde, som var min oldefar. Etter Lodalsulykka var han ein sentral aktør med mykje ansvar. Mi framstilling av arbeidet hans kan lett bli farga av dette familieforholdet, spesielt når det gjeld den kritikken som kom mot Loenutvalet. Eg har gjort mitt beste for å halde meg nøytral i forhold til dette.

Metode

Temaet for oppgåva kan klassifiserast som lokalhistorie. Historikar Knut Kjeldstadli definerer lokalhistorie som undersøkingar på lokalt nivå. Han viser til at dette er eit studie anten av eit lokalsamfunn, eller eit fenomen i eit lokalsamfunn.⁶ Denne definisjonen høver godt til oppgåva mi. I oppgåva går eg djupt inn i eit spesifikt tema som hadde stor innverknad på eit lokalsamfunn i Stryn kommune. Ei av oppgåvene som Kjeldstadli tillegger lokalhistoria som disiplin er å bevare fortidsminner.⁷ Dei store ulykkene og katastrofane blir sjeldan nemnt i historieverk.⁸ Denne oppgåva set fokus på eit tema som på mange måtar er i ferd med å gå i gløyme boka for mange.

For å skrive lokalhistorie er det viktig å sjå lokalsamfunnet som ein del av ei større heilheit. Utan å sette ulykka inn i ein nasjonal kontekst, ville det ikkje vore mogleg å skrive om ho. Kjeldstadli peikar på at eit lokalsamfunn ikkje er nokon statisk størrelse. Med det meiner han

⁶ Kjeldstadli, Knut 2007. *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget.* Oslo. Universitetsforlaget: 89.

⁷ Kjelstadli 2007: 90.

⁸ Furseth 2009: 121.

at dersom ein tek føre seg årsaker, må også dei ytre kreftene takast med.⁹ Å skrive historia om Lodalsulykka utan å ta med aktørar og tema som aviser, innsamlingsaksjonane og hjelpeaksjonane ville ikkje vere mogleg.

Historikaren Ottar Dahl viste til at det er viktig å strukturere ei framstilling etter visse relevansekriterier i forhold til det temaet som er valt. Med det meinte han at det er lett å kritisere ei framstilling som trekk inn ”laust og fast”.¹⁰ Eg har kome over mykje interessant i arbeidet med kjeldene som eg har tenkt burde kome fram. Likevel trur eg at eg har klart å halde meg til det temaet og problemstillinga som eg har valt.

Sosiologen Philip Abrams har lansert noko han kallar *forklaringar med detaljar*.¹¹ I dette ligg det at ein historikar gjev ei systematisk forklaring med hovudfokus på det som er viktig i hendinga, framfor å gje ei narrativ forklaring av ein situasjon der han forklarar hendingane i sekvensar.¹² Dette er ein teori eg har nytta meg av, då eg har valt å setje fokus på dei hendingane eg meiner er viktige, sjølv om dei ikkje nødvendigvis vert behandla kronologisk i oppgåva.

I arbeidet med oppgåva følte eg at kvalitative metodar var det som passa best. Eg meiner at denne metoden gjev best innsikt i det temaet eg ønskjer å undersøke. Ulempa med kvalitative undersøkingar er at resultata ikkje er representative for noko anna enn akkurat det undersøkinga tek føre seg. I dette tilfelle har ikkje målet med oppgåva vore å seie noko generelt om reaksjonar og tiltak etter naturkatastrofar, men å seie noko om dei reaksjonane det offentlege og storsamfunnet kom med etter Lodalsulykka i 1936. Såleis meiner eg at kvalitativ metode har vore mest høveleg sidan målet med oppgåva har vore å finne ut av eit spesielt tema som er avgrensa både i tid og stad.

Aviser er ei form for kjelder som har vore mykje nytta i arbeidet med denne oppgåva. Eg har brukt avisar både som levning og som forteljande kjelde. Som levning kan avisar brukast som kjelde for korleis fokuset etter ulykka var, og ikkje minst kva folk tenkte om ulykka i samtida.

⁹ Kjeldstadli 2007: 90-91.

¹⁰ Dahl, Ottar, 1993, *Forklaring og fortelling i historievitenskapen* i historisk tidsskrift 72. Trondheim. Universitetsforlaget.: 67-79.

¹¹ Kjeldstadli 2007: 109.

¹² Kjeldstadli 2007: 108-109.

Som forteljande kjelde kan avisa nyttast for å skape eit bilete av kva som hendte etter ulykka. Kjeldstadli peikar på at det i ei og same kjelde kan finnast element av både levningar og forteljing.¹³

Tidvis har eg nytta meg av komparasjon i arbeidet med oppgåva. Dette har vore nyttig til dømes i kapittel 4 om økonomisk støtte etter ulykka, og i kapittel 6 om media si handsaming. I denne samanheng har det vore mest formålstenleg å dra samanlikningar mot. Dette fordi dei to ulykkene har mange likskapstrekk. Sidan desse ulykkene hendte med berre to års mellomrom, var samfunnsforholda tilnærma like. I oppgåva peikar eg ofte på kva likskapar det var i reaksjonsmønsteret etter desse ulykkene, og kva tiltak som vart sett i gang etter dei. Tidvis var desse samanfallande, men ein kan også sjå at der var visse forskjellar.

Disposisjon

Oppgåva er delt inn i åtte kapittel. Hovuddelen er kapittel 1-7, medan eg konkluderer i kapittel 8. Alle kapittel inneheld ei kort innleiing og samandrag av dei viktigaste funna i det aktuelle kapittelet.

Kapittel 2 er eit oversøkskapittel som er meint å danne ein bakgrunn og forståing av kva som skjedde i ulukka, og kvifor ulykka skjedde. Eg har ikkje gått særleg i detaljar i dette kapittelet, men målet har vore å gje lesaren ei kort innføring for å få ei betre forståing av dei vidare kapitla.

Kapittel 3 har eg kalla katastrofehjelp, og tek som namnet tilseier føre seg det umiddelbare hjelpearbeidet etter ulykka. I kapittelet går eg nærmare inn på hjelpa som kom frå nærmiljøet, frå styresmaktene og frå private hjelpeekspedisjonar som reiste til Lodalen. Eg har prøvd å finne motivasjonsfaktoren folk hadde for å hjelpe, og kva styresmaktene si rolle og ansvar i slike ulykker eigentleg var.

I kapittel 4 har eg sett nærmere på den økonomiske støtta dei skadelidne etter ulykka fekk. Dette innebar både støtte frå private og frå det offentlige. Eg har prøvd å finne eit svar på kvifor folk var så generøse med dei råka etter ulykka, kven som gav, og kven som var

¹³ Kjeldstadli 2007: 174-175.

pådrivarar for å samle inn desse midlane.

Kapittel 5 tek utgangspunkt i kapittel 4, og omhandlar dei midlane som kom inn i aksjonane for dei råka etter ulykka. I dette kapittelet tek eg føre meg fordelinga av Loenmidlane, og reaksjonane på denne.

I kapittel 6 har eg teke føre meg avisene si handsaming av ulykka. Eg har sett nærmare på fokuset desse hadde, og prøvd å finne grunnen til det store engasjementet til avisene. Eg har ønskt å finne eit svar på kvifor Lodalsulykka vart slik ei mediehending.

Kapittel 7 tek føre seg tida som kom etter ulykka. Det var lenge uklart kva innstilling det offentlege skulle ha med tanke på vidare busetnad i Bødal og på Nesdal. I kapittelet viser eg dei prosessane lokale myndigheter sette i gang for å undersøke moglege tiltak for sikring i Lodalen. Eg har også ønskt å vise kva løysing dei råka til slutt enda opp med.

I kapittel 8 gjev eg svar på dei problemstillingane eg reiste i byrjinga av dette kapittelet. Til slutt vil eg peike på nokre moglege tema for vidare forsking.

Kapittel 2: Lodalsulykka

Vi storma til glaset, og vart ståande fastnagla til golvet som trollbundne. Or Ramnefjellet var utbrotna eit fælt stykke som hadde falle i vatnet og i fallet sopa med seg ei stor ur som låg under, frå ulykka i 1905,- og ei veldig båra kom veltande opover mot oss. Ho fylte så breidt som eg kunde sjå, og kom veltande så høg, at eg tykte ho måtte vera minst 100 meter. Ho tok med seg alt ho møtte, og sopa reint alle stader.¹⁴

Orda over vart skrive ned av den 14 år gamle Wilhelm Bødal, omtrent ein månad etter Lodalsulykka i 1936. Fjellet han skriv om er Ramnefjell, ”det forfærdelige store Fjæld” som ein dansk embetsmann kalla det.¹⁵ Fjellet er kring 1800 meter høgt, med ein bratt vegg som går nesten rett ned i Lovatnet, i den vesle bygda Lodalen. Frå dette fjellet gjekk rasa som er rekna for å vere blant dei største fjellskredulykkene i Noreg i moderne tid. I løpet av 31 år kom det tre store fjellskred på Nordvestlandet. I tillegg til dei to Lodalsulykkene gjekk det eit større skred i Møre og Romsdal, som sidan har vorte kjent som Tafjordulykka. Felles for dei alle var at rasa utløyste store flodbølgjer. Av desse tre er raset i Lodalen 13. september 1936 det som kravde flest liv. 74 menneske omkom i denne ulykka.

I dette kapittelet kjem eg til å gjere greie for kva som hende ulykkesnatta i 1936. Eg går og inn på dei to andre ulykkene i første halvdel av 1900-talet, då desse er brukt som samanlikningsgrunnlag vidare i oppgåva. Eg har òg valt å ta med nokre av dei reaksjonane som gjekk att hos dei overlevande etter ulykka. Til sist i kapittelet har eg greia ut om den geologiske bakgrunnen for at raset kom, samt kvifor dette raset førte til ei flodbølgje.

Lodalsulykka i 1936

Folk i Lodalen hadde lenge frykta at det skulle kome til å rase frå Ramnefjell på ny. Utover sommaren 1936 kunne dei stadig observere og høyre at det gjekk småras og steinsprang frå Ramnefjellet. Lokalkjende hadde observert at ei sprekke på toppen av fjellet utvida seg.¹⁶ Folk som hadde opplevd raset i 1905 kjende nok att mange av teikna, men sjølv om somme frykta at det kunne kome eit nytt ras, var det ingen som valde å reise frå Lodalen.¹⁷ Etter raset i 1905 vart det konkludert med at botnen av Lovatnet der raset gjekk hadde blitt fylt

¹⁴ Nesdal, Sigurd. 1983: *Lodalen – fager og färleg*. Oslo. Norsk Folkeminnelags skrifter 125: 102.

¹⁵ Furseth, Astor. 2006: *Skredulykker i Norge*. Oslo. Tun forlag: 161.

¹⁶ Furseth, 2006: 166.

¹⁷ Nesdal fortel at fleire gardbrukarar i Nesdal og Bødal i 1931 sende brev til styresmaktene med ønske om at vatnet vart senka, for å unngå nye ulykker. I følgje avis Bergens Tidende vart det ikkje noko einigkeit om dette i 1931, då styresmaktene ikkje hadde moglegheit til å løyve midlane. Nesdal, 1983: 89, Artikkel utan kjent forfattar, (1936) ”Nesdal blir sannsynligvis lagt øde”, *Bergens Tidende*, 14.09: 13.

tilstrekkelig opp med masser, og at eit nytt ras derfor ikkje ville skape noko stor bølgje. Folk i området var likevel litt urolige, og peika på at det førre raset hadde gått på vinteren, medan vatnet sommar og haust sto omtrent ein meter høgare.¹⁸ Dei valde likevel å stole på at det geologane hadde sagt etter 1905-raset var rett.

Tidleg om morgonen, kring klokka halv fem søndag 13. september 1936, raste det frå Ramnefjell. Det høyrtest først eit kraftig smell, før det blei heilt stille. Deretter kom det eit veldig drønn frå fjellet.¹⁹ Då skredet trefte vatnet vart det danna ei flodbølgje. På det høgste var denne over 74 meter høg, og ho raste over gardane på Bødal og Indre Nesdal.²⁰ Alle husa i Bødal blei knust av bølgjene, bortsett frå ysteriet og nokre gardfjøsar som stod lenger oppe. Martin Hovland var tenestegut på Bødal, og fortalte i ettertid korleis dei overlevande søkte mot gardfjøsane og ysteriet, og prøvde å halde på varmen så godt dei kunne mens dei venta på hjelp.²¹ Bølgja var så stor at ho fløymde over Nesodden, eit nes som stikk ut i Lovatnet, med Bødal liggande bakanfor i ei vik. Nesodden er kring 50 meter høg. Anders Bødal, som var 12 år den gangen, skreiv seinare i ein skulestil at då dei såg båra kome over Nesodden, visste dei at det ikkje var noko håp om beringing. Anders overlevde likevel, ifølgje han sjølv fordi han blei hengande fast i ein stein då bølgja var på retur. Resten av dei som oppholdt seg i huset den natta omkom.²²

På Indre Nesdal blei alle brukena bortsett frå eitt tekne av bølgja. Ingen av dei 23 som oppholdt seg i husa som blei tekne overlevde ulykka²³. På Ytre Nesdal gjekk det betre, då alle brukena unntatt eitt hadde blitt bygde oppatt lengre frå vatnet etter den første ulykka.

Husmannsplassen Fredsvoll blei bygd oppatt på same stad som den hadde stått i 1905, og var blant dei første brukena som vart tekne av bølgja. Ingen av dei andre brukena som blei bygde høgare oppe gjekk tapt, men vassmassane fløymde heilt opp til husveggen på det nedste av

¹⁸ I følgje geolog Hans Reusch sto vatnet gjerne 1 meter høgre på sommaren enn det gjorde på vinteren. Reusch, Hans 1907. *Aarbog for 1907, Norges Geologiske Undersøgelse No 45*. Kristiania. Aschehoug & CO: 11.

¹⁹: Furset, Astor 2012: *Farlige bølger. Tsunami. Monsterbølger. Fjellskred. Syndfloden*. Bergen. Vigmostad Bjørke: 106.

²⁰ Dette blei målt rett ovanfor rasstaden, ved Nesodden. Bølgjene braut ujamnt nedover vatnet, og bølgjehøgdene varierte mykje. I Bødal var bølgjene kring 15.5 meter høge, på Nesdal varierte det mellom omtrent 14 meter og i overkant av 23 meter. Nedover vatnet såg ein store skilnadar på bølgjehøgdene. Ein plass var bølgjene nesten 10 meter høge, ein annan plass 5 meter. Når bølgjene nærma seg Vassenden, vart dei pressa saman, sidan vatnet smalna der. Ved Vassenden var bølgjehøgda i overkant av 15 meter på det høgste. Nesdal, 1983: 120.

²¹ Nesdal, 1983: 96-101.

²² Nesdal, 1983: 106.

²³ Nesdal, 1983: 91.

dei.²⁴ Også andre stadar langs Lovatnet gjekk det liv tapt. På Sanden budde det ei enkje med fire born. Huset vart teke av bølgja og blei liggande opp-ned i vatnet. Mora og dei to eldste gutane overlevde, men dei to minste omkom. Også på Vassenden vart eit hus teke av bølgja, og to omkom.²⁵ Av dei 74 som omkom i denne ulykka var det berre 33 som vart funne att.²⁶ Bødal- og Nesdalsgardane fekk naturleg nok mest skader og leid størst tap i ulykka, men også andre gardar som låg ved Lovatnet fekk skadar denne natta.

Forteljingar frå dei overlevande viser at dei skjønte kva som var i gjære då dei hørte smellet frå Ramnefjellet. Mange har seinare fortalt at dei gjekk bort til vindauge og såg ut. Der fekk dei sjå støvskya som stod ut frå fjellet og som la seg over dalen. Overlevande frå Bødal fortalte seinare om korleis dei såg bølgja kome over Nesodden. Utover hausten kom det fleire etterskred, det største 11. november. Då det kom tre ras etter kvarandre. Desse rasa var større enn raset 13. september, og bølgjene blei målt til 49 meter på det meste. Ingen omkom eller blei skada ved dette skredet, men bølgja gjorde ein del materielle skader.²⁷

Ulykka fekk stor merksemd i media, og gjorde stort inntrykk på folk landet over. Mange ønskte å hjelpe dei skadelidande, og det strøymde inn med donasjonar frå heile landet. Media spelte ei stor rolle i desse innsamlingsaksjonane. Desse innsamlingsaksjonane og anna økonomisk hjelp vil bli omtalt i kapittel 4.

Lodalsulykka i 1905

Kring år 1900 byrja folk som budde innerst i Lodalen å frykte eit fjellskred frå Ramnefjell. Dei byrja å merke seg stadige smell og buldring frå fjellet, og det kom ofte steinsprang og småras. Utover hausten 1904 kom steinskreda hyppigare, men ei stund før jul roa fjellet seg nok igjen.²⁸ Den 15. januar 1905 høyrtest to høge smell frå Ramnefjellet, og eit fjellstykke på kring 50 000 m³ raste ut. Raset drog med seg grus og stein på ferda nedover, og til saman var det ei masse på kring 350 000 m³ som styrta i Lovatnet denne kvelden.²⁹ På det høgste var bølgja raset forårsaka kring 40 meter høg.³⁰

²⁴ Nesdal, 1983: 91

²⁵ Nesdal, 1983: 112-113.

²⁶ Nesdal, 1983: 122-123.

²⁷ Furseth, 2012: 107

²⁸ Furseth, 2006: 163.

²⁹ Bryhni, Inge. (2011, 2. august). Loenulykkene. I Store norske leksikon. Henta 24. januar 2014 frå <http://snl.no/Loenulykkene>.

³⁰ Furseth, 2006: 165.

På Bødal øydela bølgja som oppstod alle brukta som låg nede ved vatnet. To bruk låg høgare oppe enn dei andre, Gjerstun og Raudibruket. Raudibruket var flytt til Bødal etter skredet på Raudi i 1885.³¹ Desse låg høgt nok til at dei ikkje blei tatt av bølgja, og dei overlevande i Bødal søkte dit etter ulykka. I Bødal omkom 24 menneske ulykkesnatta, og tre døydde seinare av skader.³² Staden som blei aller hardast ramma etter ulykka var Ytre Nesdal. Husa låg berre 2,5 meter over vassflata³³, og då bølgja slo inn blei alle brukta dregne på vatnet. Det fanst knapt spor etter dei tre gardane og to husmannsplassane som hadde lege der dagen før. Alle dei 34 menneska som budde der omkom. Av desse blei berre ein funnen att.³⁴ Bruka på Indre Nesdal låg ikkje stort høgre enn dei i Ytre Nesdal, men dei låg slik til at bølgja som kom i retur etter å ha treft Nesodden tok ei anna retning,³⁵ Gardane her slapp såleis frå det utan at liv gjekk tapt.

Etter ulykka valde folket i Lodalen å bygge oppatt gardane sine, og det kom ei oppblomstringstid. Sidan ulykka hadde skjedd vinterstid var det tele i bakken. Det gjorde at vatnet ikkje hadde vaska vekk så mykje av jorda. Dermed låg alt til rette for at markene igjen kunne dyrkast då rydningsarbeidet var ferdig og våren kom. Turiststraumen tok seg oppatt, og no var også rasstaden og ikkje minst vraket av *Lodølen* blitt ein attraksjon. Båten låg opphavleg i eit naust ved Nesodden. Då bølgja trefte land blei båten ført med vassmassene omrent 350 meter innover land.³⁶ Turismen var ei innbringande binæring for bøndene i Lodalen.

Tafjordulykka i 1934

Natt til laurdag 7. april gjekk det eit stort fjellskred mellom bygdene Tafjord og Fjørå på Sunnmøre. Eit fjellområde kalla Langhammaren sklei ut, og drog med seg ei ur som låg rett under. Samla sett var det eit skred på kring 3 millionar m³ som raste ut i Tafjorden. Raset

³¹ Garden Raudi vart knust av eit steinskred i 1885. Gardskona på garden omkom, mens resten av huslyden kom frå det med livet i behald. Denne ulykka førte til at huslyden ikkje lenger ønskte å bu der, og husa vart bygd opp att på Bødal, der Raudigarden hadde åkrar. Raudigarden vart ikkje teken av bølgja etter raset i 1905, men i 1936 vart også denne garden knust av bølgjene. Alle som oppheldt seg på bruket omkom. Simon Raudi var 16 år då Kvithammaren øydela heimgarden hans. Han opplevde skredet i 1905, og omkom altså i den siste Lodalsulykka. Furseth, 2006: 161-166.

³² Nesdal, 1983: 43.

³³ Reusch, 1907: 11.

³⁴ Furseth, 2006: 164-165.

³⁵ Nesdal, 1983: 43.

³⁶ Nesdal, 1983: 53.

forårsaka flodbølgjer som spreidde seg både innover og utover fjorden. Dei største skadane fekk bygdene Tafjord og Fjørå. Rett ovanfor rasstaden vart bølgja målt til 63,5 meter. Lenger inne i fjorden, i bygda Tafjord, varierte bølgjehøgdene mellom 8 og 17 meter. I Fjørå vart høgste bølgja målt til kring 13-14 meter, men grunna forskjellar i havbotnen var dei fleste bølgjene mindre der enn i Tafjord.³⁷

Ulykka førte til store materielle skader. I Tafjord vart alle husa i strandsona og på dei flate markene på innsida knuste. Båtar og naust vart øydelagde. I Tafjord omkom 23 menneske i ulykka.³⁸ I Fjørå skapte bølgjene også store øydeleggingar. Som i Tafjord, blei hus og andre bygningar knuste av bølgjene, båtar, husdyr og vegar forsvann. Mens det i Tafjord blei liggande att mykje vrakgoods, blei alt som bølgjene fekk tak på i Fjørå drege med ut på sjøen. Tilbake sto blankskurte berg. I Fjørå omkom 17 menneske i ulykka.³⁹ Sidan alle båtane vart knuste i ulykka, var det ikkje mogleg for dei på land å kome seg ut og redde dei som låg i sjøen. Både i Tafjord og i Fjørå fortalte dei overlevande at dei hjelpelaust høyrt rop frå sjøen, utan at dei kunne gjere noko.⁴⁰ Om det hadde vore nokon båtar att, hadde det uansett vore vanskeleg å nå dei som låg i sjøen, då det var mørkt, og fjorden var uroleg i mange timer etter raset.

Tafjordulykka blei ei mediehending. Ulykka fekk store oppslag i avisene, noko som ikkje hadde vore vanleg ved liknande ulykker tidlegare.⁴¹ I tillegg til dekninga av ulykka, vart sjøve dekninga ei mediehending i seg sjølv, der avisene kappast om å vere først ute med nyhende og bilete frå ulykkesstaden. Dei store øydeleggingane og den massive mediedekninga førte til at det kom inn store summar i innsamlingsaksjonane som spesielt avisene var pådrivarar for. I alt kom det inn over 500 000 kroner til dei skadelidne i Tafjord.⁴²

Korleis reagerte dei råka på ulykkene?

Ein kan lett forestille seg at dei råka etter den første Lodalsulykka, og etter Tafjordulykka kanskje tenkte i dei baner at det var dommedag som var komen. Begge ulykkene hendte på tidspunkt då det var heilt mørkt ute, og det var vanskeleg for folk å orientere seg. Ein kan

³⁷ Furseth, 2009: 53-64.

³⁸ Furseth, 2009: 55.

³⁹ Furseth, 2009: 64.

⁴⁰ Furseth, 2009: 56, 67.

⁴¹ Furseth, 2009: 84.

⁴² Furseth, 2009: 113.

berre førestille seg den frykta dei må ha følt på då dei høyrd drønn frå ras og vassmasser, kombinert med lysglimt som dei overlevande frå ulykkene meldte om at dei såg.⁴³ Anders E. Bødal fortalte i etterkant av ulykka at han først trudde det var dommedag.⁴⁴ Han var nok ikkje åleine om denne tanken, og også i Tafjordulykka 29 år seinare tenkte somme dette. Det blir blant anna fortalt om eit eldre ektepar som valde å ikkje rømme då bølgja kom. Dei meinte at sidan det var dommedag, var det uvesentleg kva dei valde å gjere då utfallet ville verte det same.⁴⁵ Nokre tenkte på andre moglegheiter, som at det var demninga til det nybygde kraftverket som brast.⁴⁶ I Lodalen var det somme som var inne på tanken om at det kunne vere elveløp som hadde tatt nye vegar. Andre rakk ikkje ein gang å tenke, før dei kom til seg sjølv att i vassmassene eller dekka av vrakgods.⁴⁷ At dei ikkje heilt forsto kva som var på ferde, er ikkje unaturleg. Ingen av dei hadde vel venta at ei stor flodbølgje skulle slå inn over heimane deira.

Då Ramnefjellet rasa for andre gang skjønte truleg dei fleste kva som var på ferde. Fleire har fortalt at dei gjekk fram til vindauge for å sjå.⁴⁸ Kvifor dei gjorde dette, framfor å flykte, kan kanskje vere vanskelig å forstå. Samtidig ville truleg dei fleste gjort det same, då det ville vere naturleg for dei fleste å undersøke kva som sto på. Også ved det store raset som kom i november same år gjorde folk dette, sjølv om dei hadde opplevd den førre ulykka berre nokre få månadar tidlegare. Denne gongen blei dei ståande å sjå på at bølgjene slo inn over land, heilt til dei såg den største kome. Først då la dei i sprang ut og oppover markene for å kome seg i sikkerheit.⁴⁹ Kvifor gjorde dei dette? Ved raset i september kan grunnen ha vore at dei trudde husa var trygge, sidan dei låg høgare i terrenget enn tidlegare. Nanna og Thomas Sæle vakna av raset. Ho fortalte i etterkant av ulykka at mannen hennar hadde meint at raset ikkje var noko farleg, då det hadde rasa heile laurdagen utan at det hadde ført til noko. Dermed meinte han at dette raset heller ikkje var noko å vere redd for.⁵⁰ Fleire tenkte truleg det same som Thomas Sæle, nemleg at det ikkje var noko fare forbunde med rasa. Kanskje er dette grunnen til at folk blei ståande i vindauge og sjå ut, framfor å kome seg i sikkerheit. Ved raset i november budde det ikkje folk på Bødal og Nesdal. På dei brukta nedover dalen det fortsatt

⁴³ Furseth, 2009: 55, Furseth, 2006: 163.

⁴⁴ Nesdal, 1983: 45.

⁴⁵ Furseth, 2009: 67.

⁴⁶ Furseth, 2009: 55.

⁴⁷ Nesdal, 1983: 49.

⁴⁸ Nesdal, 1983: 91.

⁴⁹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Nye ras i Loen", *Aftenposten*, 11.11: 2.

⁵⁰ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Over det vrakfykte Loen-vann", *Aftenposten*, 14.09: 2.

budde folk på, hadde ikkje bølgjene nådd opp til husa ved førre ras. Kanskje var dette grunnen til at dei følte seg trygge nok denne gangen også. Truleg var det ein kombinasjon av fleire årsaker som gjorde at folk i Lodalen ikkje reagerte med ein gang. Furseth har peika på at bølgja ikkje såg særleg stor ut med det første, men at den løfta seg då den kom inn mot land.⁵¹ Det kan hende at dei som sto i vindauge og såg ut ikkje trudde den kom til å bli stort større. Då den plutselig løfta seg var det for seint å kome seg ut, sjølv om dei som overlevde ulykka har fortalt at dei prøvde. Grunnen til at dei ikkje reagerte stort på raset er nok at dei var vande med at det raste frå fjellet. Dei tenkte kanskje dermed at dette raset ikkje var noko annleis enn andre ras som hadde kome.

Etter rasa kunne fleire av avisene melde at dei overlevande etter ulykka var overraskande fatta og rolege med tanke på kva dei hadde opplevd. *Aftenposten* skreiv at etter 1905-ulykka blei det ikkje felt ei tåre før 3 veker etter ulykka. Først då var det som om dei overlevande forsto kva dei hadde vore utsette for og kva som faktisk hadde skjedd.⁵² Truleg er beskrivinga til *Aftenposten* noko overdramatisert. Avisa kan umogleg vite dette om dei råka. Likevel har avisas sannsynlegvis fanga opp ei sinnstemning som gjekk att blant dei overlevande etter førre ras. Dette samsvarar godt med det bildet som eg får av dei overlevande som har vorte intervjua av aviser etter ulykka. Det verkar som om dei ikkje heilt har tatt innover seg hendinga, og dei verkar rolige og fatta, sjølv om dei hadde mista alt. Truleg var dei i ei form for sjokk. Det kan ha vore vanskeleg for dei overlevande å ta inn over seg situasjonen, og at dei difor den første tida kan ha vore i ein slags apatisk tilstand.⁵³ Etter Tafjordulykka hadde dei som kom til opplevd det same. Politifullmektig Rolf B. Weger meldte like etter ulykka at ”Vi møtte folk som lavmælt snakket om ulykken, en kunstig ro hvilte over alle også her, ingen klaget”.⁵⁴ Det kan tenkast at all merksemda frå media og alle dei tilreisande, gjorde at situasjonen vart noko surrealistisk for dei som hadde opplevd ulykka, og at sorgreaksjonane ikkje kom før alt hadde roa seg noko ned att. I tillegg kan det vere slik at det var vanskelig å kome i gang med ein sorgprosess når eins kjære fortsatt ikkje var funne att. Helsedirektoratet

⁵¹ Furseth, 2006: 166.

⁵² Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Tusener vil overvære bisettelen av Loen-ofrene”, *Aftenposten*, 15.09: 2.

⁵³ Dette er ikkje nokon spesiell unormal sorgreaksjon. Ifølgje Helsedirektoatet er det like vanleg å reagere med apati som med sterkt og synleg sorg etter eit dødsfall. Helsedirektoratet, 2009: *Når en av våre nærmeste dør*. Oslo. Andvord Grafisk: 27.

⁵⁴ Furseth, 2009: 95.

har peika på at det kan vere viktig å sjå den døde for å kome vidare i sorgprosessen. Spesielt gjeld dette dersom døden inntraff brått og uventa.⁵⁵

I dag ville personar som opplever denne type traume blitt møtt med hjelpetiltak for å takle krisa. Etter Tafjordulykka gjorde folk sitt beste for å gløyme, og gå vidare med liva sine. Somme valde å ikkje snakke om ulykka igjen. Furseth fortel at då han 45 år etter ulykka tok til å intervju nokre av dei overlevande var det enkelte som fortalte at det var første gangen dei snakka om den. Han meiner at folk i tidlegare tider hadde lettare for å godta skjebnane sine, sidan uventa ulykker skjedde oftare.⁵⁶ Dette kan vere ein av grunnane til at overlevande etter Lodalsulykka tilsynelatande tok katastrofen med fatning. Aftenposten fortel for eksempel at ein av dei overlevande, Wilhelm Bødal, allereie den 23. september hadde reist til ein av nabokommunane for å byrje på gymnasiet.⁵⁷

Bakgrunn for rasa og utviklinga av bølgjene

Lodalen har til alle tider vore ein utsett stad å bu. Bygda har stadig har vore utsett for fjell- og snøskred som har utsletta, eller gjort store skader på gardane kring Lovatnet.⁵⁸ Fjella kring Lovatnet er hovudsaklig hard gneis, men med lite utprega lagdeling. Fjella har og somme soner med amfibolitt.⁵⁹ Også Ramnefjell består hovudsakleg av denne steintypen. Direktør ved Norges Geotekniske Institutt Laurits Bjerrum og geolog Finn Jørstad viste til at skreda i Lodalen var eit klassisk eksempel på fjellskred i harde og steile fjellskråningar. Dei viste til at det under fjelloverflata hadde utvikla seg eit system av sprekker i fjellet, som igjen danna potensielle glideflater for fjellskred. I Ramnefjell var det eit høgt vasstrykk, og etter skredet i 1936 blei det frå fleire hald meldt om at det spruta vatn ut av sprekker i fjellet.⁶⁰

Skredet i 1905 var mykje mindre enn skredet i 1936. Grunnen til at det likevel fekk eit så stort omfang var at det drog med seg mykje masse som låg under fjellstykket som raste. Denne massen besto av morenegrus og stein, kombinert med ein del leire og sand.⁶¹ Sjølve skredet

⁵⁵ Helsedirektoratet, 2009: 4.

⁵⁶ Furseth, 2009: 122.

⁵⁷ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Vil Bødal og Nesdal bli gjenreist?" *Aftenposten*, 23.09: 5. Wilhelm Bødal miste storebroen og faren i ulykka. Nesdal, 1983: 123.

⁵⁸ Aaland, Jacob 1932. *Nordfjord fraa gamle dagar til no, [Del] 2, Dei einskilde bygder – Innvik –Stryn*. Nordfjordeid. Brødrene Totland: 343.

⁵⁹ Bjerrum, Laurits og Jørstad, Finn, 1966: *Stabilitet av fjellskråninger i Norge* i Norges Geotekniske institutt publikasjon nr. 67. Oslo. 71.

⁶⁰ Bjerrum og Jørstad: 1966: 73.

⁶¹ Reusch, 1907: 7.

var på omrent 50 000 m³, mens det samla volumet etter at fjellstykket drog med seg lausmassen var på rundt 350 000 m³.

Etter at massane frå fjellskreda trefte vassoverflata i Lovatnet førte dette til at vatnet brått blei pressa til sides, noko som igjen skapte eit søkk i vassflata. Dette utløyste så ei motbølgjerørsle, som breidde seg ut over Lovatnet.⁶² Bølgjehøgdene hadde store variasjonar kring vatnet. Etter raset i 1905 forklarte Amund Helland, professor i geologi, dette med at det truleg var to store bølgjer som skapte forstyrningar hos kvarandre, og dermed skapte store variasjonar i bølgjehøgda. I tillegg spelte botnen på vatnet inn. Der det var jamn botn, gjekk bølgja langt innover land.⁶³ Dette er med på å forklare kvifor det somme plassar var tydelege merker etter bølgjene, mens det nokre meter bortanfor knapt var spor etter bølgja i det heile.

I alle dei tre nemnde ulykkene kom det meldingar om at bølgjene braut tre gangar. Også i andre liknande ulykker⁶⁴ har ein sett dette fenomenet. Furseth viser til at kombinasjonen av interferens og måten raset går i sjøen eller vatnet på gjev denne effekten. Han meiner at det truleg oppstår ei bølgje når massane treff vatnet, og at ei anna oppstår når massane søkk under overflata. Han meiner at den tredje bølgja kjem av at desse to bølgjene verkar saman og skaper ei endå større bølgje, og at det er forklaringa på at den tredje bølgja som oftast er den største.⁶⁵

Samandrag

Av dei tre store skredulykkene på byrjinga av 1900-talet, var Lodalsulykka i 1936 den som kosta flest menneske livet, og den som forårsaka størst skader. 74 menneske omkom i ulykka. Då raset trefte Lovatnet, førte det til ei flodbølgje som slo inn over gardane i Bødal og på Indre Nesdal. På Ytre Nesdal hadde alle bruka, unntatt eitt, blitt bygde oppatt høgt nok til at dei ikkje vart tekne av bølgja. Det blei likevel store skadar på markene, på naust og båtar. Også andre gardar langs Lovatnet fekk skadar, men ikkje i slikt omfang som på Bødal og Nesdal.

⁶² Furseth, 2009: 48.

⁶³ Jørstad, Finn 1968: *Waves Generated by Landslides in Norwegian Fjords and Lakes* i Norges Geotekniske institutt publikasjon nr. 79. Oslo. 23.

⁶⁴ Som til dømes Tjellafonna, Skafjellsulykka og Pollfjellet. Furseth, 2009: 64.

⁶⁵ Furseth, 2009: 64.

Også i 1905 raste det frå Ramnefjell, ei ulykke som kosta 61 menneske livet, og som etterlet Bødal og Nesdal i ruin. Den gangen gjekk det hardast ut over Ytre Nesdal. I Tafjord og Fjøra førte eit stort skred til det som seinare har vorte kjent som Tafjordulykka. Også dette skredet forårsaka flodbølgjer, og 40 menneske omkom i ulykka. Etter begge desse ulykkene valde dei overlevande å bygge oppatt gardane sine.

Mange av dei overlevande fortalte i etterkant av ulykka at dei hadde vakna av raset, og stått i vindauge og sett ut då bølgja kom mot dei. Truleg tenkte mange at dei ikkje var i nokon fare. Det hadde gått fleire ras frå Ramnefjell laurdagen, og dei tenkte kanskje at raset var mindre enn det i røynda var. I etterkant av ulykka var dei fleste av dei overlevande rolege og fatta, trass i at dei hadde mista mange familiemedlemmar og livsgrunnlaget sitt. Truleg kan ein snakke om ein form for sjokk.

Truleg var grunnen til at Ramnefjellet rasa ut at fjellet har eit høgt vasstrykk, kombinert med eit system av sprekker i fjellet som danna glideflater. Då massane trefte Lovatnet, førte sokket i vassflata til ei motbølgjerørsle som breidde seg utover vatnet.

Kapittel 3: Katastrofehjelp.

Katastrofen var eit faktum i Lodalen, og både lokalt og nasjonalt vart det mobilisert for å hjelpe dei som var ramma av ulykka. Folk i nærområdet fekk raskt vete kva som hadde hendt, og reiste opp i Lodalen for å hjelpe. Seinare kom det offisielle redningsaksjonar sendt frå styresmaktene. Også frå private initiativ blei det sett i gang redningsaksjonar. I etterkant var det fleire som var kritiske til styresmaktene sin beredskap ved slike ulykker.

I dette kapittelet tek eg føre meg desse hjelpeaksjonane. Kven var det som tok initiativet til desse og kvifor? Var det offentlege for därleg rusta til å takle slike hendingar som Lodalsulykka, og kva ansvar hadde eigentleg styresmaktene i slike situasjoner? Kva gjekk kritikken ut på, og hadde kritikarane rett i at styresmaktene var for därleg budde på naturkatastrofar og andre ulykker?

Den første hjelpa kom frå nærmiljøet.

Dei første som kom til etter ulykka var naboar frå andre gardar kring vatnet som ikkje hadde vorte så sterkt råka som Bødal og Nesdal. Nabogarden Hogrenning, eit par kilometer frå Bødal, fekk ikkje skader på husa sine, og folket der reiste straks til Bødal for å hjelpe dei råka.⁶⁶ Ein av dei som arbeidde på vegn til Bødal, Ingvald Mork, fortalte i ettertid at han blei vekt av at ein mann ropte ”No må de opp – no kjem Ramnefjellet”⁶⁷. Mannen som ropte var Anders Hogrenning, som budde på garden. Kanskje var han ein av dei som hadde opplevd førre ulykke, og skjønte dermed kva som var i ferd med å hende. Ingvald Mork fortalte at då han kom seg bort til vindauge for å sjå ut, kunne han sjå at husmannsplassen Sanden, eit underbruk av Hogrenning, vart teke av bølgja. Mork vart verande på Bødal og leite etter overlevande i fleire dagar etter ulykka.⁶⁸

Søndagen blei det organisert eit stort frivillig mannskap som skulle søke systematisk gjennom området for å finne dei sakna. Lensmann Kristian Aarnes varsla nødvendige myndigheter og

⁶⁶ På dei fleste av gardane som låg langs vatnet var det ikkje så store skader på sjølve husa. Skadane kom gjerne på naust, bryggjer og marker. Likevel var det nokre hus som blei tekne av bølgja. Dette gjaldt hus som sto nært vatnet. Eit eksempel er Sanden, ein husmannsplass tilhøyrande Horgrenning. Her omkom to av borna. Då bølgja kom nedover mot Vassenden smalna vatnet inn, noko som førte til at bølgja reiste seg att. Dette førte til at også på Vassenden gjekk to livapt. Nesdal 1983: 112-113

⁶⁷ Nesdal, 1983: 116.

⁶⁸ Nesdal, 1983: 116.

sjukehus straks ulykka vart kjent. Bilar med utstyr, samt båtar som skulle brukast i redningsarbeidet vart sendt opp til Vassenden. Sidan vegen var delvis øydelagt og full av vrakgods måtte den ryddast før det var mogleg å få frakta utstyret opp til vatnet.⁶⁹ Deretter måtte dei bruke båt for å kome seg lenger opp i dalen.

Sidan bølgja hadde skylt med seg nesten alt av utstyr dei kunne bruke til redningsarbeidet, måtte hjelpefolketa ta i bruk det dei hadde. Skadde og omkomne blei frakta ned til vatnet på bårer laga av stokkar med madrassar lagt over. Dei døde blei frakta nedover vatnet med båt.⁷⁰ *Tidens Tegn* sin medarbeidar Albin Eines framheva spesielt innsatsen til doktor Freihow, lensmann Aarnes og sokneprest Eriksen for måten dei løyste utfordringane den første tida før redningsaksjonane frå det offentlige og frå private initiativ kom til. Han peika på at sjølv om desse redningsaksjonane kom godt med var dei ikkje framme før litt ut på dagen søndagen, og lokale myndigheter og hjelpefolkta hadde då hadde lagt ned ein stor innsats med å redde ut overlevande og såra.⁷¹ For somme var nok denne raske hjelpa dei fekk livreddande. Ei ung jente, Anna Skarstein, hadde truleg ikkje overlevd dersom ho ikkje hadde vorte funnen tidleg. Med ein gang trudde redningsmannskapet at ho var død, men straks etter kunne dei sjå at ho leia på augeloka.⁷² Seinare på dagen vart ho sendt til sjukehuset på Nordfjordeid. Journalist Aud Hjelle har skrive bok om sjukehuset på Nordfjordeid, og refererer til ein av reservelegane på sjukehuset i september 1936. I ein artikkel har han skrive at ein av pasientane var i så dårleg forfatning at legane på ulykkesstaden ikkje trudde ho kom til å overleve. Kvinna kom seg likevel såpass at ho kunne sendast til sjukehuset på Nordfjordeid, der ho var innlagt i over ein månad.⁷³ Dette viser kor viktig dette umiddelbare hjelpearbeidet var. I tillegg må det ha vore godt for dei overlevande som hadde fått mindre skader at det kom folk til som kunne hjelpe dei med redningsarbeidet.

Dagen etter ulykka hadde svært mange vore oppe i Lodalen. Det var nok ikkje heilt enkelt å kome seg opp til Bødal og Nesdal denne søndagen. *Sundmørsposten* meldte at mange av dei

⁶⁹ Eines, A. (1936) "De første meldinger fra ulykkesstedet", *Tidens Tegn*, 14.09: 7.

⁷⁰ Eines, A. (1936) "74 mennesker omkommet under en naturkatastrofe i Loen", *Tidens Tegn*, 14.09: 1.

⁷¹ Eines, A. (1936) "Vil de overlevende vende tilbake til stedet for sin store sorg? Betraktnign fra Loen", *Tidens Tegn*, 15.09: 9.

⁷² Nesdal, 1983: 94.

⁷³ Hjelle, Aud 1996. *Sjukehuset vårt. Fylkessjukehuset på Nordfjordeid gjennom 60 år*. Nordfjordeid. John Grieg AS: 32. Kvinna det er snakk om er truleg Signe Bødal. Hjelle opplyser at kvinnen vart skriva ut i slutten av oktober, noko også Signe Bødal blei, Ho var akkurat koma tilbake til Lodalen, og overnatta på Vassenden då det store ettersaset i november kom.

som kom for å hjelpe blei møtt med ”håpløse vanskeligheter⁷⁴” før dei kom seg opp.

Aftenposten meldte at deira reporter hadde teke turen oppover dalen med motorbåt mandag etter ulykka, og at turen hadde teke lang tid då båten måtte manøvrere seg mellom vrakrestar, tre, busker, restar av hus og ”alt mulig rusk og rask som følger med slike ras. Det varer ikke lenge før propellene er så infiltrert i potetgress og annet og vi må til for å få rusket vekk”⁷⁵. Ein kan ikkje rekne med at alle reiste opp for å hjelpe. Mange reiste nok opp av nysgjerrigkeit.⁷⁶ Likevel må ein rekne med at mange tok i eit tak når dei først var komne opp. Også fleire av dei som hadde overlevd ulykka var med på rydningsarbeidet.⁷⁷

Mange av dei omkomne var blitt påført så store skader i ulykka at det til tider var problem med å identifisere dei. Stell av dei døde var det hjelpemannskap frå nabobygda Stryn som tok på seg.⁷⁸ Dette var truleg på grunn av påkjjenninga det ville vere for familiemedlemmar og andre som stod dei omkomne nært å skulle stelle dei døde når dei var så stygt skadde. Skildringar av dei overlevande som var hardast skadde vitnar om kor brutal behandling bølgja gav dei. Pasientane hadde merker etter støt og slag over heile kroppen, beinbrot, sår og kutt. I tillegg hadde store mengder hud vorte skrapa av. I eit tilfelle mangla ein pasient hud på heile ryggen.⁷⁹ Ein reservelege ved Nordfjord sjukehus skreiv i ettertid at ”Bare de som har sett disse pat. kan gjøre sig op en mening om hvilken frådende heksegryte med bordbeter og bjelker de har drevet omkring i.”⁸⁰ At det var vanskelig å kjenne att dei omkomne og dei såra skreiv fleire aviser om. 17 år gamle Gudrun Bødal hadde fått seg arbeid i Måløy, og reiste heimanfrå torsdagen før ulykka. Då ho kom til sjukehuset på Nordfjordeid der mor hennar akkurat var skriven inn, blei ho ståande å lure på kven av dei skadde som var mora. Det var umogleg for ho å sjå kven det var som låg i sjukekurvane. Eit døme på kor ille skamfert dei omkomne var, er ryktet om at ein av dei omkomne etter 1905-ulykka var komne til rette att. Den omkomne var så skadd at folk hadde vanskeleg for å identifisere vedkommande. Dei

⁷⁴ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Naturkatastrofen i Loen” *Sundmørsposten* 14.09: 2.

⁷⁵ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Over det vrakfylte Loen-vann på besøk hos de overlevende” *Aftenposten* 14.09: 1.

⁷⁶ I høve av at så mange reiste opp til Lodalen for å sjå, var det fleire tilfelle av at souvenirjegarar tok med seg ting som hadde vorte funne att etter ulykka. Blant anna sto det innrykk i avisas *Fjordingen* der det var etterlyst biletar som hadde vorte teke frå ei kiste. Andre aviser skreiv og om dette. Sigurd Nesdal opplevde å møte ein person som hadde teke med seg to rose måla ølskåler. På spørsmål om kvar han hadde fått dei, svara mannen at han hadde fått dei av eigaren, som Sigurd Nesdal på dette tidspunktet visste var omkommen. Nesdal, 1983: 119.

⁷⁷ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Over det vrakfylte Loen-vann på besøk hos de overlevende” *Aftenposten* 14.09. s 1.

⁷⁸ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Hjelp frå Oslo” *Fjordingen* 16.09: 2.

⁷⁹ Hjelle, 1996: 32

⁸⁰ Hjelle, 1996: 32.

meinte derfor at det måtte ha vore ein av dei omkomne frå førre ulykke som hadde vorte skylt opp av bølgja. Seinare vart dette ryktet avkrefta.⁸¹

Andre ting dei lokale tok hand om var til dømes å ordne med kister til dei døde før gravferda. *Aftenposten* meldte at ”billass etter billass har kommet med kister, og en hel del folk har malt dem sorte”.⁸² Dette tyder på at fleire av kistene blei sendt til Loen frå andre stadar. Truleg har folk rundt i distriktet teke på seg å lage desse. Rett etter ulykka meldte fleire avisar at det ikkje var nok kister til alle dei omkomne. Ifølge *Bergens Tidende* vart nokre av borna lagde i same kista, og snekkarar hadde arbeidd heile natt til onsdag for å lage nok kister til gravferda.⁸³

Mesteparten av det umiddelbare hjelpearbeidet vart utført av nabobar og andre frå distriktet. Dei første dagane stilte folk på og hjelpte til frivillig, men når kommunen hadde fått organisert seg ønskte dei å lønne dei som hjelpte til med oppgåver i etterkant av ulykka.⁸⁴ Avisa *Fjordingen* hadde onsdagen etter ulykka ei notis der det blei søkt etter menn som kunne vere med å søke etter omkomne, samt å vere med på rydningsarbeidet. Samtidig blei det søkt etter kvinner som kunne vere med å stelle dyra og liknande oppgåver.⁸⁵ Truleg var meinингa med å søke etter folk på denne måten å få nokon som kunne ta på seg oppdraget på lengre sikt. Sigurd Nesdal var ein av dei som reiste til Bødal dagen etter ulykka. Bror hans hadde vore på besök hos onkelen deira, og han håpte å finne han i live. Broren omkom i ulykka, og vart aldri funnen att. Ein ting Nesdal hugsa att frå denne dagen var at det var mykje folk som kom opp til Lodalen, både for å hjelpe og for å sjå. Sjølv var han blant anna med på å stelle krøtter som gjekk att etter ulykka. Han fortel i boka si at det var mykje dyr som gjekk i fjellet som måtte hentast ned, både sauvar og geiter. I tillegg var det storfe på setrene som måtte stellast med. Dette var ein del av det umiddelbare arbeidet som dei lokale bidrog med. Dyra til dei omkomne vart seinare selde på auksjon.⁸⁶

Avisene skreiv mykje om dei utfordrande forholda hjelpefolkete jobba under. Avisene skreiv om ein nut som hang att etter raset, som fagfolk meinte ville kome til å rase i nær

⁸¹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Loen-katastrofen”, *Aftenposten*, 16.09: 10.

⁸² Artikkel utan kjent forfattar, (1936) ”Tre millioner tonn sten raste ut fra Ramnefjellet” *Aftenposten* 16.09: 1.

⁸³ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Det blev funnet fire lik i Loen igår”, *Bergens Tidende*, 16.09: 4.

⁸⁴ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Kronprinsen kommer til begravelsen i Loen” *Bergens Tidende*, 15.09: 15.

⁸⁵ Aarnes, Kristian (1936), ”Lodalsulykken” *Fjordingen*, 16.09: 2

⁸⁶ Nesdal, 1983: 118-119.

framtid. Stadig kom det småras frå Ramnefjellet, og ved fleire høve var rasa såpass store at hjelpearbeidarane la på sprang oppover bakkane.⁸⁷ Dette viser den krevjande situasjonen det må ha vore for dei som arbeidde med rydningsarbeid og søk etter omkomne i Lodalen. Lensmann Aarnes opplyste til *Bergens Tidende* at framdrifta var god, og at omtrent 100 mann var i Bødal og Nesdal og arbeidde med søk og rydningsarbeid. Grunna mangelen på båtar var det vanskeleg å få frakta hjelpefolket opp i dalen. Hjelpefolket måtte derfor stå på Vassenden og vente på båtskyss. Dersom dei gjekk langs vatnet tok turen to timer kvar veg.⁸⁸

Regjeringa sin redningsaksjon

Frå regjeringa si side vart det bestemt at det skulle sendast ein redningsaksjon med nødvendig utstyr og personell. Doktor Carl Christensen hadde tidlegare på føremiddagen blitt med eit fly *Aftenposten* sendte til Lodalen. Han hadde sendt oppmoding til hovudstaden om at ein raskast mogleg måtte stille nødvendig utstyr og sjukepleiarar til disposisjon. Regjeringa bestemte at flyet *Falken* skulle setjast inn i redningsarbeidet og frakte utstyr til Lodalen. I løpet av føremiddagen måndagen blei alt nødvendig utstyr til som skulle sendast til ulykkesstaden samla inn. Blant anna blei brannvesenet oppmoda om å stille med redningsmateriell, lyskastarar og eit par mann til disposisjon. Legevaka, Ullevål sjukehus og Sanitetsforeininga sin klinikk stilte med operasjonsutstyr, sanitetsmateriell og anna utstyr. I tillegg blei tre sjukepleiarar stilt til disposisjon, og var med *Falken* over til Lodalen.⁸⁹ Anna utstyr, som senger, feltrasarettar og liknande blei sendt etter med lastebilar i løpet av natta.

Frå offentlige myndigheter si side låg det ikkje klar noko beredskapsplan som kunne setjast i verk ved slike hendingar. Regjeringa var ikkje førebudd, og flyet dei sette inn var på ingen måte klargjort for oppdraget. Det blei jobba iherdig med å få *Falken* flygeklar, då det dagen før hadde blitt påbyrja ein større reparasjon i flyet sin motor, som naturleg nok måtte fullførast før flyet kunne takast i bruk. *Falken* hadde også eit søsterfly som det kunne vore aktuelt å fly over med, men også dette var inne til reparasjon og kunne ikkje ferdigstillast noko tidlegare enn *Falken*. Det blei derfor avgjort at ein skulle sette alle ressursar inn for å få ferdigstilt flyet *Falken* så raskt som mogleg.⁹⁰

⁸⁷ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Tusener vil overvære bisettelsen av Loen-ofrene", *Aftenposten*, 15.09: 2.

⁸⁸ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Kronprinsen kommer til begravelsen i Loen", *Bergens Tidende*, 15.09: 15.

⁸⁹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Regjeringens sender fly til ulukkesstedet" *Aftenposten*, 14.09: 9.

⁹⁰ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Regjeringens sender fly til ulukkesstedet" *Aftenposten*, 14.09: 9.

Medan dei venta på å kunne laste flyet, blei det organisert korleis aksjonen skulle gjennomførast. Dei rekna ikkje med å kunne lande på Lovatnet på grunn av mykje vrakrestar. Det blei derfor bestemt at dei skulle lande i Stryn, for deretter å frakte utstyret vidare til Loen og Lodalen. Sidan det var mykje utstyr som skulle til ulykkesstaden, blei det bestemt å dele seg inn i to grupper. På denne måten kunne ei gruppe ta seg til ulukkesstaden med ein mindre førstehjelpsutrustning straks etter landing. Deretter blei resten av utstyret ettersendt.

Aksjonssjefen peika på at ein ville få god hjelp av sjukehuset på Nordfjordeid eller Florø og andre sjukehus i distrikta. Rundt klokka 14 var flyet klart, og kring klokka 16.30 landa flyet i Stryn. Deretter drog ekspedisjonen vidare i bilar til Loen. Flodbølgja hadde øydelagt vegen frå Vassenden og ned til Loen, så frå Loen måtte dei gå. Deretter blei dei frakta med båt det siste stykket opp til Bødal og Nesdal.⁹¹ Mangelen på skikkelig veg og båtar gjorde at det var visse problem med å få frakta opp utstyret som *Falken* hadde med. *Aftenposten* rapporterte at båtturen frå Vassenden til ulykkesstaden tok omtrent 1,5 time med motorbåt. Sidan det tok ei tid å få lossa alt materiellet hjelpeekspedisjonen hadde med seg, var det seint på kveld før ekspedisjonen nådde fram til Bødalen. Til tross for at dei hadde med seg lyskastarar til hjelp, var det ikkje mogleg å få utretta stort denne kvelden.⁹²

Andre flyaksjonar

Aftenposten var blant dei første som sendte fly til ulykkesstaden. Dei hyra inn Arild Widerøe til å fly dei over til Lodalen, og dei klarte å finne eit område ved den øvre delen av Lovatnet der det var mogleg å lande med eit sjøfly. Flyet blei straks sett inn i redningsarbeidet, og Arild Widerøe flaug to vender med skadde til Nordfjordeid. På Nordfjordeid var det berre nokre få veker tidlegare opna eit heilt nytt sjukehus.⁹³ Med flyet var også doktor Carl Christensen frå Ljan. Han reiste over på eige initiativ. Før han reiste tok han kontakt med legevakta og fekk samla inn litt utstyr før turen. Dette utstyret blei samla saman av Sanitetsforeininga.⁹⁴ Han uttalte seinare til *Aftenposten* at ”På det daværende tidspunkt hadde vi selvsagt ingen oversikt over katastrofens omfang, vi visste bare at en fryktelig ulykke var skjedd.”⁹⁵ Truleg var flyinteressa til Christensen ein av grunnane til at han reiste på kort varsel. Forfattar Gunnar Pedersen har skrive i ein artikkel om doktoren at han ofte var ute og flaug med Widerøe sine

⁹¹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Regjeringens hjelpeeskedisjon fremme i Bødalen”, *Aftenposten*, 14.09: 8.

⁹² Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Regjeringens hjelpeeskedisjon fremme i Bødalen”, *Aftenposten*, 14.09: 8.

⁹³ Artikkel utan kjent forfattar (2002), ”Nordfjord sjukehus og Singer”, *Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane*, 26.08. Henta 15.09.2014 frå

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/fylkesleksikon/1770066.html

⁹⁴ Artikkel utan kjent forfattar (1936), ”Regjeringen sender fly til ulykkesstedet”, *Aftenposten* 14.09: 9.

⁹⁵ Artikkel utan kjent forfattar (1936), ”Regjeringen sender fly til ulykkesstedet”, *Aftenposten* 14.09: 9.

fly. Arild Widerøe hadde teke kontakt før han reiste til Lodalen, og Christensen nytta seg då av høvet til å bli med for å hjelpe.⁹⁶ Christensen sitt initiativ er eit godt døme på at mange stilte på og ønskte å hjelpe til i ein vanskelig situasjon. I tillegg til piloten og legen, reiste også to av *Aftenposten* sine medarbeidarar. Dei skulle ta bilet og skrive skildringar av ulykkesstaden for avisa. Flyet tok av kring klokka 12, og var tilbake i Oslo kring klokka 21.⁹⁷ Også etter Tafjordulykka var *Aftenposten* raske med å sende eit fly til ulukkesstaden. Ulykkene vart mediehendingar og fekk stor merksemd både innanlands og utanlands.

Ein av dei som overlevde ulykka var Anders E. Bødal. Han skreiv seinare ned historia si om opplevingane denne natta. Her hevdar han at flyet frå Widerøe kom ein gang mellom klokka 10 og 11. Han fortel også at dette flyet var så lite at doktor Freihow ikkje ville bruke det til å frakte dei såra til sjukehuset på Nordfjordeid. Anders E. Bødal fortel vidare at flyet som doktoren hadde telegrafert etter frå Oslo kom berre nokre minutt etter, og at dette landa på vatnet kring Raudi. Dette flyet må då ha landa kring klokka 11.⁹⁸ Dette stemmer ikkje med andre kjelder. Dersom det stemmer at flyet frå Widerøe tok av frå Oslo kring klokka 12, landa det truleg på Lovatnet ein gang mellom klokka 13 og 14. Den offisielle hjelpeekspedisjonen, flyet *Falken*, reiste frå Oslo kring klokka 14, og landa i Stryn rundt klokka 16.30. Dette flyet var for stort til å lande på Lovatnet.⁹⁹ Sidan det var avisa *Aftenposten* som hyra inn flyet frå Widerøe, må ein kunne gå ut ifrå at det avisa skriv om flyekspedisjonen sin er korrekt. I situasjonen som Anders E. Bødal var i er det ikkje utenkelig at forholdet til tida vart feil. Samtidig var det òg andre som reiste til Loen med fly denne dagen. Frå Bergen kom det eit fly med utsendingar frå media. Dette landa klokka 11.30¹⁰⁰, og var truleg det flyet som Anders E. Bødal hugsa. Det er uansett lite sannsynleg at noko fly skulle lande på Raudi, med tanke på alle vrakrestane som låg i vatnet på dette tidspunktet.

Kvifor reiste private til Lodalen for å hjelpe dei som var råka? Lokalt vil nok dei aller fleste gjere sitt beste for å hjelpe dersom ei stor ulykke råkar nærmiljøet. Dette ser ein gjentek seg i store og små ulykker, og var også tilfelle etter dei andre store skredulykkene i første del av

⁹⁶ Pedersen, Gunnar (2012) ”Dr. Carl Christensen på Ljan, en bemerkelsesverdig mann”, *DittOslo.no*. 01.12. Henta 3.11.2014 frå <http://www.dittoslo.no/kultur/dr-carl-christensen-pa-ljan-en-bemerkelsesverdig-mann-1.5852416>

⁹⁷ Artikkel utan kjent forfattar (1936), ”Regjeringen sender fly til ulykkesstedet”, *Aftenposten* 14.09: 9.

⁹⁸ Nesdal, 1983: 93.

⁹⁹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Regjeringens hjelpeekspedisjon fremme i Bødalen” *Aftenposten*, 14.09: 8.

¹⁰⁰ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Hjelp frå Oslo”, *Fjordingen*, 16.09: 1.

1900-talet. Det private initiativet med fly og privatpersonar som doktor Christensen kan kanskje forklara med at erfaringa frå Tafjordulykka viste at det statlege initiativet var mangefullt og därleg førebudd. I all hovudsak trur eg at dette initiativet kom som ein reaksjon på at stat og regjering i lita grad hadde noko beredskapsplanar for slike ulykker. På mange måtar vart ein overlatne til seg sjølv og andre si godvilje når ulykker hende.

Eit statleg ansvar?

Etter ulykka var mange kritiske til staten si haldning og beredskap. Kritikken gjekk blant anna på manglande løyvingar til skredførebygging, därleg beredskap og manglande vilje til å betre beredskapen. Kva ansvar hadde eigentleg staten i slike tilfelle? Etter Tafjordulykka i 1934 kunne det kanskje vore naturleg å tenke seg at sentrale styresmakter ville styrke beredskapen, i tilfelle liknande katastrofar. Men då Lodalsulykka ramma to år seinare, viste det seg at staten heller ikkje denne gangen bidrog i noko stor grad.

Beredskap

Regjeringa sin redningsekspedisjon viste at sentrale styresmakter ikkje var førebudde på ei stor ulykke som Lodalsulykka. Fleire var kritiske til beredskapen staten hadde ved slike ulykker. Ein av dei var doktor Christensen som var med flyet *Aftenposten* sendte til ulykkesstaden like etter at nyhenda om ulykka vart kjent. Dette flyet var framme i Lodalen før hjelpekspedisjonen som regjeringa sendte i det heile tatt var klart for avreise frå Oslo. Då hjelpekspedisjonen nådde fram til Bødalen, hadde flyet frå Widerøe allereie frakta dei hardast skadde til sjukehuset på Nordfjordeid. Christensen var kritisk til at ein ikkje var førebudde på slike ulykker, og at det tok så lang tid til å få samla saman nødvendig utstyr og klargjering av transport. Christensen uttalte følgjande til *Aftenposten* sin utsending:

Men det er en ting jeg gjerne vil ha fremholdt i denne forbindelse, sier dr. Christensen, nemlig at det er en meningsløshet at vi ikke i sanitetsmessig henseende er utrustet til å møte en slik katastrofe som denne. Det har ved en rekke anledninger vist sig at det er absolutt nødvendig å ha både fly og utstyr parat til utrykning, men ingenting er blitt gjort for å rette på mangelen. Nu må det være siste gang at vi står uforberedt til å gripe inn på korteste varsel når en ulykke hender. Vi må nå få en Røde Kors-stasjon, som er slik utstyrt at syke og sårede ikke må ligge i timesvis og vente på hjelp.¹⁰¹

Røde Kors ønskte ei løysing med eit ambulansefly som kunne stå klart til bruk i katastrofesituasjoner som Lodalsulykka. Dette var noko dei jobba aktivt for å få til, men dei

¹⁰¹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Grufullt og forferdelig sier dr. Christensen", *Aftenposten*, 14.09: 8.

mangla midlar. Blant anna blei det vist til at begge flya som styresmaktene disponerte var inne til overhaling og reparasjon då meldinga om ulykka kom, og at ein miste verdifull tid mens dei venta på at *Falken* skulle bli klargjort. Dei ønskete derfor ei ordning med eit fly som til ei kvar tid skulle stå klart til avgang. Det blei blant anna peika på at Røde Kors i Sverige hadde to slike fly til sin disposisjon, mens ein i Noreg ikkje hadde noko slik ordning. Det blei teke til orde for at ein burde ha minst to fly som i Sverige. Eitt skulle vere lokalisert i Oslo, mens det andre burde stasjonerast ein stad i Nord-Noreg. Frå staten si side låg det ikkje føre nokon planar om å skaffe seg eit fly til dette føremålet.¹⁰²

Skredførebygging

Etter Tafjordulykka vart mange for alvor klar over kva fare ustabile fjellmasser kunne medføre. Etter ulykka ønskete fleire lokalsamfunn å få undersøkt fjell i sine nærmiljø, for å få avklart om dei var rasfarlege eller ikkje. Norges Geologiske Undersøkelse ønskete ei ordning der lokalkjente kunne setjast til å overvake utsette fjellparti, for å vurdere om sprekker og liknande var i rørsle.

Tafjordulykka må utvilsamt ha vekt mange minner blant dei overlevande frå førre Lodalsulykke. I vekene før 1936-ulykka hadde det vore mange småras og drønn frå Ramnefjell, akkurat som det hadde vore i vekene før ulykka i 1905. Kvifor hadde ikkje folket i Lodalen kravd å få undersøkt fjellet, og kvifor kjente dei ikkje igjen teikna på at noko var i ferd med å skje? *Bergens Tidende* fann det merkeleg at folk i Lodalen hadde observert ei sprekke i Ramnefjell over lengre tid utan at dei bad om å få den undersøkt. Ekstra rart fann avisat det etter Tafjordulykka to år tidlegare, som *Bergens Tidende* såg som ein rein parallel til dei to Lodalsulykkene.¹⁰³ Ei forklaring til dette var at dei trudde eit nytt ras ville støyte mot ura som låg att etter raset i 1905, og at den ville ta krafta frå raset. Dermed ville det ikkje kome ei stor bølgje som sist.¹⁰⁴ Dette er i tråd med det geologane hadde konkludert med etter førre Lodalsulykke, og truleg grunnen til at dei følte seg trygge. Sidan husa var bygd ein del høgare opp enn tidlegare tenkte dei truleg at ei eventuell bølgje uansett ikkje ville nå opp og gjere skade på husa. Det kan dermed verke som at folk hadde slege seg til ro med forsikringane dei hadde fått etter det førre raset i Lodalen, og dermed trudde dei ville vere

¹⁰² Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Røde Kors arbeider med anskaffelse av ambulansefly, men mangler penger”, *Aftenposten* 14.09. s 5.

¹⁰³ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”En hel skolekrets i Loen feiet ut i vannet” *Bergens Tidende*, 14.09: 1

¹⁰⁴ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Ulykken i Loen” *Bergens Tidende* 14.09: 3.

trygge for nye ras.¹⁰⁵ Samtidig er det mogleg at lokalbefolkninga ville ha bedd om ei undersøking av Ramnefjell dersom det hadde det vore meir kjent at NGU ønskete undersøkingar av rasfarlege fjell.

Anders Kvale ved Bergens Museum si geologiske avdeling tok til orde for at det burde setjast ned ein statleg skredkommisjon slik at ein kunne foreta undersøkingar og rapportere om utsette fjellparti. På den måten kunne ein ta førehandsreglar for å unngå slike omfang som ein no hadde sett.¹⁰⁶

Dagbladet meinte at staten hadde svikta etter Tafjordulykka, då dei ikkje hadde løyva særleg med pengar til NGU for å overvake rasfarlege fjellsider. Etter Tafjordulykka hadde statsgeolog Arne Bugge teke til orde for ei ordning der lokale kjentfolk skulle halde auge med fjellsprekker, og vidareformidle endringar til NGU. Dermed kunne NGU vurdere skredfara, og eventuelt evakuere områder der det var fare for ras. Avisa meinte at dette ikkje hadde fått tilstrekkelig merksemd, og at staten måtte ta sin del av skulda for at denne oppmodinga til fjellovervakning ikkje hadde vorte kjent. Dersom NGU hadde fått tilstrekkelig med midlar, ville dei hatt moglegheita til å informere fleire om dette. Avisa meinte at med to ulykker på to år, og 114 menneskeliv tapt, var det på tide at staten løyvde pengar til dette føremålet.¹⁰⁷

Også avis *Tidens Tegn* tok opp problematikken kring manglande midlar til skredovervakning. Direktør i NGU, Carl Bugge, opplyste til avisat at førespurnadar om undersøkingar av rasfarlege fjell hadde ein tendens til å drukne i byråkratiet. Først skulle førespurnaden gjennom kommunestyret, til fylkesmannen og deretter til Handelsdepartementet som hadde ansvaret for å skaffe midlane til undersøkinga. Direktøren meinte at problemet låg i at ingen eigentleg hadde ansvaret for desse søknadane, og at dei dermed oftast enda i at det ikkje kom noko løyving.¹⁰⁸ Også statsgeolog Bugge peika på dette i media. Til *Bergens Tidende* utalte han at han hadde åtvara om fleire rasfarlege stadar i Møre og Romsdal, utan at noko vart gjort. Også han meinte problemet låg i at søknadar skulle gjennom mange instansar før det

¹⁰⁵ Nesdal, 1983: 89.

¹⁰⁶ Kvale, Anders. (1936) "Staten bør nedsette en skredkommisjon", *Bergens Tidende*, 16.09: 1.

¹⁰⁷ Høyen, Ståle (1936) "Staten har ansvaret for skredet", *Dagbladet*, 15.09: 5.

¹⁰⁸ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Kunde raset i Loen vært forutsagt?" *Tidens Tegn*, 15.09: 5.

blei konkludert om tiltak skulle setjast i verk eller ikkje.¹⁰⁹ Truleg vart ikkje naturkatastrofar og ulykker sett på noko som var eit statleg ansvar og dermed vart det heller ikkje sett noko stort fokus på slike tiltak frå styresmaktene si side.

Mellan 1918 og 1927 undersøkte ein nedsett komité moglegheitene for ei offentleg erstatningsordning.¹¹⁰ Det kan tyde på at somme var betenkte over å innføre ei slik ordning, då det i ein stortingsproposisjon kan lesast at ”(...) å gi statsbidrag til ved enkeltstående ulykker kunne lett få betenklig konsekvenser”¹¹¹. Kan hende frykta dei at nokon skulle felle for freistinga å utnytte det nye systemet, eller kanskje dei var redde for at staten ikkje hadde økonomi til dette? Samtidig var styresmaktene klar over kva vanskar dei skadelidne etter ulykker møtte, og meinte at det var ”en mangel ved samfunnets økonomiske organisasjon at de som lider tap ved disse slags ulykker ikke skulle kunne sikres mot tapet”¹¹². Komiteen si innstilling gjekk ut på at dei ikkje såg noko grunnlag for oppretting av ei slik ordning. Staten fortsette dermed den praksisen dei tidlegare hadde hatt, med avgrensa støtte til skadelidne som sto utan midlar.¹¹³ Styresmaktene meinte med andre ord at dei ikkje hadde noko særskilt ansvar i samband med slike ulykker. Dette er truleg også grunnen til den manglande beredskapen. Dersom staten ikkje såg det som si oppgåve å ta ansvaret ved store ulykker, var det heller ingen særskilt grunn til at dei skulle ha store beredskapsplanar for å handsame desse. Etter Tafjordulykka vart det til dømes ikkje sendt nokon redningsekspedisjon. At regjeringa likevel sendte ein ekspedisjon til Lodalen kan vere eit teikn på at styresmaktene i større grad såg det som ei oppgåve staten burde ta på seg.

Samandrag

Tidvis kan det vere krevjande å setje eit skile mellom kva som var privat initiativ, og kva som var offentleg. Rett etter ulykka synest det å ha vore mest privatpersonar som reiste opp på eige initiativ, sjølv om dette raskt kom under offentleg organisering under lensmann Aarnes. Etterkvart var det det offentleg utnemnde utvalet beståande av ordførar Lunde, fylkesmann

¹⁰⁹ Artikkel utan kjent forfattar (1936), ”Skredfaren: Det er likesom ingen som har noget med det”, *Bergens Tidende*, 14.09: 11.

¹¹⁰ Også ei obligatorisk privat erstatningsløysing vart vurdert.

¹¹¹ Naturskadeloven 50 år (2011), i *Naturskadeordningens historie, Jubileumshefte*, henta 30.01.2014 frå <https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-for-ordningen> 11.

¹¹² Naturskadeloven 50 år (2011), i *Naturskadeordningens historie, Jubileumshefte*, henta 30.01.2014 frå <https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-for-ordningen> 11.

¹¹³ Naturskadeloven 50 år (2011), i *Naturskadeordningens historie, Jubileumshefte*, henta 30.01.2014 frå <https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-for-ordningen> 11.

Seip og lensmann Aarnes som stod for det meste som hadde med Lodalsulykka å gjere. Samtidig var dei avhengige av at lokale støtta opp om, og hjelpte til med rydningsarbeidet. Lensmann Aarnes fekk skryt for måten han handsama og organiserte hjelpe- og rydningsarbeidet på.¹¹⁴

Seinare kom det redningsaksjonar frå hovudstaden, både i privat og offentleg regi. Den offentlege redningsaksjonen må seiast å vere prega av därleg beredskap. Flyet var ikkje klargjort, og mykje tid gjekk vekk til å vente på dette. Den private redningsaksjonen med doktor Christensen i spissen var framme på ulykkesstaden før regjeringa sin var reist frå Oslo. I etterkant vart styresmaktene kritisert for manglande beredskap, blant anna frå den nemnte doktor Christensen. Også fleire av dei store avisene meinte at det var på høg tid at styresmaktene gjorde noko med beredskapen, og peika på Sverige sine ambulansefly som til ei kvar tid var klare for utrykking. Styresmaktene vart også kritiserte for manglande løyvingar til skredførebygging. Dette var særleg sett i samband med Tafjordulykka, og dei tiltaka som avisene, spesielt *Dagbladet* meinte burde ha kome etter den.

Om staten i røynda hadde noko særskilt ansvar i etterkant av store ulykker er ei anna sak. Ein komité i regi av Justisdepartementet såg ikkje noko grunn for at staten skulle ha noko ansvar for denne type ulykker. Komiteen gjekk inn for at styresmaktene skulle fortsette den praksisen dei tidlegare hadde hatt, med ei avgrensa støtte der dei meinte det var spesielle behov.¹¹⁵ Styresmaktene såg dermed ikkje dette som si oppgåve.

I dag er det sjølvsagt at styresmaktene grip inn og tek ansvaret for slike situasjonar som oppstod etter Lodalsulykka. I 1936 var det annleis. Den velferdsstaten Noreg er i dag kan på ingen måte samanliknast med Noreg anno 1936. Det store samfunnsengasjementet kan sjåast som ein reaksjon på manglande støtte frå staten. Lokalt var det offentlege involvert med diverse tiltak etter ulykka. Frå statleg hold var det mindre støtte, dersom ein ser vekk frå heilt umiddelbare tiltak.

¹¹⁴ A-391. Loenulykkan 1936. ”Loenulykken”. Statsarkivet i Bergen.

¹¹⁵ Naturskadeloven 50 år (2011), i *Naturskadeordningens historie, Jubileumshefte*, henta 30.01.2014 frå <https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-for-ordningen> 11-12.

Kapittel 4: Økonomisk støtte etter Lodalsulykka.

Etter Lodalsulykka strøymde det til med hjelp både frå fjern og nær. Svært mange ønskte å hjelpe dei skadelidne. Mange valde å donere pengar i regi av dei store innsamlingsaksjonane som blei sett i gang av media. Mykje av hjelpetiltaka etter ulykka vart sett i gang i regi av privat initiativ. Var det slik at private krefter måtte trå til grunna lite støtte frå styresmaktene, eller kom dette som eit ekstra tilskot til den hjelpa som det offentlege allereie sytte føre? Kven var det som tok initiativ til privat hjelp, kva gjorde dei, og kvifor?

Kva hjelpetiltak fanst det frå før?

I 1936 fanst det ikkje noko naturskadefond til å dekke skader grunna naturkatastrofar og liknande. Hadde denne ulykka hendt i dag ville ein kombinasjon av forsikringsselskap og Naturskadefondet dekka dei materielle skadane. Statens Naturskadefond blei oppretta i 1961¹¹⁶, og var ei formalisering av staten sine oppgåver med erstatning etter naturskader.¹¹⁷ I 1936 hadde ingen av husa i Bødal eller Nesdal forsikringar mot skader frå skred eller andre former for naturskader. Derimot hadde dei fleste brannforsikring¹¹⁸, men eg har ikkje kunne funne noko som tyder på at denne blei utløyst av skadane bølgjene forårsaka.

Fram til slutten av 1800-talet måtte dei skadelidne støtte seg på lokalsamfunna sine dersom ulykka ramma. Det offentlige tok i lita grad ansvar for å hjelpe dei skadelidne. I den forstand ein kan snakke om hjelp frå det offentlige kom dette i form av at matrikkelskylda som var knytt til eigedomen blei sett ned.¹¹⁹ Etter den første Lodalsulykka i 1905 fekk fleire av brukar avtak i skulda. Etter ulykka i 1936 vart det igjen nye avtak i skulda.¹²⁰ Skatten vart stort sett rekna ut frå størrelse på eigedom eller inntektsgrunnlag. Etter ulykkene fell størsteparten av

¹¹⁶ Lødrup, Peter. (2013) Statens Naturskadefond. I Store norske leksikon. 23.10. Henta 17.09. 2014 frå https://snl.no/Statens_Naturskadefond.

¹¹⁷ Naturskadeloven 50 år (2011), i *Naturskadeordningens historie, Jubileumshefte*, henta 30.01.2014 frå https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-for-ordningen_2.

¹¹⁸ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Skaden i Loen takseres til 1,1 mill. kroner”, *Bergens Tidende*, 18.09: 21.

¹¹⁹ Naturskadeloven 50 år (2011), i *Naturskadeordningens historie, Jubileumshefte*, henta 30.01.2014 frå https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-for-ordningen_7.

¹²⁰ Taksdal, Turid. 1974: *Etnologisk feltarbeid i Loen sommeren 1973*, Institutt for folkelivsgranskning. Universitetet i Oslo: 9.

inntektsgrunnlaget vekk, og då var det heller ikkje noko grunnlag å rekne ut skatt frå.¹²¹ I praksis hadde ikkje dette så mykje å seie for dei som hadde mist heimane sine i ulykker. Dei måtte uansett ta kostnaden med å bygge oppatt husa og erstatte alt innbu dei hadde mista.

Staten gav i somme tilfelle lovnadar om rentefrie lån til dei skadelidne.¹²² Furseth har derimot drege i tvil om desse låna faktisk blei noko av.¹²³ Under arbeid med Lodalsulykka har eg ikkje sett noko til at staten har gjeve noko lån til dei skadelidne. Derimot garanterte staten for eit lån som skulle gå til bygging av veg frå Bødal til Kjenndalen.¹²⁴

Kvifor blei det sett i gang private innsamlingsaksjonar til fordel for dei skadelidne?

Både ved den første Lodalsulykka i 1905, og Tafjordulykka, såg ein at folk rundt om i landet hadde eit stort behov for å hjelpe dei som vart ramma. Etter Lodalsulykka i 1905 blei det samla inn kring 27 000 kroner.¹²⁵ Etter Tafjordulykka i 1934 kom det inn over 500 000 kroner. Ein stor sum på denne tida.¹²⁶ Ein av dei fremste pådrivarane for å samle inn pengar til dei skadelidne etter Tafjordulykka var avis *Aftenposten*. Etter ulykka i Lodalen i 1936 var avis endå ein gang pådrivar for innsamlingsaksjonane, og la ut lister i ekspedisjonen sin og i A-Centralen. I aftannummeret same ettermiddag meldte avisat at det allereie var kome inn over 8 500 kroner. Eit teikn på at folk hadde eit stort ønske om å bidra til dei skadelidne i Lodalen.

Dagbladet viste til Tafjordulykka, og peika på korleis folket i Tafjord og Fjørå hadde reist seg att ved hjelp av gåver og donasjonar frå heile landet. Dei skreiv at tanken på at heile folket støtta dei var med på å gjere sorga og tapa etter Tafjordulykka lettare å bære. Det same måtte gjerast for folket i Lodalen. *Dagbladet* meinte at det var folk si plikt å donere gåver for å hjelpe dei skadelidne, og at det burde gjerast snarast mogleg.¹²⁷

¹²¹ Naturskadeloven 50 år (2011), i *Naturskadeordningens historie, Jubileumshefte*, henta 30.01.2014 frå <https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-forordningen> 11.

¹²² Naturskadeloven 50 år (2011), i *Naturskadeordningens historie, Jubileumshefte*, henta 30.01.2014 frå <https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-forordningen> 11.

¹²³ Furseth, 2009: 112.

¹²⁴ A-391: Loenulykka 1936. ”Ad Loenulykken 1936: Veibidrag Kjenndal Restaurant – Kjenndalsbreen.” Statsarkivet i Bergen.

¹²⁵ Strømme, Kristian, 2012: *På uthygg grunn i Arkivmagasinet nr 1. 07 Gruppen AS, Oslo*: 13.

¹²⁶ Furseth, 2009: 113.

¹²⁷ Artikkel utan kjent forfattar, (1936), ”Ulykken”, *Dagbladet*, 14.09: 1.

Ei av årsakene til at så mange bidrog økonomisk var truleg at media hadde eit stort fokus på ulykka i dagane og vekene som følgde. Den første tida gjekk det knapt ein dag utan at Lodalsulykka var nemnd. Spesielt hadde *Aftenposten* store oppslag om ulykka, men også dei andre store hovudstadsavisene hadde eit sterkt fokus på det som hadde skjedd i Lodalen. Også aviser andre stadar i landet skreiv mykje om ulykka. Til dømes sendte *Bergens Tidende* ut ei ekstrautgåve straks dei fekk kjennskap til ulykka.¹²⁸

Statsminister Nygaardsvold oppmoda folket til å gje gåver ved å uttale at dei midlane som måtte kom inn ved private innsamlingar ville kome godt med.¹²⁹ Furseth har peika på at det var vanleg at private trådde til når store ulykker ramma. Han viser til at folk sjeldan venta seg noko hjelp frå styresmaktene, og at dei var avhengige av hjelp frå naboor og andre som kunne bidra når ulykka ramma. Både Lodalsulykka i 1905 og Tafjordulykka er døme på dette. Også tidlegare har det vore organiserte innsamlingsaksjonar for skadelidne etter ulykker og naturkatastrofar. Furseth dreg fram Storofsen som eksempel på dette. Dette var så tidleg som i 1789, og skadeomfanget ville ifølgje Furseth ha kome opp i milliardbeløp dersom dette hadde vore i vår tid. Utover 1800-talet blei det stadig vanlegare med innsamlingsaksjonar i privat regi.¹³⁰

Formannskapet i Stryn kommune oppmoda også private om å bidra med nødhjelp, og sendte ut følgjande pressemelding i dei store avisene:

Ved den store ulykke i Loen er store verdier ødelagt i hele Lodalen. Flere av de etterlatte er uten eksistensmidler. Der er sørget for den nødvendige øieblikkelige hjelp, men det vil behøves store beløp for i nogen grad bøte skaden. Vi takker for den store deltagelse som er vist og for allerede innkomne beløp og vi tillater oss å rette en henvendelse til offentligheten og til pressen om fremdeles å trede støttende til. De innkomne bidrag vil bli forvaltet av formannskapet under offentlig kontroll.¹³¹

At Stryn kommune og andre aktørar oppmoda private om å trå til kan vere ein indikasjon om at dei ikkje hadde noko forventning om særleg hjelp frå styresmaktene.

¹²⁸ Artikkel utan kjent forfattar, (1936) "Bergens Tidende's ekstrautgave", *Bergens Tidende*, 14.09: 2.

¹²⁹ Artikkel utan kjent forfattar, (1936) "Staten yder øieblikkelig hjelp", *Aftenposten*, 14.09: 9.

¹³⁰ Furseth, 2009: 113.

¹³¹ A-391. Loenulykka 1936. "Til Norges Storting". Statsarkivet i Bergen.

Innsamlingsaksjonane

Eit sentralt spørsmål i denne samanhengen er kven det var som bidrog med midlar i desse aksjonane? To år tidlegare hadde det kome inn store summar til dei skadelidne i Tafjord. Støtta kom både frå inn- og utland. Eit anna spørsmål som melder seg, er kven det var som tok initiativet til å starte opp desse innsamlingane, og kvifor dei blei sett i gang? Også etter Lodalsulykka i 1905 blei det samla inn pengar til dei skadelidne. Denne summen var langt lågare enn summane som kom inn etter Tafjordulykka og den siste ulykka i Lodalen. Kvifor kom det inn mindre pengar i den første ulykka enn den andre?

Avisene var toneangjevande i innsamlingsaksjonane. Dei hadde stort fokus på ulykka og føljene den hadde for folket som budde der. Både store og små aviser over heile landet engasjerte seg for å samle inn pengar til dei skadelidne. Av dei organiserte innsamlingsaksjonane frå media er det spesielt *Aftenposten* som utmerkar seg.

Aftenposten hadde eit stort fokus på innsamlingsaksjonen sin. Allereie i morgenutgåva 14. september, dagen etter ulykka, hadde *Aftenposten* den første notisen om hjelp til dei skadelidne. Denne hadde overskrifta ”Hjelp de ulykkelige”¹³², ei overskrift som skulle kome til å bli gjentatt i nær kvar einaste utgåve dei neste par vekene. I denne notisen blei det peika på at mange av dei som hadde overlevd ulykka ikkje berre hadde mist store delar av familiene sine, men også alt dei eigde, og *Aftenposten* oppmoda derfor lesararane sine til å hjelpe dei skadelidne på beina att. ”Men mange varmhjertede mennesker føler i et slikt tilfelle trang til selv å yde de rammede medmennesker en håndsrekning, og det har alltid vist seg - sist ved Tafjordulykken - at de kommer såre vel med og blir mottatt med den største takknemlighet”¹³³.

Kven var det som bidrog med midlar?

Mange forskjellige aktørar bidrog med midlar til dei skadelidne. Avisene sine innsamlingsaksjonar hadde truleg stor effekt på privatpersonar. *Aftenposten* rykka inn detaljerte notisar med namn eller initialar på donasjonane som kom inn via dei. Desse innrykka gjev eit godt bilet på kven som bidrog, og kva dei bidrog med. Ein kunne lett tenkt seg at det var dei med best økonomi som donerte til dei skadelidne etter Lodalsulykka.

¹³² Notis utan kjent forfattar (1936) ”Hjelp de ulykkelige”, *Aftenposten*, 14.09: 1.

¹³³ Notis utan kjent forfattar (1936) ”Hjelp de ulykkelige”, *Aftenposten*, 14.09: 1.

Innrykka til *Aftenposten* viser derimot at det var store variasjonar på summane som kom inn. Folk bidrog med det dei kunne, og ein kan sjå summar på både ei krone og 50 kroner. Dette tyder på at ulykka rørte ved noko hos folk. Mange hadde eit behov for å hjelpe dei som var ramma, uansett storleik på bidraget. At ”alle” gav, viser ei av notisane *Bergens Tidende* trykte i høve innsamlingsaksjonen sin. Mellom alle bidraga, kan ein sjå at ”3 smågutter” har gjeve 5 kroner.¹³⁴ Kven gutane var, eller kor gamle dei var, får ein ikkje vete, men bidraget deira er eit godt døme på det mangfaldet av forskjellige gjevarar det var.¹³⁵ Også Kong Haakon sendte eit bidrag til dei skadelidne. Ein sum på 5000 kroner.¹³⁶ Etter ulykka i Lodalen i 1905 sende kongen også 5000 kroner. Det same gjorde han ved Tafjordulykka.¹³⁷ Også frå utlandet kom det donasjonar til dei skadelidne. I kontoutskriftene kan ein stadig sjå bidrag frå utlandet. Spesielt frå England kom det mange bidrag.¹³⁸ Grunnen til dette var truleg at Lodalen var eit ynda turistmål for engelskmenn. I tillegg hadde engelske aviser fleire artiklar om ulykka¹³⁹

Av dei større summane, var det helst bedrifter, kommunar og organisasjonar som donerte. Det kunne også vere grupper som hadde gått saman for å samle inn pengar som dei deretter leverte inn til avisresepsjonane. Dette var gjerne arbeidarar ved ein fabrikk, foreiningar eller tilsette i ei bedrift. Sjølv om det var mange privatpersonar som gav, var desse summane som oftast mindre.¹⁴⁰

Organisasjonar og bedrifter donerte ein stor del av midlane som kom inn etter ulykka. Også her ser ein variasjonar på summane som blei donert, alt etter økonomien til, og storleiken til givaren. Av avisene var *Aftenposten* tidleg ute, og gav 1000 kroner til dei skadelidne dagen etter ulykka.¹⁴¹ Andre bedrifter som gav store summar var til dømes Idun, Storebrand og Norges Brandkasse. Desse gav alle 10 000 kroner kvar. Dei tre bedriftene ønskta at det som

¹³⁴ Notis utan kjent forfattar (1936) ”Til de overlevende etter katastrofen i Loen”, *Bergens Tidende*, 18.09: 2.

¹³⁵ Det finnест fleire tilfeller der gjevarane var born. I kontoutskriftene for Loenmidlane kan ein til dømes sjå to tilfeller der ”tre småpiker” og ”fire småpiker” har gjeve høvesvis 16 kroner og 11,50 kroner. A-391. Loenulykka 1936. ”Utskrift av innkomne kontantbeløp på konto, oktober”. Statsarkivet i Bergen.

¹³⁶ Notis utan kjent forfattar (1936) ”Kongen gir 5000 kr”, *Aftenposten*, 15.09: 1.

¹³⁷ Furseth, 2009: 113.

¹³⁸ Til dømes blei det tidleg i oktober sendt ei særmelding frå Stryn Sparebank til fylket med donasjonar frå utlandet. A-391. Loenulykka. J.nr: H.5334. Statsarkivet i Bergen.

¹³⁹ A-390. Loenulykka 1936. J.nr: H.5258. Statsarkivet i Bergen.

¹⁴⁰ Ein og annan gang kan ein sjå større beløp gjeve frå ein enkelperson. Dette dreia seg sjeldan om meir enn 500 kroner. Slike donasjonar gjort av privatpersonar kom ofte frå utlandet. A-391. Loenulykka 1936. J.nr: H.5334. Statsarkivet i Bergen., A-391. Loenulykka 1936. ”Utskrift av innkomne kontantbeløp på konto, oktober”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁴¹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Hjelp de ulykkelige”, *Aftenposten*, 14.09: 1.

eventuelt ikkje vart brukt av summen dei donerte, skulle inngå i eit sikringsfond for liknande ulykker.¹⁴² Dette viser at sjølv om det frå det offentlege ikkje eksisterte noko organisert system som kunne yte hjelpe ved slike ulykker, fanst det tydeligvis grupper som likevel såg at det var eit behov for det og var villige til å gå inn med private midlar. I *Aftenposten* blei det til dømes teke til orde for at det burde organiserast eit landsomfattande redningskorps som kunne stå klar til å hjelpe ved slike situasjonar. I utgangspunktet var det Oslo kommune som fekk ein invitasjon om opprette dette på eige initiativ, men kommunen meinte at det beste ville vere om staten gjekk inn og donna eit slikt korps. Kommunen peika på at det ikkje var storbyane som hadde det største behovet for denne type assistanse, men dei avsidesliggende stadane ute i distrikta.¹⁴³ Dette viser at fleire såg verdien av å ha eit apparat som kunne stå klare til å rykkje ut ved behov.

Ein av dei organisasjonane som òg meinte at eit slikt redningskorps burde kome på plass var Røde Kors. Organisasjonen hadde eit stort engasjement etter ulykka. I tillegg til donasjonar frå organisasjonen sentralt, vart det i regi av Noregs Røde Kors også starta ei innsamling for dei skadelidne, der lokalavdelingane la ut lister rundt om i landet.¹⁴⁴ Kontoutskriftene frå Stryn Sparebank viser at mange lokallag samla inn pengar til dei skadelidne.¹⁴⁵ I tillegg til den første donasjonen, og aksjonane til lokallaga, hadde Røde Kors også fokus på Lodalsulykka i åra som følgde. To år etter ulykka vart det sendt i overkant av 10 000 kroner til dei skadelidne i Lodalen, resultatet av det som truleg var ei innsamling som hadde gått over tid.¹⁴⁶ Også frå utlandet kom det donasjonar frå Røde Kors. Frå Sverige kom det ein donasjon på 1000 kroner.¹⁴⁷

Mykje tydar på at mange av donasjonane kom via kyrkjer eller sokneråd. I alle fall kan ein lese av kontoutskriftene at det kom inn mange donasjonar gjennom kyrkjene og andre instansar som var knytt til kyrkjene. Ofte står det i utskriftene at donasjonen er komen

¹⁴² Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Til Loen-ofrene”, *Aftenposten*, 16.09: 1., A-390. Loenulykka 1936. J.nr: H.5111. Statsarkivet i Bergen.

¹⁴³ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Landsomfattende redningskorps”, *Aftenposten*, 23.09.: 3.

¹⁴⁴ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Hjelpen til de skadelidne strømmer inn fra alle kanter”, *Sundmørsposten* 15.09: 1

¹⁴⁵ A-390. Loenulykka 1936. J.nr: H.5333. Statsarkivet i Bergen.

¹⁴⁶ A-390. Loenulykka 1936. J.nr: H.6193. Statsarkivet i Bergen.

¹⁴⁷ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Hjelpen til de skadelidne strømmer inn fra alle kanter”, *Sundmørsposten* 15.09: 1

gjennom minnegudstenester eller liknande.¹⁴⁸ Truleg var Lodalsulykka tema for mange gudstenester landet rundt i dagane og vekene etterpå.

Det var mange innsamlingar som ikkje gjekk via avisene. Dette gjaldt blant anna fleire sanitetsforeiningar og typiske kvinneforeiningar. Utskriftene viser også at fleire Rotaryklubbar frå forskjellige stadar i landet, og også utlandet, hadde innsamlingsaksjonar.¹⁴⁹ Ved sidan av innsamlingsaksjonar og donasjonar frå bedrifter og kommunar, blei det helde fleire arrangement til fordel for dei skadelidne, eller inntektene frå planlagde arrangement blei donert til dei skadelidne. Avisene skreiv stadig om oppsetjingar eller utloddinger der billettinntekter og liknande gjekk til Loen. Til dømes løyvde Oslo Filharmoniske inntekta frå premierekvelden sin til dei overlevande etter Lodalsulykka.¹⁵⁰

Mange kommunar rundt om i landet ønskte å støtte dei overlevande og dei skadelidne. Avisene sine innsamlingsaksjonar varte gjerne eit par veker, før pengane blei sende til fylket eller Stryn kommune. Pengane som kommunane donerte blei derimot sendt raskt av garde, noko som syner att på utskriftene. Før utgangen av september hadde 33 kommunar sendt pengar for å hjelpe dei skadelidne.¹⁵¹ Storleiken på desse bidraga varierte. Det kan verke som om bidrag frå kommunane følgde same prinsippa som bidrag for private. Summane varierte sannsynligvis etter korleis kommunane stod økonomisk. Store kommunar med god økonomi har gjeve store summar. Av dei kan nemnast Oslo, Bergen og Aker.

Allereie dagen etter ulykka blei det vedtatt i Oslo finansutval å løyve 15 000 kroner til dei råka av ulykka. Desse pengane blei overført til fylkesmannen i Sogn og Fjordane til ”avhjelp av den øieblikkelige nød i forbindelse med Loen-ulykken”.¹⁵² I tillegg til pengesummen sendte Oslo òg hjelp i form av medisinsk materiell og personell i samband med regjeringa sin redningsekspedisjon med *Falken*. Utlegga Oslo kommune hadde med dette materiellet blei

¹⁴⁸ A-391. Loenulykka 1936. Utskrift av innkomne kontantbeløp, oktober. Statsarkivet i Bergen., A-390. Loenulykka 1936. J.nr: H.5333. Statsarkivet i Bergen.

¹⁴⁹ A-391. Loenulykka 1936. Utskrift av innkomne kontantbeløp, oktober. Statsarkivet i Bergen.

¹⁵⁰ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Tusener vil overvære bisettelsen av Loen-ofrene”, *Aftenposten*, 15.09: 2.

¹⁵¹ A-390. Loenulykka 1936. J.nr: H.5333. Statsarkivet i Bergen.

¹⁵² Oslo Byarkiv, Finansrådmannen, Loen-ulykken – bidrag til nødhjelp, 1936-1936, Db/L0174/0003.

sidan betalt tilbake av Loenmidlane.¹⁵³ Også etter Tafjordulykka var Oslo kommune tidleg med å sende pengar til dei skadelidne.¹⁵⁴

Kontoutskriftene kan tidvis vere noko misvisande. I desse kan ein til dømes lese at avisa *Bergens Aftenblad* har gjeve fleire store summar.¹⁵⁵ Desse kjem sjølv sagt frå innsamlingar. Kven som har donert pengane til *Bergens Aftenblad* får ein ikkje noko informasjon om, med mindre avisa sette inn notisar med donasjonar fortløpende. Sidan denne avisa, og fleire andre aviser som og figurerer på utskriftene ikkje er med i mitt utval, kan eg ikkje seie sikkert at dette blei gjort. Likevel er det truleg at dei fleste aviser som hadde innsamlingsaksjonar hadde denne praksisen. Om dei ikkje hadde innrykk for alle donasjonar som kom inn, er i alle fall mitt inntrykk at dei var nøye med å opplyse lesarane om den samla summen som var komen inn.

Løyvingar frå styresmaktene

Midlane som vart samla inn via private initiativ sto i sterkt kontrast til det økonomiske bidraget frå styresmaktene. Straks etter ulykka vart det sendt ein førespurnad frå lokale myndigheter om bistand frå regjeringa. Statsminister Nygaarsvold gjekk ut i media og forsikra om at ”Staten vil trede støttende til på alle måter¹⁵⁶”. Lokale myndigheter sende ein førespurnad til regjeringa om 20 000 kroner til umiddelbar hjelp etter ulykka. Dette vart innvilga. Beløpet blei brukt til å dekke dei umiddelbare utgiftene i samband med redningsarbeid, sjukehusopphald for dei skadde, transport og liknande.¹⁵⁷

Bortsett frå dei 20 000 kronene regjeringa løyvde til direkte hjelp rett etter ulykka, løyvde ikkje staten meir midlar etter Lodalsulykka. Etter Tafjordulykka løyvde ikkje regjeringa midlar, men fleire stortingsmenn sendte ut eit opprop om at dei oppmoda medborgarar til å gje bidrag til dei skadelidne.¹⁵⁸ Furseth meiner derfor at haldninga til styresmaktene ikkje nødvendigvis var representativ for folk flest, og heller ikkje for alle på Stortinget. Kvifor var det slik at staten var så lite inne i hjelpearbeidet og den økonomiske hjelpa? Bidraget på 20 000 kroner var lite i forhold til det som vart samla inn. I eit skriv til Justisdepartementet

¹⁵³ A-391. Loenulykka 1936. ”Til Norges Storting” Statsarkivet i Bergen.

¹⁵⁴ Furseth, 2009: 113.

¹⁵⁵ A-390. Loenulykka 1936. J.nr: H.5333. Statsarkivet i Bergen.

¹⁵⁶ Artikkel utan kjent forfatter (1936) ”Staten yder øieblikkelig hjelp”, *Aftenposten*, 14.09. s 9.

¹⁵⁷ A-392. Loenulykka 1936. J.nr: H.5233. Statsarkivet i Bergen.

¹⁵⁸ Furseth, 2009: 113.

peikar fylkesmann Seip og ordførar Lunde på at staten hadde komme billeg frå Lodalsulykka. Dei peika blant anna på at bidraget som regjeringa sendte berre dekka godt og vel halvparten av dei umiddelbare utgiftene etter ulykka. Resten av summen måtte dekkast av dei innsamla midlane. Dei viste òg til at staten hadde slokke å betale noko form for erstatning til dei skadelidne, då også dette vart dekka av det private gjevarar hadde donert.¹⁵⁹ Ser ein vekk frå det som vart gjeve over vegbudsjett, avgrensa dermed den statlege støtta seg til 20 000 kroner, samt redningsaksjonen med *Falken*. I forbindelse med denne var det i stor grad Oslo kommune som sytte føre nødvendig utstyr. Desse utgiftene vart seinare tilbakebetalt av Loenmidlane.

Sjølv om styresmaktene sjølvsagt såg behovet for hjelp, var det lite dei bidrog med. Derimot kasta dei ballen over til dei private, med oppmodingar om at folk måtte gje til dei skadelidne. Som eg var inne på i førre kapittel, såg ikkje styresmaktene det som si oppgåve å gjeve noko spesiell støtte til skadelidne etter slike ulykker. Dette er sannsynligvis også grunnen til at regjeringa ikkje løyvde noko meir pengar enn dei 20 000 kronene som blei stilt til disposisjon rett etter ulykka. På denne tida var staten sin økonomi avgrensa, og det er truleg også ein del av grunnen til at styresmaktene ikkje kunne bidra i nokon stor grad.¹⁶⁰ Dette var òg ein del av grunngjevnaden for at staten ikkje kunne bidra stort etter Tafjordulykka. Den gangen uttalte sosialminister Trygve Utheim at ”statens budgetmessige vanskeligheter”¹⁶¹ var ein av grunnane til at styresmaktene ikkje kunne love noko støtte til dei råka. Det statlege var likevel involvert i oppgåver som å setje i stand vegar og liknande etter Lodalsulykka, men dette var midlar som blei gjeve over vegbudsjett i etterkant. Desse midlane kan derfor ikkje reknast inn som noko form for umiddelbar hjelp i same forstand som innsamlingsaksjonane.

Kvifor vart denne innsamlinga så stor i forhold til 1905-innsamlinga?

Etter Lodalsulykka i 1905 kom det inn kring 27 000 kroner etter innsamlingsaksjonane. Etter dagens kurs var dette eit betydeleg beløp. Summen var likevel ikkje i nærleiken av summane som kom inn kring 30 år etter. Ein av grunnane til at innsamlingsaksjonane kasta mindre av seg etter denne ulykka kan vere at medietrykket var mindre. Avisene hadde færre moglegheiter til å få informasjon frå ulykkesstaden, sjølv om dei til ei grad dekka ulykka.

¹⁵⁹ A-391: Loenulykka 1936 ”Loenulykken 24.10.38” Statsarkivet i Bergen.

¹⁶⁰ Naturskadeloven 50 år (2011), i *Naturskadeordningens historie, Jubileumshefte*, henta 30.01.2014 frå <https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-for-ordningen> 11.

¹⁶¹ Furseth, 2009: 111.

Aftenposten var den avisa som hadde den breiaste dekninga den gang, men samanlikna med dekninga i 1936 var den heller lita. Truleg var det òg færre som hadde tilgang på aviser i 1905. Når folk flest i mindre grad hadde kjennskap til ulykka, er det naturleg at det heller ikkje kom inn like mykje i innsamlingsaksjonane. I tillegg kunne det på mange måtar verke som om det ikkje var så stor naud i Lodalen. I avisene stod det gjerne at ”Den oieblikkelige Nød er afhjulpen, og hjelp er tilbuddt fra alle Kanter”¹⁶². Dette kunne nok vere med på skape eit inntrykk av at situasjonen var under kontroll, og at dei skadelidne fekk den hjelpa dei trengte. Eit eksempel på at det kanskje var slik er eit innlegg i ei bergensavis ei tid etter ulykka. I eit innlegg blei det blei påpeika at det gjekk smått med innsamlinga. Forfattaren hadde hørt at folk flest hadde inntrykk av at det ikkje var noko stor nød i Lodalen.¹⁶³ Dersom dette var det rådande inntrykket hjå folk flest, kan det kanskje vere grunnen til at innsamlingsaksjonane kasta mindre av seg.

Samandrag

I dette kapittelet har eg teke føre meg den økonomiske støtta som strøymde til i kjølvatnet av ulykka. Lodalsulykka gjorde stort inntrykk på mange. Tilgangen på informasjon om ulykka og stoda til dei skadelidne var meir tilgjengelig enn tidlegare for folk flest. Hjelp og gåver strøymde til frå inn- og utland, og det var tydeleg at folk ønskte å hjelpe dei skadelidne. Dei store innsamlingsaksjonane rundt omkring i landet tyder på at dei fleste meinte at ein hadde eit felles ansvar for å hjelpe medmenneske som hamna i ein vanskelig situasjon.

Mange av innsamlingsaksjonane vart sette i gang av avisene, men også andre arrangerte innsamlingsaksjonar til fordel for dei skadelidne. Fleire arrangerte òg oppsetjingar der inntekta blei sendt til offera i Loen og Lodalen. Det same skjedde eit par år tidlegare, etter Tafjordulykka. Lodalsulykka i 1936 og Tafjordulykka har mange likskapstrekk. Begge utløyste store innsamlingsaksjonar landet over, og begge ulykkene fekk stor merksemd i media, også i utlandet. Denne merksemda var truleg ein av grunnane til at det kom inn så store summar til dei skadelidne. Bidraga kom frå alle samfunnsklassar, frå bedrifter, organisasjonar og kommunar. Kontoutskrifter for Loenmidlane viser at summane som kom inn varierte frå nokre ører til fleire tusen kroner. Ønsket om å bidra viser at ulykka rørte noko

¹⁶² Artikkel utan kjent forfattar (1905), ”Ulykken i Loen”, *Aftenposten*, 18.01.

¹⁶³ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. X. Naturskader korrespondanser D3 1873 – 1899. ”Nød eller ikke”. Statsarkivet i Bergen.

hos folk flest. Til saman kom det inn omrent 670 000 kroner til dei skadelidne. Etter Tafjordulykka kom det inn i overkant av 500 000 kroner, og etter den første Lodalsulykka i 1905 kom det inn 27 000 kroner. Grunnen til at det var så stor skilnad på summane som kom inn i dei to siste ulykkene i forhold til den første verkar å vere at folk flest ikkje oppfatta kor stor nauda var i Lodalen i 1905. Grunnen til dette er truleg at media hadde mindre fokus på den, og at folk ikkje fekk særleg informasjon om ulykka.

Det vart samla inn pengar gjennom aviser, organisasjonar og foreiningar. Mange kommunar sende bidrag til dei skadelidne, og fleire bedrifter valde òg å sende pengar. Det blei teke initiativ til at pengar som blei til overs etter at dei skadelidne hadde fått dekka sine tap kunne gå inn i eit nasjonalt hjelpefond for liknande ulykker i framtida. Dette viser at mange meinte at det var eit behov for snarleg hjelp etter ulykker, og står i kontrast til styresmaktene som ikkje ønskte å gå inn for noko slik ordning. Frå statleg hald var den rådande haldninga at folk måtte klare seg sjølv, og at lokalsamfunnet måtte trå til. Eit godt døme på at styresmaktene meinte at slike saker måtte løysast utan særleg innblanding frå staten er statsminister Nygaardsvold si oppmading om at private måtte trå til og støtte dei skadelidne. Frå statleg hald kom det ikkje fleire løyvingar enn dei 20 000 kronene til umiddelbar hjelp. Dette kan ha samband med at staten på denne tida hadde dårlig råd. Likevel vart det samla inn eit betydeleg beløp til dei skadelidne etter ulykka. I neste kapittel tek eg føre meg korleis desse midlane vart disponert.

Kapittel 5: Loenmidlane.

I samband med innsamlingsaksjonane og andre donasjonar kom det inn ein betydeleg sum til dei skadelidne etter ulykka. Desse pengane vart sett under offentlig kontroll. Innan utgangen av desember 1936 var det kome inn over 635.000 kroner, og i alt kom det inn kring 670 000. Det departementale utvalet hadde fekk oppgåva med å fordele midlane.¹⁶⁴ Midlane vart ikkje berre brukt til å dekke skadekostnadane til dei som hadde mista heimane sine i ulykka, dei vart og brukte til å dekke tapa andre hadde hatt i samband med ulykka. Dette kunne til dømes vere skader på naust, båtar og liknande. I tillegg vart og ein del av pengane brukt til å byggje ut eit nytt straumnett, og som garanti for lån. Ikkje alle var einige i disponeringane av Loenmidlane.

I dette kapittelet tek eg føre meg disponeringane av dei innkomne midlane. Eg kjem til å gå nærmare inn på dei retningslinjene som Loenutvalet nyttet seg av i samband med utdelingane. Eg vil og gjere greie for utdelingane og den kritikken som kom mot desse i etterkant. Eg har prøvd å vise både kva kritikarane la til grunn, men òg kva som låg til grunn for dei disponeringane som Loenutvalet valde å gjere. På bakgrunn av desse opplysningane har eg prøvd å kome til ein konklusjon om i kva grad kritikken var rettkomen eller ikkje.

Retningslinjer og utdeling

Like etter ulykka vart det utnemnt eit departementalt utval i regi av Justisdepartementet, som fekk ansvaret for organiseringa av etterarbeidet. Dette utvalet besto av fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Hans Kristian Seip, ordførar og banksjef i Stryn, Per Lunde, og lensmann i Stryn, Kristian Årnes.¹⁶⁵ I all hovudsak var det dette utvalet, samt Stryn kommune som sto for organiseringa av det meste som hadde med ulykka å gjere. Rolla til staten avgrensa seg etterkvart til godkjenningar av avgjerder gjort av Loenutvalet.

Før midlane kunne delast ut, måtte det setjast ein takst over skadane. Det blei derfor oppretta ei takstnemnd som skulle ha ansvar for å taksere øydeleggingar av eigedom og liknande. Nemnda som hadde ansvaret for midlane fekk utarbeida retningslinjer dei skulle følgje ved utdelinga. Desse retningslinjene baserte seg delvis på retningslinjene som vart utarbeida etter

¹⁶⁴ Heretter referert til som Loenutvalet.

¹⁶⁵ A-391: Loenulykka 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og om arbeidet til det departementale utvalg.” Statsarkivet i Bergen.

Tafjordulykka to år tidlegare.¹⁶⁶ Desse gjekk blant anna ut på at dei som hadde mist alt dei eigde skulle få full dekning av verdiane etter dette. Dei som hadde fått mindre skader ville få erstatning etter vedkommande si økonomiske evne. Med mindre skadar tenkte dei truleg på skader på naust, båtar, avlingar og liknande. Dette gjaldt helst for gardar som Hogrenning og andre gardar lenger nedover Lovatnet, samt ved Vassenden og vidare nedover mot Loen. Her var det ein del skader, men ikkje i slik skala som ved Bødal og Indre Nesdal. Blant dei som hadde lide mindre skader blei utbetalingane vurdert opp mot vedkommande si økonomiske evne. I dei tilfella der heile husstanden var omkomne skulle det i utgangspunktet ikkje gjevast noko erstatning. Truleg var dette for å unngå at slektingar skulle kunne krevje ein del av midlane som ei form for arv etter dei avdøde. Nokre unntak fanst det likevel. I dei tilfella der slektingane hadde vore avhengige av den eller dei som var omkomne kunne ein bli tildelt bidrag.

I samband med utbetalinga av midlar måtte dei råka gje ei erklæring om at dei ikkje skulle føre opp ny busetnad utan klarsignal frå myndighetene. Dette gjaldt i dei tilfella der eigedomen låg utsett til for ras. I byrjinga var det Justisdepartementet som skulle avgjere dette, men frå februar 1937 blei dette ansvaret overført til fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I tillegg blei det bestemt at kreditorar ikkje kunne ta utlegg i midlane som dei skadelidne fekk utbetalta.¹⁶⁷ Dette var truleg for at dei som hadde mista heimane sine skulle ha ei moglegheit til å få oppført eller kjøpt ein ny bustad framfor at pengane måtte brukast til å handsame gjeld. I enkelte tilfelle dekka Loenmidlane pantegjeld.¹⁶⁸ Loenutvalet var opne for å gjere enkelte unntak frå denne regelen, då det førekomm i alle fall eitt tilfelle av at vedkommande som hadde kausjonert for ein av dei skadelidne sto i fare for å miste sin eigen gard.¹⁶⁹

Loenutvalet virka i mange år etter ulykka. Hyppigast i perioden 1936 til 1939, men komiteen fekk fleire førespurnadar i åra etter dette òg. Hovudsakleg dreia dette seg om arvingar, eller folk som meinte dei hadde arverett til dei skadelidne og dei omkomne. Dei meinte dei hadde rett til å få utbetalte delar av restbeløpet etter innsamlingsaksjonen. Eit eksempel er ein person

¹⁶⁶ A-391: Loenulykka 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og om arbeidet til det departementale utvalg”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁶⁷ A-391: Loenulykka 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og om arbeidet til det departementale utvalg”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁶⁸ A-391. Loenulykka 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og om arbeidet til det departementale utvalg”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁶⁹ A-391. Loenulykka 1936. ”Loenulykken 24.10.38”. Statsarkivet i Bergen.

som i 1967 sendte førespurnad til fylkesmannen i Sogn og Fjordane om restbeløpet etter Loenmidlane, som han meinte fortsatt ikkje var utbetalt. Vedkomande peika på at han var rettmessig arving til eit av dei ramma bruka i Nesdal, og dermed burde ha rett på ein del av desse pengane.¹⁷⁰ Han fekk ikkje utbetalt noko frå Loenmidlane, då den siste utdelinga var i 1951. I underkant av 18 000 kroner blei etter det sett inn på ein konto i Stryn Sparebank. Dette beløpet var sett av til umiddelbar hjelp ved eventuelle ulykker seinare, i tråd med ønska til nokre av gjevarane. Ein sum vart òg sett av til vedlikehald av gravene til dei omkomne. Desse beløpa tilsvara rentene av summen på 670 000 kroner som kom inn via innsamlingsaksjonane og löyvingar.¹⁷¹

Utdelingane blei gjort i samsvar med dei retningslinjene som er skissert ovanfor. Brorparten av dei innsamla midlane blei utbetalt til dei skadelidne i februar 1937. Det blei då delt ut i overkant av 450 000 kroner av Loenmidlane.¹⁷² I tillegg blei delar av summen brukt til utgifter i samband med rydningsarbeid, straumforsyning og liknande. Loenutvalet brukte rapporten som takstnemnda hadde utarbeidd som grunnlag for utbetalingane. Grunnen til at ikkje heile summen blei utbetalt samtidig var at Loenutvalet ønskte å halde tilbake ein sum med tanke på klager på takstar og tilleggssøknadar som kunne kome i ettermiddag. I 1938 blei det utbetalt ein tilleggssum til ein del av dei skadelidne, då den opphavlege taksten på somme felt hadde vore ufullstendig.¹⁷³

Det blei og sett av ein ekstra sum som ville bli utbetalt til eigarane av dei bruka på Nesdal som ikkje vart råka av bølgja. Beløpet vart sett til 8000 kroner per bruk. Summen vart sett inn på ein sperra konto, og skulle utbetalast når spørsmålet om vidare busetnad i Bødal og Nesdal vart avgjort. Dersom det kom eit forbod mot vidare busetnad skulle pengane gå til anten flytting av hus, eller til å kjøpe seg ein bustad ein annan plass.¹⁷⁴ Sidan denne avgjerda drog ut i tid, gjekk Loenutvalet, etter innstilling frå takstnemnda, inn for at desse midlane skulle fristillast i 1938.¹⁷⁵

¹⁷⁰ A-392. Loenulykka 1936. J.nr: 660/67H. Statsarkivet i Bergen.

¹⁷¹ A-391. Loenulykka 1936. J.nr: 408/54H. Statsarkivet i Bergen.

¹⁷² A-391: Loenulykka 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og om arbeidet til det departementale utvalg”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁷³ A-391. Loenulykka 1936. ”Loenulykken. 24.10.38”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁷⁴ A-391. Loenulykka 1936. ”Loenulykken. 24.10.38”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁷⁵ A-391. Loenulykken 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og om arbeidet til det departementale utvalg”. Statsarkivet i Bergen.

I tillegg til å erstatte enkeltpersonar sine skadar på eigedomar og liknande, meinte Loenutvalet at det var deira plikt å også finne løysingar på andre problem som hadde oppstått etter ulykka. Loenutvalet meinte at det måtte kome raske avklaringar på spørsmålet om korleis elektrisitetsforsyninga skulle løysast. I tillegg såg Loenutvalet det som naudsynt å få på pass ein veg frå Vassenden og heilt fram til Kjenndalen. Grunnen til dette var blant anna for å kunne oppretthalde turisttrafikken i bygda, som utgjorde ei tilleggsinntekt for mange.

Kritikk mot bruken av Loenmidlane

Dei som stod for utdelingane av Loenmidlane måtte tolke ein del kritikk for korleis pengane blei brukt. Det same måtte nemnda som sette takstane etter ulykka. Etter den første taksten og utbetalingane kom dei ein del klager. Dermed måtte takstnemnda på ny gå over takstane dei først hadde sett. Dette førte til den tidlegare nemnte tilleggsutbetalinga i 1938. I den ordinære taksten vart det mellom anna lagt til grunn fleire takstalternativ, då dei på det aktuelle tidspunktet ikkje visste om busetnaden ville halde fram innerst i Lodalen. Spesielt takstane for dei resterande brukar på Nesdal verkar det som om det var vanskelig å fastsette. De var også mange som meinte at verdien på det som var blitt øydelagt var høgare enn kva taksten vart sett til. Samtidig var det ikkje nødvendigvis slik at utbetalinga var lik taksten. Eit døme på dette er Loen elektrisitetsverk. Taksten for dette var sett til 19 900 kroner, mens utbetalinga var på 10 000 kroner.¹⁷⁶

Då Loen elektrisitetsverk blei teke av bølgja vart heile Loen utan straumforsyning. For å løyse dette blei 50 000 kroner av dei innsamla midlane stilt til disposisjon, og Stryn elektrisitetsverk bygde linje frå Stryn til Loen. Av midlane vart 20 000 kroner gjeve som bidrag, og 30 000 kroner som rentefritt lån.¹⁷⁷ Dette vedtaket vart det i ettertid mykje misnøye med.

I si tid vart Loen elektrisitetsverk bygd privat av gardbrukarar frå Vassenden. Den straumen dei ikkje hadde behov for sjølve, vart seld. Utlegga deira ved bygginga var kring 40 000 kroner, men etter retningslinjene for utbetaling av midlane vart erstatninga på 10 000 kroner. Grunnen til den store skilnaden i dette tilfellet var regelen om at det skulle brukast skjønn dersom ein hadde lidt mindre skader. I dette låg det til dømes om ein hadde mista båt og naust, eller som i dette tilfellet: elektrisitetsverket. Dei som bygde Loen elektrisitetsverk

¹⁷⁶ A-391. Loenulykka 1936. ”Loenulykken. 24.10.38”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁷⁷ A-391. Loenulykken 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og om arbeidet til det departementale utvalg”. Statsarkivet i Bergen.

hadde ikkje lidt noko stor skade på gard og heim, derfor blei erstatninga mindre. Dette skapte harme hos eigarane,¹⁷⁸ men òg hos andre skadelidne som meinte at nemnda brukte innsamlingspengane på ein annan måte enn kva gjevarane hadde tiltenkt. Det var òg dei som meinte at Loenmidlane ikkje skulle brukast til denne type ting i det heile. I eit skriv til Loenutvalet blir det peika på at pengane var samla inn for å hjelpe dei som hadde mista heimane sine, ikkje for å bygge oppatt infrastrukturen i området.¹⁷⁹

Det at Loenutvalet ville tilføre midlar for å få klar ein veg til turistsesongen 1938 vart det også reaksjonar på. I eit avisinnlegg i *Fjordingen* i oktober 1937 kan ein lese at ”til næste ”sesong” kan den mest makabre turistveg i Norges land opnast for trafikk”¹⁸⁰. Vegen skulle gå vidare frå Bødal og heilt inn til Kjenndalen. Det blei argumentert for at det var gått bygdepolitikk i utdelingsnemnda, og at det viktigaste var å sikre turistdrifta i kommunen. Sigurd Nesdal peikar på at vegen som folk i bygda hadde venta på i mange år raskt vart ferdigstilt når det ikkje lenger var mogleg å frakte turistane via vatnet.¹⁸¹ Mange av dei som tidlegare hadde stått for transporten med båt var dessutan omkomne i ulykka. For Lodalen og Loen utgjorde turisme ei stor inntekt. Etter raset i september, samt etterrasa som kom utover hausten, vart det å transportere turistar over Lovatnet forbode.¹⁸² For å kunne oppretthalde turismen i bygda vart det bestemt å bygge veg. Før ulykka var det påbyrja arbeid på ein veg som skulle gå langs Lovatnet til gardane i Bødal. Denne vart bygd opp att, og det vart lagt opp til at vegen skulle fortsette heilt inn til Kjenndalen. Staten garanterte for eit lån på 160 000 kroner til denne strekninga. Rentene på lånet ønskte ikkje staten å garantere for, og det blei derfor sett av ein sum på 10 000 kroner av Loenmidlane.¹⁸³ Desse pengane vart det ikkje behov for. Grunnen til det var at Lodalen Dampbåtlag som bygde vegen, klarte å halde lånet på eiga hand.¹⁸⁴ Det blei likevel noko uro kring det at Loenmidlane blei sett av til dette formålet.

¹⁷⁸ Gamlesæter, Sverre (1937) ”Det er gått bygdepolitikk i Loenulykka”, *Fjordingen*, 06.10: 1, 3.

¹⁷⁹ A-391. Loenulykken 1936. ”Til den departementale komite.” Statsarkivet i Bergen

¹⁸⁰ Gamlesæter, Sverre (1937) ”Det er gått bygdepolitikk i Loenulykka”, *Fjordingen*, 06.10: 1.

¹⁸¹ Nesdal, 1983: 136.

¹⁸² A-391. Loenulykka 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og arbeidet til det departementale utvalg”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁸³ A-391. Loenulykka 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og arbeidet til det departementale utvalg”. Statsarkivet i Bergen.

¹⁸⁴ Dampbåtlaget blei danna då turistane blei frakta til Kjenndalen med båt. Etter at det blei bygt veg til Kjenndalen gjekk Dampbåtlaget over til å frakte turistane med bil og buss. Det gamle namnet beholdt dei. Nesdal 1983: 136

Det kan verke som om mykje av kritikken som vart retta mot bruken av desse midlane grunna på misforståingar og rykte. Pengane som vart sett til side som garanti for renter vart aldri brukt til dette formålet, og vart etter kvart frigjevne og gjekk inn i Loenmidlane att. Det er mogleg at folk gjekk ut frå at pengane, som vart sett av som garanti, var ein form for bidrag. I tillegg var det fleire som var misfornøgde med den erstatninga dei hadde fått etter ulykka. Det var nok difor ekstra hardt å godta at pengane som var komne inn vart brukt til andre formål enn til rein erstatning. I ein del lesarinnlegg, brev til Loenutvalet og fylket går det ofte att at bidragsytarane gav desse pengane for at dei skulle kome dei skadelidne til gode, og ikkje brukast på andre ting som til dømes vegbygging.¹⁸⁵ Det kan verke som om ein del meinte at heile summen skulle delast på dei som hadde mista gardane sine eller lide andre tap i ulykka. I nokre avisar vart det òg spekulert i om utdelingane etter både Lodalsulykka og Tafjordulykka skulle prøvast i rettssystemet. Ei av avisene som skreiv om dette først var *Gula Tidend*, og artikkelen vart gjeve att i andre avisar. Avisa etterlyste rekneskapen over utdelingane. Ho grunngav dette med at det begge stadar var stor misnøye med utkome av utdelingane, og fleire følte seg urettferdig behandla. Avisa peikte på at opinionen følte at midlane ikkje var delt ut etter den rette intensjonen, og at nemndene burde legge fram rekneskapa for utdelingane. Dette kunne få slutt på alle rykta som gjekk. Avisa drog fram elektrisitetssaka som eit eksempel, og peika på at det ikkje var noko behov for straum i Lodalen lenger: "At det av pengane skal lagast kraftledning for Lodalen for 50 000 kr. som folket hev lite eller inkje interesse for no, høyrest og rart ut. Folket meiner vel at det spørsmålet måtte løysast på annan måte."¹⁸⁶ Det er tydeleg at somme meinte dette var håplaus disponering av Loenutvalet. Samtidig var det fortsatt fleire innbyggjarar att i Lodalen, sjølv bygdene Bødal og Nesdal i stor grad vart fråflytta. Den nemnde elektrisitettslinja vart ikkje bygd lenger enn til Alexandra hotell i første omgang.¹⁸⁷ Det er difor mogeleg at mange i Lodalen følte at linja ikkje vart bygd for deira del, men for å syte for jamn straumforsyning til hotellet.

¹⁸⁵ Gamlesæter, Sverre (1937) "Det er gått bygdepolitikk i Loenulykka", *Fjordingen*, 06.10: 1, 3 , A-391. Loenulykken 1936. "Til den departementale komite.." Statsarkivet i Bergen A-391. Loenulykken 1936. J.nr: H.6121. Statsarkivet i Bergen.

A-391. Lodalsulykken 1936. "Komiteen for Lodalsulykken, gjennom hr. Lensmann Aarnes". Statsarkivet i Bergen.

¹⁸⁶ A-391. Loenulykka 1936. J.nr: H.6007. Statsarkivet i Bergen.

¹⁸⁷ Gamlesæter, Sverre (1937) "Det er gått bygdepolitikk i Loenulykka", *Fjordingen*, 06.10: 3. (Alexandra Hotell ligg i bygda Loen, ved Nordfjorden. Bygda Lodalen ligg mellom 3 og 13 kilometer lenger inn i landet).

I eit innlegg i lokalavisa blei det fremja eit forslag om at det i framtida måtte utnemnast utval som ikkje hadde lokal tilhørysle. Det vart hevda at ei nemnd med medlemmar som hadde tilhørysle til området hadde lettare for å la seg diktere av lokalpolitiske omsyn, som avsendaren meinte var tilfellet etter Lodalsulykka. Denne påstanden underbygga han med at han meinte at løyvingane til Stryn elektrisitetsverk og rentepengane til vegen til Kjenndalen ikkje ville ha kome dersom utvalet ikkje hadde tilhørysle til området.¹⁸⁸ Astor Furseth har peika på det motsette. Han meiner at innblandinga frå statleg hald i 1934 vanskeleggjorde utdelinga. Også i åra etter Tafjordulykka var det ein del diskusjon og misnøye kring korleis midlane vart delte ut. Mykje av dette gjekk ifolje Furseth på at den fulle verdien av tapa ikkje vart erstatta. I tillegg vart kring 110 000 kroner av Tafjordfondet halde tilbake i mange år, før midlane vart overført til Norddal kommune i 1972.¹⁸⁹ Også i samband med Lodalsulykka var det mange som meinte at utdelinga var urettferdig, då utvalet ikkje gjekk inn for å erstatte den fulle verdien av tapa. Saka med Loen elektrisitetsverk er eit døme på det, då eigarane fekk att 25 prosent av den opphavlege investeringa. I motsetnad til Tafjordulykka vart heile den innkomne summen etter Lodalsulykka delt ut til skadelidne, eller brukt på tiltak. Summen som sto att, rentepengane, vart frigjevne i 1985 etter vedtak frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Summen vart delt likt mellom grunneigarlaga i Bødal og Nesdal.¹⁹⁰

Var det grunnlag for kritikken?

Den offentlige kontrollen med Loenmidlane verkar å ha vore god. Fram til Justisdepartementet nedsette nemnda som skulle ha ansvaret for utdelinga av midlane, blei bidrag sette inn på ein konto i Stryn Sparebank. Etter at nemnda var fastsett blei det bestemt at alle bidrag som kom inn fortsatt skulle plasserast i Stryn Sparebank. Alle utgifter blei ført inn i rekneskap ved kommunekasseraren i Stryn, og deretter sendt til kommunerevisjonen, for så å bli vidaresendt til fylket og departementet.¹⁹¹ Når det gjaldt dei 20 000 kronene som regjeringa løylvde blei det ført eit eige rekneskap.¹⁹² Ved utbetalingar blei rekningane attestert av lensmann Aarnes, anvist av ordførar Lunde og deretter utbetalt av kommunekasseraren i Stryn. Alle utbetalingar er godt dokumentert, og før utbetalingane tredde i kraft måtte departementet godkjenne dei.

¹⁸⁸ Gamlæster, Sverre (1937) ”Det er gått bygdepolitikk i Loenulykka”, *Fjordingen*, 06.10: 3.

¹⁸⁹ Furseth, 2009: 115.

¹⁹⁰ A-392. Loenulykka 1936. J.nr: 3348/85/SV/aj. Statsarkivet i Bergen

¹⁹¹ A-392. Loenulykka 1936. J.nr: H.5233. Statsarkivet i Bergen.

¹⁹² A-392. Loenulykka 1936. J.nr: H.5233. Statsarkivet i Bergen.

Om pengane vart brukt etter dei vilkår som dei vart donert til er ei anna sak. Spørsmålet ligg i kvar grensa skal gå. Sjølv om pengane gjekk til å bygge elektrisk linje frå Stryn til Loen framfor å bygge nytt elektrisitetsverk i Loen, var sluttresultatet det same, nemleg at innbyggjarane fekk straum. Sjølv om linja ikkje gjekk heilt til Lodalen i første omgang, var mange av dei skadelidne flytta til Loen, og såleis fekk også dei glede av å få straum att. Kritikken gjekk stort sett ut på at dei som hadde lide tapa ikkje hadde noko nytte av straumen når den ikkje blei bygt lengre enn til Loen. Då avgjerda om straumforsyninga vart tatt hadde utvalet truleg i bakhovudet at dersom det vart bygd opp eit nytt elektrisitetsverk ved Loelva, kunne ein risikere at eit nytt ras utløyste ei flodbølgje. Eit nytt elektrisitetsverk ville då blitt øydelagt. Før Loenutvalet gav Stryn elektrisitetsverk oppdraget vart det meldt inn til, og godkjent av, Justisdepartementet.¹⁹³

Den nye vegen til Kjenndalen fremja sjølvsagt fleire sine interesser enn berre dei som hadde vore skadelidne etter ulykka. Mange aktørar tente på at turiststraumen vart heldt ved lage. At mange reagerte på bruken av Loenmidlane til dette føremålet er kanskje ikkje så rart. Samtidig vart det i realiteten ikkje brukt noko av midlane. Pengane var berre sett til sides i tilfelle det vart behov for dei. Truleg har det gått mange rykte som ikkje nødvendigvis har hatt rot i verkelegheita. Til dømes fekk Loenutvalet fleire førespurnadar om å utgreie for bruken av Loenmidlane. Desse førespurnadane kom frå både privatpersonar og frå aviser. Avisa *Gula Tidend*, som tidlegare hadde stilt spørsmål kring bruken av dei innkomne midlane var blant dei som ønskte innsyn i retningslinjene for utdelinga. Ei gruppe av dei skadelidne ønskte også eit detaljert rekneskap over kven som hadde fått kva av midlane. Dette ønsket vart avvist. Loenutvalet gav likevel ei utgreiing om kva som hadde kome inn, kva som var betalt ut når og kva som sto att på konto på det aktuelle tidspunktet.¹⁹⁴ Også avis *Gula Tidend* fekk tilgang på desse opplysningane. Også retningslinjene for utbetalingane var frigjevne.¹⁹⁵ Spesielt brevet frå nokre av dei skadelidne vitnar om at disponeringa av Loenmidlane må ha vore omdiskutert blant folk flest i distriktet. Ei eit brev til Loenutvalet blir det hevda at somme av gardbrukarane etter ulykka fekk det dobbelte av kva andre hadde fått.¹⁹⁶ Personen som skreiv

¹⁹³ A-392. Loenulykka 1936. J.nr: 6698. Statsarkivet i Bergen.

¹⁹⁴ A-391. Loenulykka 1936. J.nr: 1733/54 H. Statsarkivet i Bergen.

¹⁹⁵ A-391. Loenulykka 1936. ”Loenulykka og innsamlingi.” Statsarkivet i Bergen.

¹⁹⁶ A-391. Loenulykka 1936. ”Det maa snart takast ei beslutning um kva det skal vera til med Lodalen” Statsarkivet i Bergen

brevet var tydeleg misfornøgd med utvalet sine disponeringar, og kritiserte også tidsbruken. Han meinte at avgjerda kring den vidare busetnaden måtte kome snarast.

Slik eg ser det er det liten grunn for å kritisere Loenutvalet for dei disponeringane dei gjorde i samband med utdelinga av midlar. Midlane som vart brukt på elektrisitetslinjer frå Stryn, og rentegarantien for vegen til Kjenndalen var begge tiltak som kom bygda og bygdefolket til gode. Dette inkluderer også dei skadelidne etter ulykka. Utan fokuset på å klargjere vegen til turistsesongen ville det truleg teke lang tid før det vart ferdigstilt nokon veg til Bødal. Dersom Loen elektrisitetsverk hadde vorte bygd oppatt ved Vassenden, er sjansane store for at raset som gjekk i 1950 hadde øydelagd dette. Slik eg vurderer det har Loenutvalet prøvd å disponere midlane på ein mest mogleg rettferdig måte. I samband med dette kan det nemnast at skadane etter ulykka var på kring 1,1 millionar kroner¹⁹⁷, mens summen som kom inn etter innsamlingsaksjonane var på 670 000 kroner. Sjølv om det i skadetaksten ligg inne ein del punkt som vart utbetra av det offentlege i form av vegbudsjett og liknande, var summen som skulle dekke inn skadane etter ulykka mindre enn taksten. Dermed ville det ikkje vore mogleg for Loenutvalet å erstatte fullt ut dei skadane som folk hadde fått. I tillegg var taksten ikkje alltid samsvarande med den opphavlege verdien. Dette ser ut til å ha vore mykje av grunnlaget for kritikken.

Når det gjeld oppsitjarane i Ytre Nesdal vart det også ein vanskeleg situasjon. Dei fekk ikkje betalt ut full erstatning ut for gardane sine. Dermed vart det vanskeleg for dei å kjøpe seg ein ny stad å bu. Det var heller ikkje enkelt for dei å flytte attende til gardane sine så lenge det var fare for større eterras. Dette har mest sannsynlig ført til mykje frustrasjon. Eg har ikkje sett noko spor av at nokon har retta noko av misnøya si mot styresmaktene i denne saka, trass mangelen på støttetiltak derifrå.¹⁹⁸ Dette er med på å understreke at folk flest ikkje venta seg noko hjelp frå det offentlege i slike saker.

Samandrag

Innsamlingsaksjonane etter Lodalsulykka førte til at det kom inn kring 670 000 kroner til hjelp for dei skadelidne. Loenutvalet fekk ansvaret for disponeringa av desse midlane, og baserte seg på retningslinjene som hadde vorte utarbeidd etter Tafjordulykka då dei delte ut

¹⁹⁷ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Skaden i Loen takseres til 1,1 mill. kroner”, *Bergens Tidende*, 18.09: 21.

¹⁹⁸ Sett vekk frå brevet frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane og ordføraren i Stryn, nemnt i kapittel 3.

pengane til dei råka. I tillegg til at dei erstatta tap dei skadelidne hadde lede, vart òg noko av pengane brukte på tiltak i etterkant av ulykka. Dette gjaldt straumforsyninga som no skulle kome frå Stryn, og garantiar for rentepengar på eit lån Lodalen Dampbåtlag hadde teke opp for å bygge veg til Kjenndalen. Fleire meinte at desse disposisjonane var i strid med intensjonane som låg til grunn for innsamlinga. Blant anna blei det argumentert med at pengane vart samla inn for å hjelpe dei som vart direkte råka av ulykka. Altså dei som miste heimane sine eller fekk skader på eigendomane sine. Andre kritiserte taksten som vart sett, som ofta var lågare enn den opphavlege verdien. Utbetalingane var heller ikkje alltid i samsvar med taksten.

Bruken av Loenmidlane er godt dokumentert, og inga utbetaling vart gjort utan at Justisdepartementet hadde godkjent den. I tillegg var det fleire som måtte godkjenne utbetalingane før dei vart sende til departementet for endeleg godkjenning. Med andre ord gjekk utbetalingane føre seg i ordna forhold. Av den kritikken som kom mot takstnemnda og Loenutvalet sine disponeringar i etterkant kan eg ikkje sjå at den var heilt rettkomen. Det kan verke som om rykte og misforståingar har lege til grunn for noko av kritikken, mens misnøye over det somme meinte var låge erstatningar også har ført til kritikk. Disponeringane som vart gjort i forhold til elektrisitetssaka og vegsaka har såleis vore ein del av denne misnøya. Somme hevda i denne samanhengen at Loenutvalet tok lokalpolitiske omsyn, som ikkje nødvendigvis var til det beste for dei skadelidne. Etter å ha granska fleire kjelder i samband med dette arbeidet meiner eg at disponeringane Loenutvalet gjorde ikkje var kritikkverdige i den forstand som enkelte hevda. Det var likevel nokre av disponeringane som var noko på sida av kva pengane i røynda vart samla inn for. Spørsmålet botnar dermed ned i kva som var hjelp for dei skadelidne, og kven av dei skadelidne som skulle ha retten på desse pengane.

Kapittel 6: Avisene si handsaming av ulykka

Nyhenda om at det hadde hendt ei ny ulykke i Lodalen spreidde seg raskt. Allereie dagen etter ulykka kunne dei store hovudstadsavisene presentere mykje stoff. Blant anna kunne avisar landet over fortelje med stor nøyaktigheit kva som hadde hendt, kor mange som var omkomne, skadde og overlevande. Media hadde også god oversikt over det materielle skadeomfanget. Fleire avisar sendte eigne korrespondentar til Loen for å rapportere tilbake til redaksjonane, og det var nærmast eit kappløp om å vere den første avis som kunne presentere biletar frå ulykkesstaden. I dagane som følgde var Lodalsulykka brennheitt stoff i både store og små redaksjonar landet over. I dette kapittelet har eg funne det interessant å gå nærmare inn på kva avisene eigentleg skreiv i samband med ulykka. Kva var det avisene fokuserte på, og korleis blei dette presentert for lesarane?

I tillegg til rapportar om korleis sjølve ulykka hende var det nokre tema som gjorde seg gjeldande i alle avisene si dekning, både dei store og dei små. Alle avisene i utvalet hadde eit stort fokus på skadeomfanget og verdiane som hadde gått tapt i ulykka. I tillegg blei det fokusert mykje på innsamlingsaksjonane, og hjelpe- og rydningsarbeidet etter ulykka. Lodalsulykka gjorde stort inntrykk på folk landet over, og til og med gravferdene vart ei mediehending. Det temaet som avisene debatterte aller mest i tida etter ulykka var likevel spørsmålet om fortsatt busettnad i Lodalen. Dette var ei problemstilling som mange hadde ei mening om, og avisene følgde temaet tett. Fleire avisar stilte seg òg undrande til at folk ikkje kjende att teikna på at det kunne kome eit ras, spesielt med tanke på forhistoria i Lodalen og på Tafjordulykka to år tidlegare.

Hovudfokus for avisene

Dei store avisene hadde ei brei dekning av ulykka, og hadde hyppige innslag av stoff som kunne knytast opp mot Lodalsulykka. Det kunne blant anna vere meldingar om andre rasfarlege områder eller brev frå lesarane om deira minner frå bygda. Lodalen som reisemål var kjent for mange. Mange hadde vore der, andre hadde hørt om staden. Fleire hugsa nok at det hadde vore ei ulykke der 31 år tidlegare. *Aftenposten* sendte eigne korrespondentar til Lodalen for å forsyne avisar med nyhende frå ulykkesstaden og nærområdet. Korrespondenten meldte tilbake til redaksjonen at den bygda som tidlegare hadde vore kjent for sin storslegne

natur no såg ut som ein steinørken. Ein stad der ”vederstyggelighet har herjet og rumstrert”¹⁹⁹. Han kunne også melde om at det synet som hadde møtt han til ei grad overgjekk det som hadde hendt i Tafjord 2 år tidlegare.²⁰⁰

Fleire av avisene eg har gått nærmere inn på hadde eit stort fokus på kontrastane før og etter ulykka. Dette var med på å understreke kor stor skade ulykka voldte. Det viste også eit talande bilet på kor godt dei overlevande hadde reist seg etter førre ulykke, for så å miste alt endå ein gang. I dette låg det ein form for dramatikk som truleg feng fengarane, og som skapte stor sympati for dei skadelidne.

Kitch og Hume har forska på korleis media presenterer informasjon i etterkant av store ulykker. Dei viser til at media ofte unngår å trykke beskrivingar av skadane dei omkomne blir påført i ulykker der skadane er brutale. Dei meiner grunnen til dette ofte er at detaljane vil bli for grove og brutale på trykk. Dei peikar på at media heller har eit fokus på dei materielle skadane, og brukar desse som ein form for metafor for skadane på dei omkomne.²⁰¹ Dette viste seg også ved Lodalsulykka, der media i lita grad hadde noko fokus på kva skader dei omkomne og dei hardast skadde hadde. Rett nok skreiv avisene at det var problem å identifisere somme av dei omkomne, men dei nøyde seg med det. Dei gjekk ikkje nærmere inn på kva skader det var snakk om. Derimot hadde dei fleste avisene store reportasjar der dei fokuserte på det store skadeomfanget, og kva det ville kome til å koste å erstatte det som bølgjene hadde øydelagd.

Avisene fekk tidleg oversyn over skadeomfanget etter ulykka. Dette blei slått stort opp på førstesidene. Alle avisene kunne på eit tidleg tidspunkt vise til kor mange som var omkomne, kor mange som var funne att og kor mange som hadde blitt skadde i ulykka. Dei hadde også god oversikt over dei materielle skadane, og kunne tidleg fortelje lesarane sine kva bruk som var borte og kva bruk som sto att. *Aftenposten* kunne til dømes allereie i morgonnummeret sitt mandag 14. september opplyse om at det i alt var 73 menneske som var omkomne i ulykka, derav 43 frå Bødal, 26 frå Nesdal, 2 på Vassenden og 2 frå Sanden. Avisa meldte samtidig at

¹⁹⁹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Katastrofen som forvandlet en smilende bygd til en ørken”, *Aftenposten*, 14.09: 8.

²⁰⁰ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Katastrofen som forvandlet en smilende bygd til en ørken”, *Aftenposten*, 14.09: 8.

²⁰¹ Kitch, Carolyn og Hume, Janice, 2008. *Journalism in a Culture of Grief*, Routledge. New York: 8.

mange av desse ikkje var funne att endå.²⁰² Grunnen til at avisene kunne gå ut frå at desse var døde var sannsynligvis erfaringa frå liknande ulykker. Det hadde tidlegare vist seg at dei som ikkje vart funne raskt etter ulykka ofte ikkje vart funne att i det heile. Dette kom av at bølgja drog dei med ut på vatnet, oftast mens dei fortsatt oppheldt seg inne i husa sine. Dei blei derfor rekna som omkomne.

Kitch og Hume peikar på at det er vanleg at media har eit stort fokus på talet på omkomne etter slike ulykker, og at dei ofte dreg samanlikningar til andre store ulykker.²⁰³ Dette var òg tilfelle etter Lodalsulykka. Avisene viste fleire gangar til talet på omkomne både etter Tafjordulykka og den første Lodalsulykka.

Avisene hadde fleire reportasjar frå hjelpearbeidet i Lodalen. I desse reportasjane låg fokuset oftast på korleis organiseringa var lagt opp, kva framdrift dei hadde og kva utfordringar hjelpemannskapet sto ovanfor. På mange måtar kan desse reportasjane ha verka som ei påminning om at styresmaktene fråskreiv seg noko ansvar for ulykka. Det er mogleg at dette var ein av grunnane til at mange følte for å hjelpe dei skadelidne.

Gravferdene som mediehending

I dagane som følgde etter ulykka var det stor interesse for alt som hadde med ulykka å gjere. Avisene dekka til dømes gravferdene svært tett. Det var ikkje første gang gravferdene etter ei naturkatastrofe blei ei mediehending. Det same skjedde etter Tafjordulykka. Gravferdene vart haldne onsdag etter ulykka, og svært mange redaksjonar sendte reporterar for å dekke dei. Dagen etter ulykka kunne alle dei store avisene presentere større bildereportasjar frå gravferdene, og detaljar frå gudstenesta og det påfølgande vart grundig dokumentert.

Furseth skriv at dekninga av gravferdene etter Tafjordulykka vart like omfattande som dekninga av sjølve ulykka. Dette var òg tilfelle i Loen, der avisene meldte tilbake om førebuingar, graving av graver og organisering av sjølve gravferdene. Furseth skriv vidare at det avisene presenterte for lesarane var fakta og nøkterne framstillingar der det vart framheva kor hardt slag dette var for dei råka lokalsamfunna.²⁰⁴ Sjølv om dette òg til ei grad var

²⁰² Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”73 mennesker drept ved en flodbølge i Loen i går”, *Aftenposten*, 14.09: 1.

²⁰³ Kitch og Hume, 2008: 6-7.

²⁰⁴ Furseth, 2009: 107.

gjeldande for reportasjane frå Loen to år seinare, kan ein sjå ei vriding hjå dei større avisene som *Aftenposten*, *Dagbladet* og *Tidens Tegn*. Desse avisene skreiv om korleis dette var ei katastrofe for lokalsamfunnet, og dei refererte gjerne til enkeltindivid sine harde skjebnar. Ein av dei som det vart vist til var Sigurd Bødal. Han miste 13 personar av sin nærmeste familie og vart på mange måtar framstilt som eit symbol for dei store tapa familiene i Lodalen hadde lede.²⁰⁵

Avisene si rolle i innsamlingsaksjonane

Avisene skreiv mykje om sine eigne og andre sine innsamlingsaksjonar. Blant anna laga *Aftenposten* ei eiga sak på dette, der dei rosa folk for givargleda dei viste. Dei kunne òg melde at folk ofte stod i kø for å gje til dei skadelidne. Motivasjonen avisene hadde for desse innsamlingsaksjonane kan vere at dei såg eit behov som ikkje vart dekka av det offentlege. På mange måtar ville det vore underleg om dei skulle dekka ulykka utan å melde tilbake om korleis vanskane til dei skadelidne kunne løysast. Ved å invitere til ein felles dugnad engasjerte dei folk flest.²⁰⁶ Ved å skrive om desse innsamlingsaksjonane heldt dei òg engasjementet oppe, og dei daglege oppdateringane om innsamlingane var sannsynlegvis med på å auke gjevargleda hos folk. På mange måtar kan dette samanliknast med tv-aksjonar og liknande innsamlingsaksjonar i vår tid, der eit sterkt fokus på ei sak får folk til å ønske å bidra for å hjelpe. I si masteroppgåve om tv –aksjonen 2012 skriv Stine Grimsrud at ”Gjennom å vise lidelsen andre opplever, opplyses vi som seere og gis en mulighet for å bidra til å vere med å påvirke eller bedre deres hverdag som vil bidra til å løse noen av de påtrengende problemene.”²⁰⁷ Dette trur eg gjaldt i stor grad for avisene sine innsamlingsaksjonar etter Lodalsulykka også. Ved hjelp av retoriske grep, som til dømes bildesariar frå ulykkesstaden, historier om enkeltskjebnar som til dømes den tidlegare nemnde Sigurd Bødal, og store oppslag om dei veldige øydeleggingane lukkast avisene med å fange lesaren si interesse, og oppretthalde den. Furseth har peika på kontrastane mellom dei store, dramatiske overskriftene som kom i avisene etter Tafjordulykka, samanlikna med tidlegare naturkatastrofar, som den

²⁰⁵ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Tusener vil overvære bisettelsen av ‘Loen-ofrene’”, *Aftenposten*, 15.09: 2.

²⁰⁶ Dei lokale avisene, samt *Sundmørsposten*, hadde ikkje innsamlingsaksjonar slik dei større avisene hadde. Dette kom truleg av at folk i lokalmiljøa stilte opp på andre måtar, til dømes ved å gje dei overlevande husly, ved rednings- og rydningsarbeid og andre praktiske ting. I tillegg var avisene, i alle fall dei lokale, små, og nådde ikkje ut til så mange som dei store byavisene. For folk som budde langt vekke, var donasjonar den enklaste måten å hjelpe på.

²⁰⁷ Grimsrud, Siri, 2013: Retoriske vilkår i tv-aksjonen 2012. Masteroppgåve ved Universitetet i Agder: 22.

første Lodalsulykka. Han viser til at media ikkje hadde gjeve stort med spalteplass til liknande hendingar tidlegare, men at dette endra seg i samband med Tafjordulykka.²⁰⁸

Det kan òg tenkast at avisene, ved å ha eit stort fokus på innsamlingsaksjonane var med på halde interessa for Lodalsulykka oppe, og at dette dermed var med på å auke salet deira. I tillegg vart avisene viktige aktørar i hjelpeaksjonane, ved at dei var delaktige i innsamlingsaksjonane. Dette kunne vere med på å setje dei forskjellige avisene i eit godt lys, og var god reklame for avisene. I tillegg var det nok slik at då ei avis starta opp ein innsamlingsaksjon, måtte dei andre følgje på. Eg trur at det etter Tafjordulykka var ein slags automatikk i at avisene sette i gang innsamlingsaksjonar igjen. Dei hadde truleg erfart at dette var med på å auke nyheitsverdien.

For dei største avisene kan det verke som om dekninga av Lodalsulykka vart ei form for kappløp. Avisene kappast om å vere først på staden og presentere informasjon først. Ikkje minst verkar det som om det låg mykje prestisje i å vere den første avisa som kunne presentere biletet frå ulykkesstaden. Furseth har i samband med granskning av Tafjordulykka peika på at sjølve reportasjen vart ei mediehending.²⁰⁹ Nye hjelpemiddel, som til dømes fly, gjorde det mogleg å reise til Lodalen, dekke ulykka og likevel ha det med i avisa som kom ut dagen etterpå. Kommunikasjon var ikkje lenger eit problem. Avisene kunne dekke ulykker og andre hendingar uansett kvar i landet det måtte vere, utan at det tok lang tid før informasjonen kunne trykkast. Dette gjorde at nyhende om ulykka kom lettare ut til folk, og var truleg ein medverkande grunn til dei store donasjonane som kom inn til dei skadelidne. At det var viktig for avisene å kunne presentere biletet til lesarane sine viser ein notis i *Aftenposten* sitt aftannummer mandag 14. september, der avisa på førstesida opplyser om at ”en rekke nye billede” frå Bødal og Nesdal kan finnast på side 3.²¹⁰ Kitch og Hume har peika på at den tilfeldige og veldige situasjonen som oppstår i samband med naturkatastrofar, der mange liv går tapt, har stor nyheitsverdi grunna dei tragiske tilhøva.²¹¹ Det er sannsynleg at dei teknologiske framstega som betre kommunikasjon mellom redaksjonane i dei store byane og distrikta gjorde det mogleg for avisene å utnytte potensialet i slike nyhende. Tidene hadde

²⁰⁸ Furseth, 2009: 84.

²⁰⁹ Furseth, 2009: 107.

²¹⁰ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Over det vrakfyldte Loen-vann på besøk hos de overlevende”, *Aftenposten*, 14.09. s 1.

²¹¹ Kitch og Hume, 2008: 3.

endra seg ganske mykje på 30 år. Avisartiklane eg har gått gjennom frå 1905 var kortare og meir refererande, medan den på 30-talet hadde meir fokus på menneskelagnadar og katastrofar.²¹² Heile samfunnet var mykje meir ope. I tillegg var det sjølvsagt spesielt at katastrofen hadde skjedd to gangar på same stad. Noko som skapte ekstra merksemd.

Ny busetnad i Lodalen

Media spekulerte høgelydt i om det nokon gang ville bli ny busetnad i Lodalen. Generelt sett var haldninga frå dei store avisene at det umogleg kunne byggast oppatt noko busetnad grunna den store rasfaren. Dei stilte også spørsmål om i kva grad det var ansvarlig av det offentlege å tillate at det blei brukt av dei innsamla midlane til å bygge gardar som kanskje blei tekne av ei ny bølgje eller av ras.

Spesielt *Dagbladet* var sterkt imot ein ny busetnad i Lodalen. Avisa meinte at faren for eit nytt ras var så overhengande at det ville vere uansvarlig å bygge oppatt gardane. Som eit alternativ til ny busetnad lanserte ho Osmarka utanfor Molde. *Dagbladet* argumenterte med at det ville vere unaturleg å bygge oppatt i Bødal og Nesdal når ein hadde så mykje god og udyrka jord i Noreg. Dei meinte at løysinga som dei hadde lansert burde takast opp og vurderast seriøst.²¹³ Avisa gjekk så langt at ho karakteriserte det som eit sjølvmordsforsøk dersom ein bygde oppatt gardane. Ho var kritisk til at det vart bygd oppatt etter førre ras, og meinte at dersom det blei ny busetnad i Lodalen ville eit nytt ras ta livet av endå fleire menneske. *Dagbladet* tok derfor til orde for at staten måtte trå til og ordne det slik at dei skadelidne kunne busetje seg ein annan stad, med tilskot som gjorde at dei ville sitje like godt i det økonomisk som dei hadde gjort tidlegare.²¹⁴

Ikkje alle avisene var like bastante som *Dagbladet*, sjølv om dei tydeleg meinte at det ville vere feil å bygge oppatt brukta. *Tidens Tegn* sin utsendte reporter, Albin Eines, intervjuva skadelidne og andre i tida etter ulykka. Svara han fekk viser at det var delte meininger om det fortsatt kom til å vere busetnad i dalen. Han meldte tilbake til redaksjonen at folk han hadde snakka med opna opp for at det kunne vere mogleg dersom det var eit ønske frå dei

²¹² *Aftenposten* 17 januar – 25. januar 1905. *Bergens Tidende* 17. januar – 20. januar 1905. *Dagbladet* 17. januar 1905 – 25. januar 1905. *Stavanger Aftenblad* 17. januar 1905 - 25. januar 1905. *Sundmørsposten* 18. januar 1905 – 28. januar 1905. *Verdens Gang* 18. januar 1905 – 29. januar 1905.

²¹³ Artikkel utan kjent forfattar (1936), ”Flytt Loenbygda til Osmarka ved Molde!”, *Dagbladet*, 15.09: 1.

²¹⁴ Artikkel utan kjent forfattar (1936), ”Selvmordsforsøk – eller trygge kår på Norges beste jord”, *Dagbladet*, 19.09: 9.

overlevande. Samtidig vart det i reportasjen lagt vekt på at området var betrakteleg meir rasert denne gangen enn det hadde vore etter 1905-ulykka.²¹⁵ Sjølv om journalisten sjølv meinte det ville vere feil med fortsatt busetnad i Lodalen, var han overtydd om at folk kom til å flytte tilbake. Dette grunngav han med minner, familieband, sorga og alt som var knytt til staden. Han trudde også at sjølv om det rett etter ulykka var mange som sa dei kom til å flytte, kom dei ikkje til å gjere det når dei fekk alt litt på avstand.²¹⁶

Bergens Tidende kunne ikkje sjå for seg at det ville vere mogleg å nokon gang drive noko gardsbruk i Bødal eller på Nesdal, då all jorda var skrapa vekk av bølgja. Avisa meldte at ”snaue berget griner en i møte der hvor der før var veldyrkete gårder.”²¹⁷ *Sundmørsposten* meinte også at det ville verte vanskelig å bygge opp att gardane. Etter raset den 11. november meinte *Dagbladet* at det ikkje lenger burde vere noko spørsmål om det skulle vere fortsatt busetnad på Bødal og Nesdal. Avisa meinte at heile dalen burde leggast aude, og at det ikkje burde vere noko aktivitet der før fjellet hadde roa seg att.²¹⁸

Dei store avisene var raske med å bringe opp spørsmålet om vidare busetnad. Allereie i morgonnummeret 14. september spekulerte *Aftenposten* i om det ville vere mogleg å bygge oppatt gardane.²¹⁹ Andre aviser følgde opp, både med artiklar og intervju med dei skadelidne. Etter avisene sine spekulasjonar å døme kan det verke som om dei fleste hadde eit ønske om å flytte tilbake. I realiteten var det dei færraste som tok til orde for dette. Bødal var rasert, og det ville krevjast store midlar for å kunne drive gardane der i same skala som tidlegare. I Nesdal var det moglegheiter for vidare drift dersom ein ønskte det, men den store rasfaren og opplevingane frå ulykka sat i. Sonen til ein av gardbrukarane på Ytre Nesdal uttalte til *Aftenposten* at dei ønskten å flytte bort. Sjølv om dei hadde kome uskadde frå ulykka, klarte dei ikkje lenger å slappe av, då dei var konstant redde for at det skulle kome nye ras: ”Vi vil og må flytte vekk allesammen. De gårdene som står så noenlunde uskadt igjen får vi rive ned. Jeg våknet om søndag morgen og så fra vinduet mitt faktisk hele grenden bli ødelagt. Det vil jeg ikke opleve en gang til”²²⁰ Den same haldinga hadde fleire av dei som *Aftenposten* snakka med. Lokalkjende hadde inga tru på at det ville vere mogleg å bygge oppatt i Bødal, til det

²¹⁵ Eines, A. (1936) ”Vil de etterlevende søke tilbake til stedet for sin store sorg?”, *Tidens Tegn*, 15.09: 1.

²¹⁶ Eines, A. (1936) ”Vil de etterlevende søke tilbake til stedet for sin store sorg?”, *Tidens Tegn*, 15.09: 9.

²¹⁷ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Ulykken i Loen” *Bergens Tidende* 14.09: 3.

²¹⁸ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Fjellet har talt”, *Dagbladet*, 11.11: 3.

²¹⁹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Katastrofen”, *Aftenposten*, 14.09: 11.

²²⁰ Artikkel utan kjent fortattar (1936) ”21 døde er nå funnet i Loendalen”, *Tidens Tegn*, 15.09: 7.

hadde ulykka voldt for stor skade.²²¹ Ei gjennomgåande haldning hjå avisene, især dei store, var at Lodalen burde leggast aude. *Dagbladet* var heilt klart den avisa som flagga meiningsi høgast i denne saka. Avisa fokuserte mykje på farane med ei ny busetjing i dalen, og meinte det ikkje fanst noko anna løysing enn at det offentlige måtte nekte Lodølene å busetje seg der att.

På førespurnad frå *Aftenposten* uttalte ordførar Lunde at fokuset først og fremst var å finne flest mogleg av dei omkomne, samt å ta vare på dei attlevande. Mykje måtte ordnast før ein kunne byrje å tenke på vidare busetnad. Når ulykka var koma litt på avstand, og dei hadde funne gode løysingar på umiddelbare behov, kunne ein ta stilling til om det skulle leggast opp til vidare busetnad i Lodalen.²²² For dei lokale myndighetene var ikkje dette noko hovudfokus, men mange aviser var likevel svært opptatt av det. På mange måtar vart det presentert for lesarane som om at folk hadde eit sterkt ønske om å komme tilbake. Slik eg ser det var det dei færraste som hadde noko reelt ønske om dette. Dessutan var det fleire av dei overlevande som i realiteten ikkje var i posisjon til å meine stort om dette, då dei var svært unge. Andre hadde mista stort sett heile huslyden sin, så å byggje oppatt brukta må ha verka som ei umogleg oppgåve. Etter mi mening verkar det som om mykje av dramatikken kring ny busetnad til ei viss grad var oppkonstruert. Kanskje var det ein måte å halde ved like interessa frå lesarane, eller skape ekstra dramatikk etter at nyhenda om ulykka var i ferd med å legge seg.

Samandrag

Dekninga av Lodalsulykka vart med ein gang ei stor mediehending. Nyheitsverdien var enorm, og aviser landet over skreiv om ulykka i dagane som følgde. Avisene hadde god tilgang på informasjon frå ulykkesstaden, og kunne raskt gje lesarane sine ei skildring av kva som hadde hendt i Lodalen.

Alle dei store avisene kunne tidleg melde om kor mange som var drepne i ulykka. Dette er i samsvar med det Kitch og Hume skriv om at det første fokuset til media ofte er å vise til talet på omkomne, og beskrive det kaoset som rådar i etterkant.²²³ I tillegg var det eit stort fokus på dei store skadane og problema hjelpefolket stod ovanfor i ein situasjon der det var

²²¹ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Loen-katastrofen", *Aftenposten*, 15.09: 8.

²²² Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Loen-katastrofen", *Aftenposten*, 15.09: 8.

²²³ Kitch og Hume, 2008: 18.

vanskeleg både å kome seg fram til ulykkesstaden, og der dei hadde lite utstyr å hjelpe seg med.

Andre ting som sto i fokus hjå avisene var dei store innsamlingsaksjonane som blant anna media var initiativtakarar til. Det store fokuset på dette kom nok delvis av at det ikkje var noko tradisjon for at styresmaktene bidrog med støtte til dei råka. I tillegg hadde truleg dette også den effekten at avisene fekk meir å skrive om, og at dei kunne halde lenger på merksemda til lesarane. Avisene hadde ei grundig dekning av ulykka, og presenterte stadig dramatiske nyhende frå Lodalen som sannsynlegvis var med på å halde oppe interessa hjå lesarane. Dette hadde truleg òg verkandar på innsamlingsaksjonane, då folk stadig vart minna på nauda etter ulykka.

Noko av det avisene skreiv mest om, var om det kom til å bli noko vidare busetnad i Lodalen. Grunna forhistoria, med eit stort ras i 1905, og med spådomar om at det ville kome til å rase meir i åra som kom, var avisene stort sett samde om at det ikkje burde vere noko vidare busetnad. Dei meinte òg at det i tilfelle nokon likevel ønskte å flytte attende så burde det ikkje bli gjeve noko støtte til dei frå dei innsamla midlane. Nokon aviser var meir bastante enn andre, og spesielt *Dagbladet* merkar seg ut som ein sterk motstandar av noko vidare busetnad. Sjølv om avisene skreiv mykje om temaet, var ikkje dette noko stort tema i verkelegheita. Dei fleste var innstilte på å flytte frå dalen.

For dei store avisene kan det verke som om dekninga av ulykka utvikla seg til ei form for kappløp, der det var viktig å vere tidleg på ulykkesstaden, presentere bilete for lesarane sine, og sende hyppige oppdateringar tilbake til redaksjonane. Fleire aviser sendte eigne journalistar til ulykkesstaden, og nokre aviser sendte også fly straks ulykka vart kjent. I forhold til tidlegare ulykker, var denne massive mediedekninga eit nytt fenomen. Ein såg det for første gang etter Tafjordulykka i 1934. Moglegheita for å få dagens nyhende med i morgondagens aviser låg til grunn for denne utviklinga.

Kapittel 7: Tida etter ulykka

Etter den umiddelbare hjelpeaksjonen måtte lokale og sentrale myndigheter ta stilling til kva tiltak som skulle setjast inn med tanke på framtidige ras, og vidare busetnad på Bødal og Nesdal. Rapportar frå NGU peika på at Ramnefjell fortsatt var rasfarleg, og det var forventa at det ville kome fleire ras i åra som følgde. I dette kapittelet tek eg føre meg tiltak som vart sette i gang ei tid etter ulykka, for å vurdere alternativa som fanst dersom det skulle vere trygt å bu og ferdast i Lodalen. Eg kjem òg til å gå nærmare inn på vurderingane frå fagfolk, og alternativa dei skadelidne hadde i forhold til kvar dei skulle busetje seg. Til slutt vil eg gå inn på det endelige valet dei fleste til slutt tok, om å flytte vekk frå Lodalen.

Tiltak for å sikre vidare busetnad kring Lovatnet.

Etter Lodalsulykka var det lenge ikkje avgjort kva tiltak som skulle settast i verk med tanke på vidare busetnad og drift i Lodalen. Nokre av brukta hadde kome frå det heile utan større skader, og somme var interesserte i å ta eigedomane sine i bruk att. Etter Lodalsulykka i 1905 hadde spørsmålet om vidare busetnad vore oppe til diskusjon. Den gangen blei det bestemt å bygge oppatt gardane.²²⁴ Sjølv om situasjonen var mykje lik då som i 1936, var det likevel nokre forskjellar som skulle vise seg å ha mykje å seie for avgjersla.

Før dei gjekk i gang med å med å bygge oppatt etter 1905-ulykka blei Ramnefjell vurdert med tanke på nye ras. Geolog Hans Reusch frå NGU undersøkte fjellet i 1906. Han konkluderte med at størsteparten av dei rasfarlege massane no hadde glidd ut, men at dei måtte rekne med at det ville kome mindre skred med tida. Han meinte likevel at desse skreda ville kome til å følge skredbana frå det førre skredet. Reusch peika òg på at eit framstikkande parti ville hindre at massane gjekk i vatnet på same måte som ved det store skredet i 1905. Samtidig som han ikkje kunne sjå bort frå at det kunne kome nye skred rekna han det som trygt å bygge oppatt på Ytre Nesdal, dersom dei bygde husa høgare oppe enn tidlegare. Husa ville då stå omrent 15 meter over vatnet, og trygge for skred meinte han. Også på Bødal blei husa bygd høgare oppe enn tidlegare. Sidan bølgja ikkje tok nokon hus på Indre Nesdal i 1905, vart husa ståande nede ved vasskanten. At husa på Indre Nesdal ikkje vart flytte lenger opp viste seg å verte skjebnesvangert for dei som budde der då raset i 1936 kom. Truleg vart det dyrt å flytte

²²⁴ Nesdal, 1983: 61.

husa, og kanskje tenkte dei at sidan den første bølgja ikkje hadde råka dei var dei trygge dersom det skulle komme fleire ras.

Etter at dei mest umiddelbare tiltaka som redningsarbeid, rydding av dei skadde områda og gravferdene var overstått, måtte utvalet ta stilling til vidare busetnad i Lodalen. Etter 1936-ulykka var det ikkje berre Bødal og Nesdal som låg i faresona dersom det skulle kome nye ras og flodbølgjer. Andre gardar rundt vatnet hadde òg vorte ramma og ville mest sannsynleg bli ramma igjen ved eit nytt ras. Granskingsrapportar tyda på at det ville kome til å rase igjen, og både Stryn kommune og styresmaktene var interessert i å finne ei god løysing. Også oppsitjarane i Lodalen ønskete å få ei avklaring om dei kunne halde fram med å bu i dalen eller ikkje. Denne avgjersla drog ut i tid, og det var fleire tiltak som var aktuelle eller oppe til diskusjon. Dette gjekk blant anna på moglegheitene til å sprengje ned dei partia dei meinte utgjorde ei fare, sementering av fjellsprekkene, og senking av Lovatnet. Utan at tiltak vart sett i verk ville det vere umogleg å tilråde noko vidare busetnad i Bødal og Nesdal, og andre bruk som låg nært Lovatnet ville òg ligge i faresona.

Etter ulykka blei det sendt ein førespurnad frå Loenutvalet til NGU om fortsatt busetnad i Lodalen. I førespurnaden ønskete utvalet å få svar på om det var mogleg å bygge oppatt gardane i Bødal og Nesdal, og i så fall korleis denne gjenreisinga burde gjennomførast for å sikre seg best mogleg ved ei ny ulykke. Dei ønskete òg eit svar på i kva grad dei brukte som fortsatt stod i Nesdal var trygge å bu på, samt om det fanst tiltak ein kunne gjennomføre dersom NGU ikkje tilrådde ny busetnad.²²⁵ Dette tyder på at Loenutvalet rekna med at dei overlevande etter ulykka kanskje ville ha eit ønske om å flytte attende til Lodalen.

Det var Loenutvalet som fekk hovudansvaret for å finne løysingar for Lodalen. Eit av alternativa dei greia ut var moglegheita for å få sprengt ned fjellknausar som låg utsett til. Etter raset i september hadde det hengt att ein knaus som dei rekna med ville kome til å rase ned. Avisene skreiv mykje om dette overhenget som hang att. Også dei lokalkjende var sikre på at det kom til å rase meir i nærmeste framtid. *Sundmørsposten* siterte ein av dei lokale som var i Lodalen dagen etter ulykka: ”Det lagar seg til meir. Fjellknausen halder fram, so vi er nok ikkje ferdig med desse”²²⁶. Det viste seg at denne mannen skulle få rett. Seinare same

²²⁵ A-391. Loenulykka 1936. J.nr: H.5234/36. Statsarkivet i Bergen.

²²⁶ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Naturkatastrofen i Loen” *Sundmørsposten*, 14.09: 2.

månad raste denne knausen ned, men fortsatt var det faretruande sprekker i Ramnefjell. Loenutvalet forhøyrd seg blant anna om det ville minske rasfaren dersom det blei gjennomført ei kontrollert nedspredding av utsette områder i fjellet. Statsgeolog Arne Bugge opna for dette i sin rapport rett etter ulykka, men han peika samtidig på at ei nedspredding i den forstand at ein blei trygge for nye ras ikkje ville vere mogleg. Grunnen til dette var at det høge vasstrykket i fjellet førte til at det stadig kunne kome endringar i grunnen, og dermed stadig nye ustabile områder.²²⁷ Det å sementere fjellsprekkene vart heller ikkje rekna som ei god løysing. Direktør Carl Bugge i NGU gjekk allereie tysdag etter ulykka ut i media og opplyste at han ikkje trudde dette ville ha noko verknad i dette tilfellet.²²⁸ Truleg ville vasstrykket i fjellet kunne sprengje ut fjellstykke sjølv om dei lukkast å sementere overflatene. I eit innlegg i *Bergens Tidende* peika kand. real. ved geologisk avdeling hos Bergen Museum Anders Kvale på at sementen ville bli broten ned, og at det dermed ikkje ville vere noko varig løysing.²²⁹

Det blei òg vurdert å fylle att sundet mellom Nesodden og Nesdal, der raset hadde treft vatnet. Dette vart vurdert som for dyrt. I tillegg til å fylle att måtte dei ha senka vasstanden samtidig. Dette ville eliminert sjansane for ei ny bølgje ved ras frå Ramnefjell, men ikkje frå andre nærliggande fjell som òg var rasfarlege.²³⁰ Både ved nedspredding og ved senking av vasstanden måtte grunneigarane fråskrive seg retten på erstatning dersom tiltaka førte til skader på eigedomane.²³¹ Det vart òg lufta eit forslag om å gjere om Lodalen til nasjonalpark. Det blei peikt på at dette ville løyse spørsmålet om ny busetnad i Lodalen.²³² Det ville naturleg nok då ikkje bli høve til verken busetnad eller drift av dei brukta som sto att.

Fleire tok til orde for at ein burde vurdere å senke Lovatnet for å unngå framtidige ulykker. Sidan det måtte forventast at det ville kome fleire ras frå Ramnefjell i framtida, meinte mange at dette ville vere med på å hindre at rasa forårsaka nye flodbølgjer. Avisa *Tidens Tegn* var ein av aktørane som stilte spørsmål ved om ikkje dette burde gjerast. På det tidspunktet avisatok opp problemstillinga var det endå ikkje avgjort om det kom til å verte fortsatt busetnad i Bødal og Nesdal. Dette var likevel ikkje hovudpoenget til avisat. Ho peika på at uansett om det

²²⁷ A-392. Loenulykka 1936. J.nr: H.5380. statsarkivet i Bergen.

²²⁸ Artikkel utan kjent forfattar (1936) "Kunde raset i Loen vært forutsagt?", *Tidens Tegn*, 15.09: 5.

²²⁹ Kvale, Anders (1936) "Staten bør nedsette en skredkommisjon", *Bergens Tidende*, 16.09: 1.

²³⁰ A-392. Loenulykka 1936. J.nr: H.5380. Statsarkivet i Bergen.

²³¹ A-392. Loenulykka 1936. J.nr: H.5232. Statsarkivet i Bergen.

²³² A-392. Loenulykka 1936. J.nr: H.5380. Statsarkivet i Bergen.

budde folk i Lodalen eller ei, hadde bølgja gjort stor skade på Vassenden, langs elveløpet og i Loen.²³³ For å hindre at slike skader skulle gjenta seg meinte avisas, og fleire med, at vasstanden burde senkast.

Dette var ein prosess som enkelte meinte drog ut i tid. Fleire ønskete ei avklaring, blant anna dei som hadde hus i Nesdal. Dei meinte at dersom Lovatnet vart senka, ville det vere lita fare for at eit nytt ras ville forårsake ei ny bølgje. Dermed ville det vere mogleg for dei å ta i bruk gardsbruken i Nesdal att. Ikkje alle ønskete å flytte tilbake, men i Nesdal var der fortsatt ein del jord att, og området kunne brukast både til produksjon av mat, får og som beite. Lokalavisa *Fjordingen* var blant dei som stilte spørsmål om kva det offentlege hadde tenkt å gjere med Lovatnet. I avisas blei det vist til ein av oppsitjarane i Nesdal, Sivert Nesdal. Han var ein av dei som engasjerte seg mest for å få ei avklaring om det fortsatt skulle vere busetnad i Lodalen eller ikkje, og meinte at avgjersla drog for mykje ut i tid. Avisa viste til at det i Loen var stor misnøye med at det ikkje blei gjort noko for å få senka vatnet. Det blei peika på at dersom vatnet vart senka, ville det vore mogleg å busetje seg både i Bødal og på Nesdal att. At kommunen fekk høve til å bruke av Loenmidlane til å byggje elektrisk linje frå Stryn til Loen var tydeleg med på å forsterke misnøya. Sivert Nesdal meinte at desse pengane heller burde vore brukt til arbeid med senking av Lovatnet.²³⁴ Truleg var han ikkje den einaste av Lodølene som meinte dette.

Ein artikkel i *Fjordingen* i juni 1937 viser at det blei undersøkt om senking av Lovatnet ville ha noko føre seg. Avisa viste til at folk frå Vassdragsvesenet hadde vore der i nokre veker for å kartlegge vatnet. Dei kom fram til at ei senking av Lovatnet ville føre til utrasingar kring vatnet i lang tid, gjerne opp mot 30 år etter senkinga. Grunnen til dette var at det ville ta tid før strandsona stabiliserte seg, og at det derfor måtte reknast med at grunnen raste ut på utsette stadar i mellomtida. Dette ville blant anna få følgjer for turisttrafikken til Kjenndalen, då vegen ville kome til å rase ut enkelte stadar. I følgje statsgeolog Gunnar Holmsen måtte dei då førebu seg på å innstille turisttrafikken for godt.²³⁵ Kaare Münster Strøm, dr.philos. i limnologi²³⁶, argumenterte i *Dagbladet* for at Lodalen burde avfolkast. Han peika på at for å vere heilt sikre ved nye ras, måtte det tappast kring 20 meter, ikkje 10, slik kartleggingane

²³³ Artikkel utan kjent forfattar (1936), ”Larm fra fjellet også i går. Hjelpearbeiderne i Bødal og Nesdal parat til å springe for livet”, *Tidens Tegn*, 16.09: 5.

²³⁴ Artikkel utan kjent forfattar (1937) ”Kva vert det til med Lodalsvatnet?”, *Fjordingen*, 17.03: 1.

²³⁵ Artikkel utan kjent forfattar (1937) ”Senking av Lovatnet vil valda utrasing kring heile vatnet”, *Fjordingen*, 23.06.: 1.

²³⁶ Vitskap om innsjøar, vassansamlingar og rennande vatn.

gjekk ut frå. Han viste til at dette ville vere svært kostbart.

Resultatet av undersøkingane enda med at det ikkje vart anbefalt å senke Lovatnet. Grunnen for dette var at det ville vere økonomisk uforsvarleg i forhold til dei fordalar det ville oppnå. Vassdragsvesenet kom fram til at ei senking på kring 10 meter ville koste omtrent 400 000 kroner. Det blei derfor bestemt å ikkje gå vidare med planane.²³⁷ På utvalet sin førespurnad om det var mogleg å sette i gang tiltak som kunne sikre ein eventuell ny busetnad på Nesdal og Bødal svara derfor statsgeolog Bugge at han ikkje rekna dette for særleg sannsynleg.²³⁸ Statsgeologen meinte at bruka på Ytre Nesdal, som ikkje hadde vorte råka, ikkje låg i noko faresone for å bli øydelagde ved eit nytt ras. Derimot var statsgeologen meir usikker på annan busetnad kring Lovatnet.²³⁹ Han tenkte då truleg på oppattbygging av dei bruka som låg på Sanden og Vassenden. Dei andre bruka kring vatnet, som heller ikkje hadde fått skader etter ulykka, låg trygt. Statsgeologen peika på at sjølv om husa låg trygt, ville ny busetnad føre med seg at folk ville opphalde seg på dei lågareliggende markene, og dermed vere i fare dersom det kom eit nytt ras. I denne samanhengen peika han på at dei truleg ikkje ville ha tid til å kome seg i sikkerheit før bølgja nådde dei.²⁴⁰ Utan at statsgeologen ønskete å ta noko bestemt stilling til spørsmålet om fortsatt busetnad, må svaret hans kunne lesast som ei åtvaring mot å buse seg kring Lovatnet att.

Skulle det byggast oppatt eller ikkje?

Grunnane til å bygge oppatt gardane sine etter rasa kunne vere mange. Dei hadde minner frå staden, dei hadde budd der heile livet, og det var dette området dei kjente til. Det var rett og slett heimen deira. Etter raset i 1905 blei alle gardsbruka bygd oppatt. Nesdal skriv at det var enkelte som vurderte å flytte, men det enda likevel med at dei blei verande i Lodalen. Anders E. Bødal skreiv i ettertid om rasulykkene, og skildringa av oppattbygginga etter 1905 viser at det blei lagt ned ein betydeleg innsats av gardbrukarane, sambygdingar og andre frå området for å bygge oppatt bruca. Skildringa hans viser at det tok tid å setje i stand bruca att, og at det gjerne tok 1-2 år før alt var på plass.²⁴¹ Sidan ulykka hendte på vinterstid i 1905 var det tele i jorda. Dette førte til at bølgja ikkje gjorde like stor skade på markene. Dermed kunne jorda i

²³⁷ A-391. Loenulykka 1936. ”En utredning om Loenulykken 1936 og arbeidet til det departementale utvalg” Statsarkivet i Bergen.

²³⁸ A-391. Loenulykka 1936. J.nr: H.5380. Statsarkivet i Bergen.

²³⁹ A-392: Loenulykka 1936. J.nr: H.5380. Statsarkivet i Bergen.

²⁴⁰ A-392: Loenulykka 1936. J.nr: H.5380. Statsarkivet i Bergen.

²⁴¹ Nesdal, 1983: 61.

Lodalen fortsatt drivast då våren kom, og det var kanskje ei medverkande årsak til at dei valde å bygge oppatt. Annleis var det i 1936. Sidan ulykka hendte tidleg på hausten førte dette til at bølgja gjorde store øydeleggingar på markene. Rundt heile vatnet, og spesielt i Bødal og Nesdal, vart dyrkjorda skylt vekk.

To år tidlegare hadde dei overlevande etter Tafjordulykka bygd oppatt heimane sine i Tafjord og Fjørå. Dei hadde då kjøpt jord som dei frakta til bygdene, og la den på der den gamle hadde lege.²⁴² Dette må ha kravd mykje tid og ressursar, og for mange utanforståande verka det sikkert ufattelig at dei valde å bygge oppatt på ny etter den ulykka som hadde vore. Etter å ha sett den veldige prosessen med å skaffe seg dyrkbar jord i Tafjord og Fjørå var det nok mange som gjorde seg nokre tankar om denne prosessen burde få gjenta seg. I Lodalen ville dette by på mykje ekstraarbeid i forhold til i Tafjord og Fjørå. Desse bygdene ligg nede ved fjorden, og ein kunne såleis frakte både jord og anna ein hadde bruk for via båt. Dersom ein skulle bygge oppatt gardane lengst innerst i Lodalen måtte ein først ha frakta jord og material til nye hus med lastebil til Vassenden. Deretter måtte ein ha frakta lasta vidare i mindre båtar over Lovatnet, då det ikkje fanst noko veg til Lodalen. Dette ville blitt både tidkrevjande og dyrt. I tillegg var det særskilt sannsynleg at ein måtte rekne med fleire ras i åra som kom. Dette gjorde at mange følte at Bødal og Nesdal burde avfolkast.

Fråflytting

Undersøkingar frå andre land viser at det etter naturkatastrofar er vanleg at dei overlevande ønskjer å vende tilbake til heimstaden sin.²⁴³ Dette viste seg etter den første Lodalsulykka, og også etter Tafjordulykka. Furseth peikar på fleire grunnar til dette. Blant anna er økonomi ein viktig faktor. Dei skadelidne har ikkje nødvendigvis midlar som gjer dei i stand til å kjøpe ein ny stad å bu, eller det kan vere vanskar med å finne noko anna. Etter Lodalsulykka i 1936 kom det inn nok midlar til at dei skadelidne kunne etablere seg på nytt andre plassar, men etter ulykka i 1905 var ikkje dette tilfelle. Ein annan teori Furseth lanserer er at dei overlevande ved å byggje oppatt gardane sine fortengte ulykka. Han viser til at dei overlevande ofte søker tilbake til normalen, eller i det minste ønskjer å legge planar for framtida, for å ha noko konkret å halde seg til.²⁴⁴ Ordføraren i Stryn hadde lite tru på at dei overlevande kom til å flytte frå Lodalen. På spørsmål om fråflytting uttalte han til avisar

²⁴² Høstmark, Halfdan (1936), "Bør Loen-grendene flyttes?", *Dagbladet*, 22.09: 5.

²⁴³ Furseth, 2009: 126.

²⁴⁴ Furseth, 2009: 126-128.

Tidens Tegn at ”riv ned en maurtue, og mauren bygger på samme visen og samme stedet. Slik tror jeg det går også her²⁴⁵”. Sjølv om folk hadde bygt oppatt tidlegare, viste det seg at dei fleste valde å flytte vekk denne gangen. Ingen vart nekta å flytte tilbake, men det var sterke åtvaringar mot det. I tillegg vart det lagt restriksjonar på utbetalinga av Loenmidlane dersom pengane blei brukt til å setje i stand att brukta.²⁴⁶

Dagbladet hadde eit forslag om å flytte dei skadelidne frå Lodalen til Osmarka utanfor Molde. Lokalavisa *Fjordingen* lanserte eit forslag om at Lodølene kunne busetje seg i Heggjadalen i Hornindal, nabokommunen til Stryn.²⁴⁷ *Sundmørsposten* meldte om at det var mogleg for dei skadelidne å busetje seg i Øre i Møre og Romsdal. Kommunen tilbaud seg å utparsellere jord dersom det skulle verte aktuelt, og folk i området var positivt innstilt til å ta i mot Lodølene.²⁴⁸

På somme av bruka i Bødal var det born og ungdomar som sat att. I andre tilfelle hadde ein av foreldra overlevd, men jamt over var det berre eit par-tre personar som var att på kvart bruk.²⁴⁹ Dei aller fleste valde å flytte frå staden. Det vart inga kollektiv flytting av dei overlevande, verken til Osmarka eller til Heggjadalen. Dei overlevande fann seg nye heimar på eiga hand. Dei fleste busette seg i nærområdet. Somme valde å flytte ned til Loen, mens mange flytte til nabobygdene Stryn og Olden.²⁵⁰ I følgje Sigurd Nesdal var det ikkje fast busetnad i Lodalen ovanfor garden Hogrenning, omtrent midtvegs på vatnet, etter utgangen av 1936.²⁵¹

Bødal og Nesdal var likevel ikkje lagt øyde. Våren 1937 flytta ein av gardbrukarane som opphavleg var frå Nesdal til Bødal, og seinare kom det fleire som tok til å rydde opp gardane sine. Somme bruk vart òg pakta bort til andre. Det vart sett opp eit sameigehus i Bødal, der fleire av gardbrukarane og paktarane budde. Ikkje alle budde fast i Bødal, men reiste opp og hausta inn det dei kunne. Under andre verdskrig busette fleire seg i Bødal og Nesdal. Også i dag bur det folk i Bødal, mens Nesdal er fråflytta og står til nedfalls.

²⁴⁵ Eines, A. (1936) ”Vil de etterlevende søke tilbake til stedet for sin store sorg? Betraktnng fra Loen” ”*Tidens Tegn*, 15.09: 9.

²⁴⁶ Fram til 1938.

²⁴⁷ Artikkel utan kjent forfattar (1936) ”Kan Lodalen flyttast til Heggjadalen?” *Fjordingen*, 23.09: 2.

²⁴⁸ Notis utan kjent forfattar (1936) ”Øre vil gjerne ta imot”, *Sundmørsposten*, 18.09: 2.

²⁴⁹ Tenestefolk ikkje medrekna.

²⁵⁰ Tre valde å flytte lengre vekk. Desse flytta høvesvis til Bergen, Voss og Mo i Rana. Nesdal 1983: 129.

²⁵¹ Nesdal, 1983: 131.

Samandrag

Då dei umiddelbare oppgåvene etter ulykka var handsama, vart det opp til lokale myndigheter å gjere nødvendige undersøkingar for å fatte ei slutning om Bødal og Nesdal burde leggast aude eller ikkje. Loenutvalet sende førespurnadar til blant anna NGU og Vassdragsvesenet for å få utgreia om den vidare rasfaren, og om det kunne setjast i verk tiltak som kunne minske konsekvensane ved eit ras. Blant tiltaka som var vurdert var blant anna å spreng ned det rasfarlege området, å sementere fjellsprekkene for å hindre at vatn siva inn, og senking av Lovatnet. Det siste alternativet var det av tiltaka som i størst grad var vektlagt. Det var fleire grunnar til at senking av vatnet ikkje vart anbefalt. Senkinga ville medføre ras frå strandsona i fleire tiår framover. Dette ville øydelegge vegen, og også gjere det vanskeleg å bruke vatnet. I praksis ville dette bety at turistferdsla i bygda måtte avviklast. Det som truleg vart avgjerande for avgjerdsla, var prisen. Ei slik senking ville kome til å koste kring 400 000. Då var det sannsynligvis enklare å anbefale fråflytting.

Tilhøva var annleis ved denne ulykka enn den førre. Ulykka i 1905 hendte på vinteren, og telen i jorda førte til at bølgjene ikkje øydela så mykje av markene. Det var dermed eit grunnlag for vidare drift då dei bygde oppatt gardane første gangen. Etter den siste ulykka var det meste øydelagt av bølgjene, også matjorda. Grunnlaget for å bygge oppatt og drive gardane var dermed ikkje tilstade, utan at oppsitjarane hadde kjøpt jord og frakta den til Bødal og Nesdal. Dette ville bli både kostbart og tidkrevjande. Dei fleste hadde mist store delar av huslyden sin, og det ville då verte vanskeleg å starte på nytt for mange. Då var det truleg lettare å finne seg ein ny bustad ein annan plass, der dei slapp å bekymre seg for nye ras. Nokon få flytta attende til Bødal og Nesdal, men dei fleste flytta frå bygda. Dei fleste av desse valde å busetje seg i nabobygdene Loen, Olden og Stryn.

Kapittel 8: Konklusjon

I denne oppgåva har eg sett nærmare på reaksjonane som kom i samfunnet etter Lodalsulykka i 1936. Eg har også sett på dei tiltaka som vart sette i verk etter ulykka. Dette var til dømes innsamlingsaksjonar for å hjelpe dei som hadde mista hus og heim, eller lide andre former for tap i ulykka. Innleiingsvis skisserte eg opp nokre problemstillingar eg ønskte å sjå nærmare på i arbeidet med oppgåva. Desse problemstillingane vil eg gå nærmare inn på under, og vise kva svar eg har kome fram til.

Hjelpeaksjonane: Kven, kva, kvifor?

Noko av det første eg ønskte å finne eit svar på med denne oppgåva var kven det var som reiste til Lodalen rett etter at nyhenda om ulykka vart kjent, kva tiltak som vart sett i gang, og ikkje minst kva som dreiv folk til å hjelpe. Dei første på staden var naboar og folk frå distriktet. At folk frå lokalmiljøet var raske til å reise opp og hjelpe dei råka er ikkje rart. Dette ser ein ved andre naturkatastrofar og ulykker også. På mange måtar får slike hendingar fram det beste i folk. Dei første som kom til ulykkesstaden fekk i etterkant skryt for innsatsen dei la ned, og var truleg med på redde livet til fleire av dei som var alvorleg skadde.

Regjeringa sin hjelpeaksjon viste at styresmaktene ikkje var budde på slike hendingar. Den avslørte også at lite hadde skjedd sidan Tafjordulykka to år tidlegare. Dette heng sannsynligvis saman med at styresmaktene ikkje såg det som sitt ansvar å yte hjelp ved slike ulykker. I så tilfelle var Lodalsulykka eit steg framover i forhold til Tafjordulykka, då det frå styresmaktene si side den gangen ikkje vart sendt noko form for hjelpeaksjon til ulykkesstaden. Rett etter ulykka gav dei heller ikkje noko signal om å ønske å endre denne praksisen.

Det er også interessant med dei private aktørane utanfor distriktet som sende hjelpeekspedisjonar til ulykkesstaden. Eit av dei eksempla som eg har vist til tidlegare i oppgåva var den kombinerte ekspedisjonen til avisene *Aftenposten* og doktor Christensen frå Ljan. Det som i utgangspunktet var meint å vere ein måte for *Aftenposten* å få oppdaterte nyhende frå Lodalen på, vart til ein vellukka ekspedisjon som var til stor hjelp for hjelpearbeidet. Ved å fly ut dei hardast skadde pasientane sparte dei tid, samt at pasientane fekk raskare hjelp. For *Aftenposten* var dette ein vinn-vinn situasjon, då avisene samtidig som

dei fekk ferske nyhende frå ulykkesstaden kunne fortelje leserane at dei hadde bidrege i viktig redningsarbeid.

Innsamlingsaksjonane: ein reaksjon på manglande støtte hos styresmaktene?

Erfaringar frå tidlegare ulykker har vist at dei som vart råka på mange måtar var overlatne til seg sjølve. Dei skadelidne var prisgjevne sine eige nettverk av slekt, vennar og naboar som kunne stille opp og hjelpe dei når dei trengte det. Styresmaktene engasjerte seg sjeldan i etterkant av ulykker, og støtte derifrå avgrensa seg til skatteletter. I realiteten var ikkje dette noko form for støtte, då staten uansett ikkje ville kunne kravd inn skatt når det ikkje lenger fanst noko bruk å krevje skatten frå.

Det er difor sannsynleg at innsamlingsaksjonane som vart sett i gang etter Lodalsulykka var eit tiltak som kom i gang fordi dei visste at det ville vere den einaste forma for økonomisk støtte dei skadelidne ville få. Stortinget si avgjersle frå 1927 om å ikkje legge opp til noko forsikringsordning er med på å understreke at staten ikkje såg dette som si oppgåve. Oppmodinga frå statsminister Nygaardsvold om at folk måtte donere pengar til dei skadelidande viser at styresmaktene såg behovet for hjelp.

I denne oppgåva har eg vist til at det nok var fleire grupperingar i samfunnet som ikkje var einig i at staten ikkje skulle ha noko ansvar for innbyggjarar som blei råka av alvorlege ulykker. Blant anna tyder dei store donasjonane frå enkelte bedrifter på dette. Desse bedriftene gav uttrykk for at dei ønskte eit fond for framtidige ulykker, dersom det skulle verte midlar att etter erstatningsutbetalingane. Eg meiner dette viser eit byrjande initiativ til ei ordning som ikkje eksisterte frå før, og som dei truleg såg på som ein mangel i samfunnet. Likevel kan det verke som om styresmaktene følte eit visst ansvar, då dei sendte 20 000 kroner til hjelp i Lodalen. Samtidig må ein ta i betraktning staten sin avgrensa økonomi på denne tida.

Eit interessant funn i samband med desse innsamlingsaksjonane er variasjonane mellom summane som kom inn. Det tyder på at folk gav etter moglegheit, og at det ikkje nødvendigvis var slik at det var dei med best råd som stod for donasjonane. Dei lågaste summane kan vere ein indikasjon på at folk gav av det dei hadde til overs, om det så berre var snakk om eit par kroner. Samtidig viser dette òg eit sterkt ønske om å hjelpe, sidan fleire gav

pengar til skadelidne som dei aldri hadde møtt sjølv om dei kanskje hadde hatt bruk for pengane sjølve.

Loenmidlane

At retningslinjene etter Tafjordulykka vart brukt som mal for utdelinga av Loenmidlane er ikke overraskande. Med tanke på nærliken i tid mellom dei to ulykkene og alle fellestrekk dei hadde, ville det vore rart dersom Loenutvalet ikkje hadde nytt seg av desse.

Kritikken som kom i etterkant av utdelingane ser ikkje ut til å ha vore heilt rettvis. Ved å granske korrespondansar meiner eg å ha funne at mykje av kritikken var grunna på rykte og misforståingar. Til dømes var mange opprørte over at pengane som skulle gå til dei skadelidne etter ulykka vart brukt som garanti for rentene på eit lån. Slik dette har vorte framstilt i artiklar og lesarbrev i avisar kan det verke som om pengane vart gjeve til vegbygging. I realitetten vart ikkje dei omtalte midlane brukt. Dei vart seinare tilbakeført til Loenmidlane.

Sjølv om Loenutvalet ikkje fortjente all den kritikken som kom, er det nok rett å seie at dei bevega seg på grensa av kva pengane i utgangspunktet var meint til. Blant anna vart det i etterkant peika på at summen av det som kom inn ikkje ville vorte så stor dersom gjevarane hadde visst at pengane kom til å bli brukt på ting som elektrisitetsverk og veg. Dette trur eg stemmer, sjølv om eg meiner at også desse tiltaka var ei form for hjelp til dei som vart råka. I etterkant er det kanskje lettare å sjå at avgjerdene til Loenutvalet var til nytte for bygda enn det var mens debatten gjekk for fullt.

Kva rolle tok avisene?

Dei største avisene hadde ei svært grundig dekning av ulykka. Samanlikna med Lodalsulykka i 1905 var dekninga enorm. Grunnen til at avisene plutselig hadde så stort fokus på slike ulykker er sannsynligvis at samfunnsutviklinga gjorde det lettare å dekke slike saker og få dei raskt på trykk. I tillegg hadde nok journalistikken endra seg noko i åra mellom ulykkene. Dekninga av Lodalsulykka utvikla seg raskt til ei form for mediehending, der avisene konkurrerte med kvarandre om å ha den tettaste dekninga. Truleg var det sann at der ei avis byrja, måtte dei andre følgje opp for å halde på lesarane.

Avisene hadde eit stort fokus på innsamlingsaksjonane. Ein grunn var kanskje at dei ville halde opp interessa hos lesarane. I tillegg var dette med på setje den enkelte avis i eit godt lys, då ho kunne opplyse lesarane sine om kor mykje som hadde kome inn via nettopp deira innsamling. Det er også mogeleg at nokre av desse innsamlingsaksjonane kom i gang på grunn av at andre aviser byrja med det først.

I dagane etter ulykka snudde fokuset seg litt vekk frå sjølve ulykka og over til spørsmålet om bygdene skulle byggjast oppatt eller ikkje. Slik avisene presenterte dette kunne det verke som om det var stor kontrovers kring temaet, og at myndigheiter og skadelidne sto steilt mot kvarandre. Lokalt var ikkje det noko spesielt stor diskusjon kring dette. Dei aller fleste ønskte ikkje å flytte attende, og av dei i Ytre Nesdal som fortsatt hadde heimane sine intakt var det også stemning for å flytte vekk frå staden. Mykje av grunnen til det store fokuset frå avisene si side var truleg at dei på den måten kunne halde ulykka aktuell over ein lengre tidsperiode. Den store dekninga, samt dei store summane som kom inn via innsamlingsaksjonane viser at folk var opptatt av ulykka. Ved å stadig presentere nytt stoff, eller debattere eit betent emne, kunne avisene halde på fokuset til folk og dermed også oppretthalde salet av aviser.

Busetnad eller fråflytting?

Avklaringa kring vidare busetnad tok tid. For dei i Ytre Nesdal som fortsatt hadde bruka sine nokolunde i behald var denne prosessen vanskelig, då dei ikkje fekk utbetalt heile erstatningssummen før myndighetene hadde tatt ei avgjersle. Av den kritikken som kom, spesielt via media, kan det verke som om dette ikkje var eit prioritert tema. Kjelder eg har granska viser at Loenutvalet fekk greia ut fleire alternativ til tryggingstiltak, dersom folk skulle ønske å busetje seg i bygdene att. Likevel viste det seg at det var vanskelig å sikre Bødal og Nesdal mot nye rasulykker. Det kom aldri ei avgjersle som forbaud nokon å busetje på ulykkesstadane att. Pengane som vart haldne att for å hindre busetnad før ei eventuell avgjersle vart til slutt frigjevne. I strid med det inntrykket ein kunne få via avisene valde dei fleste å ikkje vende tilbake til dei gamle gardane sine. Dei fleste valde å busetje seg andre stadar i Stryn kommune, eller i nabokommunane.

Avslutning

Oppgåva har teke føre seg eit tema det tidlegare har vore forska lite på. Når det gjeld vidare forsking av ulykker som denne finst det fleire moglegheiter. Ei moglegheit kan vere å prøve å finne svar på kvifor naturkatastrofen fell utanom historia. Dette er ikkje noko som er unikt for

norsk historie. Eg har i innleiinga peikt på fleire historikarar og andre frå forskjellige land som alle viser til det same, nemleg at naturkatastrofar ikkje har vore eit interessant tema for historikarar.

Ei anna moglegheit er å setje fleire liknande hendingar inn i ein nasjonal samanheng, og undersøke langstidsverknadane av dei. Til dømes førte dei store ulykkene på slutten av 1800-talet og dei første tiåra av 1900-talet til at det vart ein større oppslutnad kring at det måtte setjast inn hjelpetiltak for dei råka. Eit mogleg forskingsfelt vil då vere dei prosessane som førte til at styresmaktene tok på seg eit større ansvar for slike hendingar.

Kjelde- og litteraturliste

Utrykte kjelder:

Offentlige arkiv:

Statsarkivet i Bergen:

A-390. Loenulykka 1936

A-391. Loenulykka 1936

A-392. Loenulykka 1936

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. X. Naturskader korrespondanser D3 1873 – 1899

Oslo Byarkiv:

Finansrådmannen, Loen-ulykken – bidrag til nødhjelp. Db/L0174/0003.

Nettsider:

DittOslo.no sine nettsider:

<http://www.dittoslo.no/kultur/dr-carl-christensen-pa-ljan-en-bemerkelsesverdig-mann-1.5852416> (03.11.2014)

Store norske leksikon sine nettsider:

<http://snl.no/Loenulykkene> (24.01.2014)

https://snl.no/Statens_Naturskadefond (17.09.2014)

Nrk Sogn og Fjordane sine nettsider:

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/fylkesleksikon/1770066.html
(15.09.2014)

Statens landbruksforvaltning sine nettsider:

<https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade/naturskader-gjennom-tidene?newscount=8#historikk-for-ordningen> (30.01.2014)

Trykte kjelder:

Aviser:

Aftenposten, januar 1905, september 1936 – november 1936.

Bergens Tidende, januar 1905, september 1936 – oktober 1936

Dagbladet, januar 1905, september 1936 – november 1936.

Firda, september 1936 – oktober 1936.

Firda Tidend, september 1936.

Fjordabladet: september 1936.

Fjordingen, september 1936 – oktober 1937.

Stavanger Aftenblad: januar 1905.

Sundmørsposten: januar 1905, september 1936 – november 1936.

Tidens Tegn: september 1936 – november 1936.

Verdens Gang: januar 1905.

Tidsskrifter:

Arkivmagasinet nr. 1. Oslo. 2012.

Historisk Tidsskrift nr. 72. Oslo. 1993

Norges Geotekniske institutt publikasjon nr. 67. Oslo. 1966.

Norges Geotekniske institutt publikasjon nr. 79. Oslo. 1968.

Andre trykte kjelder:

Helsedirektoratet 2009: *Når en av våre nærmeste dør*. Oslo. Andvord Grafisk.

Litteratur:

Aaland, Jacob 1932. *Nordfjord fraa gamle dagar til no, [Del] 2, Dei einiske bygder – Innvik – Stryn*. Nordfjordeid. Brødrene Totland,

Furseth, Astor 2006. *Skredulykker i Norge*. Oslo. Tun forlag.

Furseth, Astor 2009. *Dommedagsfjellet. Taffordulykka 75 år etter*. Oslo. Samlaget.

Furseth, Astor 2012. *Farlige bølger. Tsunami. Monsterbølger. Fjellskred. Syndfloden*. Bergen. Vigmostad Bjørke

Grimsrud, Stine 2013. *Retoriske vilkår i tv-aksjonen 2012*. Masteroppgåve. Kristiansand: Institutt for nordisk og medievitenskap, Universitetet i Agder.

Hjelle, Aud 1996. *Sjukehuset vårt. Fylkessjukehuset på Nordfjordeid gjennom 60 år.* Nordfjordeid. John Grieg AS

Kjeldstadli, Knut 2007. *Fortida er ikke hva den en gang var.* Oslo. Universitetsforlaget.
Nesdal, Sigurd 1983. *Lodalen – fager og fårleg.* Oslo. Norsk Folkeminnelags skrifter 125.

Reusch, Hans 1907. *Aarbog for 1907, Norges Geologiske Undersøgelse No 45.* Kristiania.
Aschehoug & CO.

Svendsen, Georg og Werswick, Knut 1961. *Fjellene dreper. Utsnitt av Norsk katastrofehistorie gjennom 300 år.* Oslo. Tiden Norsk Forlag.

Taksdal, Turid 1973. *Etnologisk feltarbeid i Loen sommaren 1973.* Institutt for folkelivsgransking, Universitetet i Oslo.